

*Skolen*  
*i*  
*Møre og Romsdal*  
*over 50 år*  
*frå*  
*1953 – 2003*

av  
**Elen Lein**



**Fylkesmannen i Møre og Romsdal**  
Oppvekst- og utdanningsavdelinga



# Forord 1

---

Tidlegare utdanningsdirektør Elen Lein har skreve oppsummering av utviklinga av skuleverket i Møre og Romsdal over ein 50-årsperiode.

Grunnlaget for dette arbeidet er årsmeldingar og ulike rapportar om det arbeidet som har vorte dreve.

Det er eit omfattande arbeid som her ligg føre.

I tillegg til å beskrive kva som har skjedd, har ho også gjort sine egne vurderingar.

Vi ser av framstillinga at det er gjort nokre strategiske grep som har vore viktige med tanke på utvikling av kvaliteten i skuleverket i eit fylke med så mange kommunar, bl.a. med organisering av gjennomgåande PP-teneste og utvikling av forpliktande nettverksarbeid mellom kommunane i fylket. Det er særleg interessant å lese om tilhøvet mellom sentral styring og regional styring og korleis dette har utvikla seg gjennom desse åra.

Det er også svært verdifullt og nyttig å ha eit slikt dokument som gir eit historisk perspektiv på arbeidet i fylket med tanke på strategiar og vegval vi gjer i dag og som får konsekvensar for framtida.

Eg vil takke Elen Lein for det arbeidet ho har gjort i von om at alle våre gode samarbeidspartar opp gjennom åra vil finne rapporten både nyttig og interessant.

Molde, januar 2010

Alv Walgermo

# Forord 2

---

I mi tid i Møre og Romsdal, som skoledirektør frå 1981 og seinare utdanningsdirektør frå 1992 til 2002, vart det kvart år utarbeidd årsmeldingar eller tilstandsrapportar for skoleverket i fylket. Min forgjengar i embetet, Anders Stølen, hadde midt på 1970-talet utarbeidd ei 20-årsmelding som femna om perioden frå skoledirektørembetet vart etablert i Møre og Romsdal i 1953. Og deretter var det utarbeidd årlege årsmeldingar.

Ved utarbeiding av dei årlege meldingane sakna eg at det var tid og krefter nok til å sjå dette stoffet i eit lengre tidsperspektiv. Som pensjonist har eg difor sysla litt med å tilfredsstillе behovet for å sjå utviklinga over tid. Med det materialet som låg føre var det mogeleg å sjå på utviklinga over ein 50-årsperiode frå 1953 til 2003.

I denne omgang har eg teke for meg utviklinga av skole/utdanningsadministrasjonen, skolestrukturen i fylket, spesialundervisning og pedagogisk-psykologisk teneste, forsøk, utviklingsarbeid og etterutdanning. Hovudvekta ligg på utviklinga av grunnskolen, og stoff om vidaregåande opplæring er i nokon grad teke med.

Eg vonar at det og for andre som arbeider med utdanning kan vere nyttig at det finst ei slik 50-årsmelding. Oversynet viser at det har vore ei enorm endring og utvikling på mange område i denne perioden. Skolegang ut over 7-årig folkeskole var sjeldan i 1953. 50 år seinare gjennomførte dei fleste 3-årig vidaregåande opplæring og ein høg prosentdel gjekk vidare i høgskolesystemet.

Eg takkar folk ved mitt gamle kontor for gjennomlesing og nyttige kommentarar. Dette gjeld serleg min etterfølgjar som utdanningsdirektør Alv Walgermo, og vidare assisterande direktør Kjell Saltnes, rådgjevarane Ole Arne Opstad og Liv Marie Opstad. Tone Malme har vore til stor hjelp med data og lay-out. Min mann, Ingar Aas, har vore ein god diskusjonspartner undervegs, og fortener takk for nyttige råd.

Molde, januar 2010

Elen Lein

Elen Lein  
Sollivegen 114  
6414 Molde  
E-post: lein.aas@online.no

# Innhold

---

Forord 1 .....	3
Forord 2 .....	4
<b>Kap. 1 Utdanningsadministrasjonen .....</b>	<b>9</b>
<b>1.1 Statleg skoleadministrasjon</b>	
<b>Møre og Romsdal skoledirektørembete 1953-1992,</b>	
<b>Statens utdanningskontor 1992-2002,</b>	
<b>Fylkesmannen 2003-04 og</b>	
<b>Møre og Romsdal fylke 2004.....</b>	<b>9</b>
1.1.1 Skiping av embetet. Oversyn over vidare utvikling.....	9
1.1.2 Oversyn over stillingar ved kontoret .....	10
1.1.3 Administrativ tilknytning og tenesterelasjonar .....	12
• Sentral tilknytning.....	12
• Regionalt samarbeid .....	13
• Samarbeid med kommunane .....	14
1.1.4 Ansvars- og saksområde.....	15
• Skoleslag .....	15
• Arbeidsoppgåver i grunnskolen.....	16
• Arbeidsoppgåver i barnehage, vidaregåande opplæring	
og andre skoleslag .....	18
• Arbeidsmengd .....	18
• Tilsynsarbeid og reiseverksemd – etterutdanning og	
leiaropplæring .....	19
• Utgreiings-, planleggings- og utviklingsarbeid .....	20
1.1.5 Oversyn over utvikling av statleg utdanningsadministrasjon	
sentralt og regionalt.....	22
• Ressursbruk i form av årsverk kvart tiande år frå 1953 til	
2001 .....	22
<b>1.2 Fylkeskommunar og kommunar .....</b>	<b>26</b>
1.2.1 Innleiing.....	26
1.2.2 Fylkeskommunal forvaltning.....	26
1.2.3 Kommunal forvaltning.....	27
1.2.4 Utdanningsadministrasjonen i fylkeskommunen og kommunane	
i Møre og Romsdal.....	27
• Fylkeskommunen.....	27
• Kommunane i fylket.....	29
<b>1.3 Oppsummering og eigne refleksjonar .....</b>	<b>31</b>

<b>Kap. 2 Skolestruktur og ressursutvikling .....</b>	<b>35</b>
<b>2.1 Kretsordning i folkeskolen og barneskolen .....</b>	<b>35</b>
<b>2.2 Innføring av 9-årig skole .....</b>	<b>37</b>
2.2.1 Juridisk grunnlag .....	37
2.2.2 Organiseringsprinsipp for ungdomssteget.....	37
<b>2.3 Skolestruktur og ressursutvikling dei siste 30 åra i grunnskolen.....</b>	<b>39</b>
2.3.1 Skolestruktur .....	39
• Nedlegging av skolar / kommentarar til tabellen .....	40
• Oppsummering av strukturendringar.....	41
2.3.2 Utvikling i ressursbruk .....	41
<b>2.4 Skolestruktur og ressursutvikling i vidaregåande opplæring .....</b>	<b>44</b>
2.4.1 Opplæring i fylket på 50-talet .....	45
2.4.2 Situasjonen på 60- og 70-talet .....	45
2.4.3 Perioden 1980 - 2004.....	48
2.4.4 Elevplassar og kapasitet i høve årskullet .....	51
<b>2.5 Oppsummering for heile 50-årsperioden.....</b>	<b>52</b>
2.5.1 Grunnskole.....	52
2.5.2 Vidaregåande opplæring .....	53
<b>Kap. 3 Spesialundervisning – elevar og ressursar .....</b>	<b>55</b>
<b>3.1 Hjelpetiltak og spesialundervisning i perioden 1953-1973.....</b>	<b>55</b>
3.1.1 Hjelpe- og støttetiltak.....	55
3.1.2 Timar etter særskilt vurdering (B-timar).....	56
3.1.3 Spesialskolar .....	57
3.1.4 Pedagogisk-psykologisk teneste .....	58
<b>3.2 Spesialundervisning i perioden 1974 til 1984.....</b>	<b>58</b>
3.2.1 Endring i viktige faktorar.....	58
3.2.2 Ressursutviklinga i grunnskolen.....	59
3.2.3 Eksempel på situasjonen i vanleg skole i 1983/84 .....	60
<b>3.3 Spesialundervisning i perioden 1985 til midten av 1990-talet (1993-94) .....</b>	<b>61</b>
3.3.1 Endring i viktige faktorar.....	61
3.3.2 Ressursutviklinga i grunnskolen.....	61
3.3.3 Situasjonen for spesialundervisninga .....	63
3.3.4 Undervisning ved spesialskolar og institusjonsskolar .....	63
3.3.5 Interkommunale tenester.....	64

3.3.6	Lovendringar – rett til spesialundervisning m.m. ....	65
3.3.7	Pedagogisk psykologisk teneste .....	65
<b>3.4</b>	<b>Perioden frå midten av 1990-talet (1993-94) til 2003 .....</b>	<b>66</b>
3.4.1	Endring i viktige faktorar .....	66
3.4.2	Ressursutviklinga i grunnskolen .....	66
3.4.3	Situasjonen i spesialundervisninga .....	67
3.4.4	Utviklingsarbeid på spesialundervisningsområdet.....	69
<b>3.5</b>	<b>Oppsummering av 50-årsperioden.....</b>	<b>70</b>
<b>Kap. 4</b>	<b>Pedagogisk psykologiske tenester .....</b>	<b>72</b>
<b>4.1</b>	<b>Oppstartingsperioden frå midten av 1950-talet til midt på 1970-talet .....</b>	<b>72</b>
<b>4.2</b>	<b>PP-tenesta i perioden 1974 til 1984 .....</b>	<b>73</b>
<b>4.3</b>	<b>PP-tenesta frå 1985 til 1992/93.....</b>	<b>77</b>
4.3.1	Interkommunale andrelinetenester .....	81
<b>4.4</b>	<b>PP-tenesta i 10-årsperioden frå 1993 til 2002 .....</b>	<b>83</b>
4.4.1	Utviklingsprogram for perioden 1993-96 .....	83
4.4.2	Kompetansehevingsprogrammet Samtak .....	86
<b>4.5</b>	<b>Oppsummering for 50-årsperioden .....</b>	<b>89</b>
4.5.1	Refleksjonar over utviklinga .....	91
<b>Kap. 5</b>	<b>Forsøks- og utviklingsarbeid og etterutdanning .....</b>	<b>94</b>
<b>5.1</b>	<b>Innføring av 9-årig skole .....</b>	<b>94</b>
5.1.1	Dei første forsøksskolane.....	94
5.1.2	Utbygging til 9-årig skole i fylket .....	94
5.1.3	Grisgrendtprosjekt .....	95
5.1.4	Karakterstatistikk .....	95
<b>5.2</b>	<b>Utbygging av pedagogisk rettleiingsteneste. Etterutdanning .....</b>	<b>96</b>
5.2.1	Mønsterplanen av 1974.....	96
5.2.2	Den 38. skoleveka.....	97
5.2.3	Mønsterplanen av 1987.....	98
5.2.4	Læreplanen av 1997 .....	99

<b>5.3</b>	<b>Leiaropplæring.....</b>	<b>99</b>
5.3.1	Leiaropplæring på 1970-talet .....	99
5.3.2	Miljø og leing i skolen (MOLIS) 1980-87.....	100
5.3.3	Leing i skolen (LIS) 1987-1992.....	101
5.3.4	Leiingsutvikling i skolen (LUIS) 1992-97 .....	103
5.3.5	Skoleleing mot år 2000.....	104
5.3.6	Kombinasjonsprogrammet LUIS / SAMTAK.....	105
5.3.7	Internasjonal kontakt .....	106
<b>5.4</b>	<b>Pedagogisk utviklingsarbeid .....</b>	<b>107</b>
5.4.1	Milepelar.....	107
5.4.2	Forsøk og utvikling på 1970-talet .....	107
5.4.3	Lokalt utviklingsarbeid på 1980-talet .....	108
	• Midlar til lokalstyrt utviklingsarbeid .....	108
	• M87 - Etterutdanningstiltak .....	109
	• Kommunale handlingsplanar - Skolevurdering.....	109
	• Tverrfagleg verdiprojekt.....	110
5.4.4	Nye signal på 1990-talet – Felles læreplan og lovverk for grunnskole og vidaregåande opplæring .....	111
	• Resultatoppfølging .....	111
	• Differensieringsprosjekt i vidaregåande skole .....	112
	• 6-åringane inn i skolen. Skolefritidsordning.....	112
	• Mobbing i skolen 1994-96 .....	113
	• Reform 97. Kompetanseutvikling .....	113
	• Pilotprosjekt i datateknologi .....	114
	• Kulturdimensjonen i skolen - styrking.....	115
	• Skolemekling 1999-2001.....	115
5.4.5	Kvalitetsfokus frå år 2000.....	115
	• Kvalitetsutviklingsprosjektet .....	115
	• Verdier i skolekvardagen 2002- 2004.....	116
	• Forsøk med avvik frå opplæringslova § 1.4 .....	116
	• Kvalitetsutval.....	116
	• Bonus- og demonstrasjonsskolar .....	117
	• Tilsyn for å vurdere kvalitet .....	117
<b>5.5</b>	<b>Oppsummering og eigne refleksjonar .....</b>	<b>117</b>
	<b>Litteraturlistingar .....</b>	<b>120</b>
	Vedlegg 1: Tilsette ved det statlege regionale kontoret i 50-årsperioden .....	125
	Vedlegg 2: Pedagogisk personale ved skolestyrekontora pr. 01.09.1981 .....	129
	Vedlegg 3: Tilsette ved dei kommunale skolekontora i stillingar det ikkje er statstilskott til .....	131
	Vedlegg 4: Elen Lein: Om ledelse i europeiske skoler.....	133



# Kap. 1 Utdanningsadministrasjonen

---

## 1.1 Statleg skoleadministrasjon

- **Møre og Romsdal skoledirektørembete 1953-1992,**
- **Statens utdanningskontor 1992-2002,**
- **Fylkesmannen 2003-04 og**
- **Møre og Romsdal fylke 2004**

### 1.1.1 Skiping av embetet. Oversyn over vidare utvikling

Inntil 1953 var Møre og Romsdal fylke delt mellom to skoledirektørembete. Nordmøre og Romsdal sokna til Nidaros og Sunnmøre til Bjørgvin. Særleg med tanke på dei skolereformene som var i kjømda, varsla ved Samordningsnemnda sine innstillingar og Lov om forsøk i skolen som blei vedtatt i 1954, vart det etter kvart etablert skoledirektørembete i kvart fylke. Møre og Romsdal var av dei store fylka, og Stortinget gjorde vedtak om eige kontor for Møre og Romsdal frå 1. juli 1953.

Frå 1953 til 1964 hadde skoledirektøren sitt eige embetskontor. Men frå og med 1965 og ut 1970 var det ei mellombels ordning med sams kontor for skoledirektøren og fylkesskolestyret under skoledirektøren si leiing. Kontoret var i denne perioden fylkeskommunalt med 66 2/3 % statstilskott til kontorhald, lønns- og pensjonsutgifter. Funksjonærane blei såleis fylket sine tenestemenn. Berre skoledirektøren blei som embetsmann utnemnd og lønna av staten. Frå 1. januar 1971 blei kontoret delt att, slik at skoledirektøren på ny fekk sitt eige kontor, eit reint statskontor eller ytre departementskontor. Frå same dato blei det etablert eigen fylkesskoleadministrasjon, og tilsett fylkesskolesjef som skulle leie det fråskilde fylkesskolekontoret.

Frå og med året 1971 til 31. juli 1992 var kontoret igjen skoledirektørembete som eit reint statleg kontor. Ved ei omorganisering der kontoret skulle få eit utvida statleg ansvar i høve til vidaregåande opplæring og høgre utdanning, blei Statens utdanningskontor skipa frå 1. august 1992. Skoledirektørtittelen blei no endra til utdanningsdirektør, og direktøren blei tilsett av departementet, var ikkje lenger embetsmann. Denne ordninga held fram i vel ti år, ut 2002. Frå og med 2003 blei kontoret integrert i fylkesmannsambetet, men utdanningsdirektøren skulle framleis tilsetjast av Utdannings- og forskingsdepartementet. Nokre av det tilsette kontorpersonellet blei då overført til fylkesmannens felleseiningar for arkiv/IT/personal/økonomi medan dei gjenverande fagstillingane held fram som "Utdanningsavdeling" i fylkesmannsambetet. Etter ei kortare overgangsordning vart tilsette også i denne avdelinga løna over Moderniseringsdepartementet sitt budsjett og vart tilsett av

fylkesmannen sitt tilsettingsråd (som øvrige tilsette hos fylkesmannen). Berre utdanningsdirektøren skal tilsetjast av departementet.

I Møre og Romsdal er det frå 2004 innført ei forsøksordning med såkalla einskapsfylke. Forsøket inneber at tilsette i fylkeskommunen og hos fylkesmannen (med unntak av fylkesmannen og ass. fylkesmann) vert slått saman til ei felles eining under leiing av ein fylkesdirektør - og som fylkesdirektør valde prosjektleiinga (Kommunal- og regionaldepartementet) fylkeskommunens fylkesrådmann. Under omorganiseringsprosessen beslutta fylkesdirektøren å slå saman den fylkeskommunale og den statlege utdanningsavdelinga til ei avdeling samt å tilsette den fylkeskommunale utdanningsleiaren som leiar for fellesavdelinga. Den statlege utdanningsdirektøren, tilsett av departementet, er i denne ordninga i praksis underlagt leiaren av fylkeskommunen si utdanningsavdeling - no med tittelen av fylkesutdanningsdirektør. Fylkesmannsembetet skal i denne prøveperioden halde fram som m.a. klage- og tilsynsorgan og skal kunne nytte seg av fagpersonell i einskapsfylket. Som følgje av samanslåinga er fagmiljøet i den tidlegare statlege utdanningsavdelinga blitt inhabilisert i saker om vidaregåande opplæring - i og med at dei no er underlagt/samanslått med skoleeigar-funksjonane. Arbeidet med klage og tilsyn med vidaregåande opplæring er difor skilt ut frå utdanningsavdelinga og overført til "Kommunal- og beredskapsavdelinga". Då denne avdelinga har juridisk kompetanse, men manglar pedagogisk kompetanse og røynsle, har ein måttet gå til Fylkesmannen i Sør-Trøndelag for å kjøpe tenester.

Prøveperioden er 4 år med høve til forlenging i ytterlegare 2 år.

Frå hausten 1992 til våren 1999 var sekretariat for Styret for Statlege landsdekkande spesialpedagogiske kompetansesentra (SSLK) lagt til Statens utdanningskontor i Møre og Romsdal. Denne spesialordninga var fastsett av departementet, og utdanningsdirektør Elen Lein var i denne perioden også leiar av sekretariatet med 4 til 6 tilsette.

Kontorlokala har sidan februar 1972 vore på tre ulike stader i fylkeshusa i Molde. Frå oppstarten i 1953 til mai 1962 var kontoret mellombels plassert i Parkvegen 3 i Ålesund, noko som hadde samanheng med at skoledirektør Kristian Langlo budde i Ålesund. Då skoledirektør Anders Stølen starta arbeidet i 1962, blei embetet, i samsvar med stortingsvedtaket ved skipinga av embetet, flytta til Molde og fekk adresse Storgata 15.

### **1.1.2 Oversyn over stillingar ved kontoret**

Tabellen nedanfor gir eit oversyn over korleis utviklinga har vore når det gjeld tal og kategoriar på personalet i dei siste 50 åra.

**Tabell 1.1:**

**Personalet i statleg skoleadministrasjon i Møre og Romsdal**

Namn	Periode	Leiar	Mellom-leiar	Saks-handsamar	Kontor/merkantilt	Sum
Skoledirektørembetet	1953-61	1		1	1	3
	1962-64	1		2	2	5
Felleskontoret (1)	1965-70	1 + 1	1	2	2 + 1	8
Skoledirektørembetet	1971	1		3	3	7
	1972-73	1		4	3	8
	1974-75	1		6	3 ½	10 ½
	1975-81	1		7	3 ½	11 ½
	1982-89	1		8	3 ½	12 ½
	1989-90	1		6 ½	3	10 ½
	1990-92	1		7	2 ½	10 ½
Statens utdanningskontor + sekretariat for SSLSK	1992-95	1	1	9 + 3	2 ½ + 2	13 ½ + 5
	1996-98	1	1	9 + 4-6	2 ½ + 2	13 ½ + 6-8
Statens utdanningskontor	1999-2002	1	1	9	2 ½	13 ½
Fylkesmannen si utdanningsavdeling	2003	1	1	9	1 ½	12 ½

(1) I felleskontoret for skoledirektøren og fylkesskolestyret var formannen for fylkesskolestyret, Pål Myklebust, i full stilling. Odd Kvilekval var dessutan tilsett som kontorsjef, og blei frå 1971 fylkesskolesjef.

Tabell 1.1 viser det totale talet på tilsette på kontoret. Det inkluderer både tilsette i faste stillingsheimlar, engasjerte på ulike prosjekttiltak, og tilsette over midlar frå arbeidsmarknadsetaten. Frå 1974 og ut perioden er ½ stilling finansiert over trygdemidlar. I perioden 1989 til 1992 då det var innstramming i heimlar var det og finansiert praktikantar på kontorsida frå arbeidsmarknadsetaten. Dei siste 25 åra har det nokså jamleg vore ei, kanskje to engasjementsstillingar ved kontoret.

Frå 1992 er det spesielt for kontoret i Møre og Romsdal at det var tillagt sekretariatsansvaret for eit styre som hadde ansvar på landsbasis for spesialpedagogiske kompetansesentra. Oppgåvene i denne samanheng blei elles utvida etter kvart t.d. i samband med at det under styret for sentra i 1996 blei etablert eit understyre for hørselssentra. Frå og med 1999 blei sekretariatet skilt ut som eiga eining med eigen direktør. Frå og med 2004 er denne eininga ein del av Utdanningsdirektoratet, men med utvida oppgåver, og ligg framleis i Molde.

Ser ein på utviklinga av staben ved skoledirektørembetet finn vi den største auken frå 1953 til 1975. Dette har samanheng med utbygging av ungdomssteget i grunnskolen, innføring av grunnskolelov og Mønsterplan av 1974. Frå 1981 fekk kontoret ein ny stillingsheimel fordi Møre og Romsdal var eit stort og tungvint fylke å administrere. På slutten av 80-talet blei det ein innstramming i budsjetta til alle skoledirektørembeta. Frå etableringa av Statens utdanningskontor er det ein viss auke, men vidare er bemanninga nokså konstant den neste tiårsperioden. Dette er mykje takka

vere ulike prosjekttiltak som nokså årleg i denne perioden har finansiert eit par stillingar. Talet på stillingsheimlar har dei siste 25 til 30 åra vore nokså konstant på 11-12 heimlar.

Frå 1992 til 1994 var sekretariatet for høgskolestyret plassert under utdanningskontoret med 4 stillingar. Desse er ikkje tatt med i oversynet fordi det gjekk over så kort tid og var ei klår mellombels ordning.

Som vedlegg til kapittel 1 følgjer eit oversyn over 50-årsperioden med namn på dei tilsette.

### **1.1.3 Administrativ tilknyting og tenesterelasjonar**

#### **Sentral tilknyting**

Skoledirektørkontoret var gjennom heile perioden frå 1953 til 1992 eit ytre departementskontor. Inntil Kyrkje- og undervisningsdepartementet blei omorganisert i 1962 sorterte embetet administrativt under Folkeskolekontoret i Avdeling for allmenn-utdanning. Vidare hadde det administrativ tilknyting til Budsjett- og tilskottskontoret i Administrasjons- og økonomiavdelinga til ut på 70-talet. Den administrative tilknytinga gjekk så over til Grunnskolekontoret i Allmennskoleavdelinga, ut på 80-talet Grunnskoleavdelinga, og var plassert der til overgangen til statens utdanningskontor i 1992.

Statens utdanningskontor var frå starten knytt opp mot departementsråden. Han leia ei koordineringsgruppe med representant frå alle avdelingane i departementet og med ein utdanningsdirektør. Sekretæren for gruppa sorterte først under departementsråden og seinare under Administrasjonsavdelinga. Ved ei omorganisering frå år 2000 blei kontoret lagt under Seksjon for etatstyring i Vaksenopplæringsavdelinga. Frå 15. juni 2004 blei utdanningsavdelingane hos fylkesmannen underlagt Utdanningsdirektoratet.

Frå 1992 skulle sakene gå til dei respektive fagavdelingane etter kva fagleg innhald det dreidde seg om. På utdanningsdirektørmøta stilte dei ulike avdelingane og orienterte om, og fekk respons på sine saker. Politisk leiing hadde på dei fleste møta sin time der dei orienterte og innhenta opplysningar om kva som rørte seg av spørsmål i kommunane og fylka. Fleire statsrådar kalla utdanningskontora for *lyttepostar*.

Frå 1965 til 1970 administrerte skoledirektøren, som leiar av felleskontoret, også dei vidaregåande skolane. Då hadde kontoret når det gjaldt arbeidsområde, tilknyting både til Allmennskoleavdelinga og til Yrkesskoleavdelinga.

Storparten av saksmengda mellom skoledirektøren og departementet gjekk elles over Folkeskolekontoret og frå juli 1971 over Grunnskolekontoret. Ein god del saker gjekk også over Kontoret for spesialskolar og Kontoret for lærarutdanning, som også

sorterte under Allmennskoleavdelinga, og Kontoret for bygg- og læremiddel i Økonomi- og administrasjonsavdelinga.

Under planlegging og innføring av 9-årig skole gjekk storparten av den omfattande saksmengda over Forsøksrådet for skoleverket. Frå 1. juli 1971 overtok Grunnskolerådet denne funksjonen, sett bort frå saker som gjaldt eigentlege forsøk etter Lov om forsøk i skolen. Særleg sterkt kom Grunnskolerådet inn når det gjaldt standpunktprøver og eksamen.

## **Regionalt samarbeid**

Før 1. juli 1971 da Lov om grunnskolen blei gjennomført, hadde skoledirektøren etter lova rett til å møte på fylkestinget og seie si meining om skolesaker som var føre der. Frå nemnde dato fall dette bort, m.a. på grunn av at fylket ikkje lenger skulle ha ansvar for grunnskolen, sett bort frå ei overgangsordning når det gjaldt tilskott til skolebygg. Som ei personleg ordning fekk likevel skoledirektør Anders Stølen innbyding til å møte på fylkestinget når saker som gjaldt utbygging av skoleverket låg føre.

Skoledirektøren har alltid hatt eit nært samarbeid med fylkeskolestyret og har i følgje grunnskolelova hatt rett til å vere til stades og seie si meining der. Dette har vore slik heilt fram til opplæringslova\*, blei gjort gjeldande i 1999.

\* Lov 17. juli 1998 nr 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa

Med fylkesmannen har det også vore samarbeid m.a. om planar for utbygging av skoleverket i fylket og når det gjaldt kommunestyresaker om skolespørsmål. På 80- og 90-talet har det vore samarbeid om nokre tverretatte utviklingsprosjekt og den siste femårsperioden om lovlegkontroll. Frå 1989 til 1991 deltok dessutan Møre og Romsdal i eit samordningsforsøk mellom Fylkesmannen, Fylkeslegen og Skoledirektøren.

Vidare har det på einsskilte saksområde vore etablert samarbeid mellom skoledirektøren og fleire andre etatar både statlege og fylkeskommunale:

- Fylkestrafikksjefen/Samferdselsavdelinga om skoleskyss
- Landbruksselskapet/avdelinga om tomtespørsmål og planlegging av utandørsområde ved skolane
- Vegkontoret/vegsjefen om trafikktryggleik
- Utbyggingsavdelinga om lokalisering av skoleanlegg
- Fylkesskattesjefen om arealtilskott til skolebygg
- Fylkesarbeidskontoret om yrkesrettleiing
- Fylkeskulturavdelinga om kroppsøvingslokale med idrettskonsulenten, og om skole- og kulturspørsmål m.a. den siste ti-årsperioden om L 97 og om Den kulturelle skolesekken.
- Med biskopen om kristendomskunnskap, konfirmantførebuing og seinare etter L97 om KRL-faget. Dette var med biskopen i Nidaros og Bjørgvin fram til etablering av Møre bispedømme i 1983.

- Med høgskolesystemet om etterutdanning av lærarar o.a. Dette har i hovudsak vore Volda Lærarskole/lærarhøgskole, Møre og Romsdal distriktshøgskolestyre og frå 1994 Høgskulen i Volda, Høgskolen i Ålesund og Høgskolen i Molde. Det har og vore samarbeid med Møreforskning.

## **Samarbeid med kommunane**

I 1953 var det 68 kommunar i fylket. I 1960 var talet redusert til 64 ved at Brattvær, Edøy og Hopen gjekk saman til Smøla kommune, og Øksendal og Ålvundeid gjekk inn i Sunndal kommune.

Under den store kommunereguleringa i 1964 blei talet på kommunar redusert til 36, og etter at Borgund blei slått saman med Ålesund var det frå 1968 35 kommunar i Møre og Romsdal. I 1977 skilde Sula seg ut frå Ålesund, og same året gjekk Stordal og Skodje ut frå Ørskog. Sidan 01.01.1977 har det vore 38 kommunar i fylket, dvs. stabilitet i ca 30 år. Kommunetalet i Møre og Romsdal er likevel no på veg ned og kommunane Kristiansund/Frei og Aure/Tustna er samanslegne. Også andre kommunar i fylket har etter år 2000 vore inne i prosessar som kan ende opp i samanslåingar.

I dei første ti åra var skoleadministrasjonen lite utbygd, men talet på kommunar utan skoleinspektør minka frå 51 i 1953 til 14 i 1961. I mange kommunar måtte skolestyreformannen såleis utføre både administrasjonsarbeid og kontorarbeid. Dei fleste stader var det i førstninga inga godtgjering for dette arbeidet.

Særleg når det skulle utarbeidast planar for 9-årig skole, måtte skoledirektøren kome sterkt inn med rådgiving og jamvel i mange kommunar skissere planar for organisering av 9-årig skole. Slike saker tok gjerne lang tid, opp til 10 år, og gjekk gjerne att og fram mellom kommunen, skoledirektøren, Forsøksrådet og Kyrkje- og undervisningsdepartementet.

Frå 1964 blei det skoleinspektør, eller frå 1971 skolesjef i kvar kommune, og etter kvart fekk dei kontorhjelp. Samarbeidet kom med dette inn i andre former, m. a. med faste skolesjefsamlingar for heile fylket eller for delar av fylket. Særleg i skolebygg-saker var det i den viktige utbyggingsperioden for 9-årig skole nær kontakt mellom skoledirektøren og kommuneadministrasjonen.

Dette samarbeidet med kommunane heldt seg stabilt både på 70-, 80- og 90-talet, men tematisk varierte det med kva som var satsingsområde til ei kvar tid. Som eksempel kan nemnast: Mønsterplaninnføringa i 1974, Mønsterplanrevisjonen i 1987 og Læreplan 1997, spesialundervisning, lokalt utviklingsarbeid, leiarskolering og -utvikling, vaksenopplæring. I samband med leiarutviklingsprosjekt og andre etterutdanningstiltak blei det frå kontoret si side på slutten av 80-talet initiert ein nettverksstruktur mellom kommunane. I eit fylke med mange kommunar og komplisert geografi gjorde nettverksarbeidet det muleg å gjennomføre etterutdanning, som kontoret med avgrensa kapasitet ikkje kunne ha fått til åleine. På 90-talet kom også fylkeskommunen med vidaregåande opplæring inn i dette nettverket. Nyttig kompe-

tanse blei bygd opp hos ressurspersonar i kommunane, på same tid som dette var ei økonomisk effektiv løysing sett både frå stat, fylkeskommune og kommune.

Lovendringar på 90-talet, både i kommunelov og ved lovendring frå grunnskolelov og lov om vidaregåande opplæring til opplæringslov, førte etter kvart til endringar i kommunane sin administrasjon generelt og på skolesektoren spesielt. Dette slo for alvor inn rundt tusenårsskiftet og gjorde at det ikkje lenger var nokon skoleadministrasjon i alle kommunar og at t.d. skolesjefstillingar blei nedlagt i ein del av kommunane, men det skulle vere ein person med skolefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen. Staten sine oppgåver i høve til kommunane endra seg også slik at tilsynsaspektet kom meir i fokus.

Lowverket blei meir prega av at individet skulle ha rett på opplæringstiltak. Dermed kom retten til å klage på tiltak sterkare inn, og staten fekk mykje arbeid med klagehandsaming. Det største omfanget hadde klage på spesialundervisning, skoleskyss og karakterar. Oppfølgings- eller tilsynsbesøk i kommunane, der ein møtte ordførar, rådmann, skolesjef og gjennomførde skolebesøk, fekk og eit stort omfang frå midt på 90-talet. Under desse tilsyna blei det stimulert til utviklingsarbeid, noko kontoret på grunnlag av søknader fordelte ein god del midlar til i den siste 20-årsperioden.

#### **1.1.4 Ansvars- og saksområde**

##### **Skoleslag**

I tida frå 1953 til 1964 administrerte skoledirektøren folke- og framhaldsskolen. Under fellesadministrasjonen frå 1965 til 1970 kom også dei vidaregåande skolane under skoledirektøren si administrative leiing, unntatt realskolen. I denne tida blei det bygd opp ein fylkeskommunal skoleadministrasjon og arbeidd ut omfattande langtidsplanar for vidaregåande skolar, den første i 1957, den andre i 1970.

Spørsmålet om distriktshøgskole i Møre og Romsdal blei også utgreidd. Skoledirektørkontoret samla det naudsynlege materialet, utførde sekretærarbeidet og skoledirektør Stølen skreiv tilrådinga som Interimsutvalet la fram i 1968.

Frå 1971 blei skoledirektøren sitt ansvarsområde avgrensa til grunnskolen, likevel slik at *han skal ha samarbeid med fylkesskolestyret om utbyggingsplanar for skoleverket i fylket*, (Lov om grunnskolen § 3, p. 3). Når det gjaldt samarbeidet med fylkesskolestyret, fall det naturleg at skoledirektøren i særleg mon hadde for auge samordninga mellom grunnskolen og dei vidaregåande skolane, med sikte på å medverke til varierte og laglege utdanningstilbod for alle elevar som gjekk ut av grunnskolen.

Tilhøvet til fylkesskolestyret fungerte stort sett på denne måten fram til etablering av Statens utdanningskontor i august 1992. Då fekk dette kontoret om lag tilsvarande ansvar for vidaregåande opplæring som for grunnskolen. I ein periode på to år frå 1992 til 1994 var og sekretariatet for høgskolestyret lagt til kontoret. På 90-talet var og kontoret involvert i utgreiing av desentralisert høgskoletilbod på Nordmøre.

Ansvar for opplæring av vaksne har og vore tillagt kontoret i høve til dei skoleslaga kontoret til ei kvar tid har hatt ansvar for. Dette har dels vore tilskottsordningar, dels pedagogisk utviklingsarbeid og dels tilsyn med vaksenopplæringa.

I perioden med Statens utdanningskontor var det fram til og med 1998 ei særskild ordning med at departementet delegerte ut ansvaret for enkelte landsdekkande oppgåver. Møre og Romsdal var av dei kontora som fekk dei mest omfattande oppgåver lagt ut. Det gjaldt sekretariatsansvaret for styret for spesialpedagogiske kompetansesentra, seinare gjaldt det tilskottsordning for lærlingar med særskilde behov. Kontoret hadde og ansvaret for eit landsdekkande vaksenopplæringsprosjekt.

### **Arbeidsoppgåver i grunnskolen**

I heile den 50-årsperioden som vi omtalar her, har det vore gjennomført ei omfattande desentralisering av oppgåver frå departementet til skoledirektøren og seinare statens utdanningskontor. Etter at ansvaret ein periode har vore på regionalt statleg hald, har gjerne neste fase innebore desentralisering til kommune- og av og til seinare til skolenivå. Dette førte f.eks. til ein monaleg auke i arbeidsmengd og avgjerdsmynde for skoledirektøren da Lov om grunnskolen blei sett i verk i 1971.

Tradisjonelt hadde skoledirektøren følgjande tre hovudoppgåver: godkjenningsmynde, kontrollansvar og rådgjevingsfunksjon. Over tid har oppgåvene innan godkjenning minka etter kvart som kommunane har fått meir ansvar. Kontrollansvaret har og endra seg i retning av tilsyn, medan rådgjevingsfunksjonen, som og inneber ansvar for etterutdanning og stimulering til utviklingsarbeid, har auka.

Skoledirektøren hadde frå etableringa av embetet i 1860 gitt hjelp og rettleiing til kommunale styresmakter når det gjaldt utbygging av skolen, til dømes planlegging av skolebygg. Dette fekk likevel eit mykje større omfang ved iverksetting av Lov om forsøk i skolen i 1954 og ved Lov om folkeskolen i 1959 og Lov om grunnskolen i 1969.

I 1955 medverka skoledirektøren til at to av dei tre første forsøksordna ungdomsskolane blei lagde til Møre og Romsdal. Det var likevel først etter lovendringa i 1959 at planlegginga av 9-årig skole for alvor kom i gang i fylket. I 60-åra var skoledirektøren i stor mon opptatt av å utarbeide planar for 9-årig skole i kommunane, eller ta standpunkt til slike planar som var utarbeidde lokalt, og å fremme søknader til departementet om innføring av 9-årig skole i kommunane. Ved bygging av ungdomsskolar var det statstilskott fram til 1980, og skoledirektøren hadde prioriteringsoppgåva både for statstilskott og lån i kommunalbanken. Ut over 80-talet minka skolebyggaktiviteten og skoledirektøren sitt godkjenningsansvar gjekk ut av lova i 1985, men rettleiingsansvaret og oppfølging av skolebygginga tok seg opp igjen på 90-talet i samband med innføring av skoleplikt for 6-åringar og med den tilskottsordninga som da blei innført.

Arbeidet med hjelpeundervisning og seinare spesialundervisning har på ulike måtar prega heile 50-årsperioden. Dei første 20 åra av perioden gjaldt det tilrettelegging av



tiltak på heimstaden med oppstart av pedagogisk psykologisk teneste og utbygging av spesialskolane. Frå 1976 då spesialscolelova blei oppheva og tilpassa opplæring kom inn i grunnskolelova, blei det ein planleggingsfase for å få fram fylkesplan for spesialpedagogiske tiltak. Det kom ein revisjonsfase for dette planverket på midten av 80-talet ved innføring av nytt inntektssystem for kommunane frå 1986. Deretter kom det i 1992 nytt krav om fylkesplan for spesialpedagogiske tiltak og planar i kommunane. No gjaldt det inkludering i størst muleg grad av elevar med særskilte behov, og det siste tiåret har vore prega av utviklingsarbeid der PP-tenesta har vore sterkt involvert.

Eit tydeleg eksempel på at ansvarstilhøva har endra seg er: I første fase tilrådde skoledirektøren godkjenning av timefordeling til kommunane og departementet godkjente og utbetalte tilskott. I neste fase hadde skoledirektøren heile godkjenningsansvaret og med kvart tilskottsansvar. I tredje fase fekk kommunane heile det økonomiske ansvaret (1986) og da får skoledirektøren etter kvart eit oppfølgingsansvar for å sikre kvantitet og kvalitet på opplæringa gjennom eit lovverk som er rettsorientert. For spesialundervisning blir det t.d. på 90-talet eit stort klageomfang.

Tildeling av adjunkt- og lektorkompetanse som først låg ved universiteta, blei overført til Kyrkje- og undervisningsdepartementet, og på tidleg 70-tal for det meste delegert til skoledirektøren saman med ansvar for tildeling av opprykk og fastsetting av tenesteansiennitet. På 90-talet blei dette ansvaret etter kvart overført til kommunane, men utdanning frå utlandet skulle framleis om Statens utdanningskontor. Etter opplæringslova (§ 10-1) blir det frå 1999 kommunen og fylkeskommunen som fastset kompetanse, medan utdanningskontoret skal stå til teneste med rettleiing og informasjon.

Frå og med 1963/64 til og med 1969/70 hadde skoledirektøren ansvaret for munnleg eksamen. Sidan blei det meste av dette ansvaret overført til kommunane bortsett frå at regional stat skulle innhente og fordele sensorar. Frå og med 1966/67 fekk skoledirektøren ansvaret for skriftleg eksamen i grunnskolen, dei tre første åra også for Sogn og Fjordane. Dette ansvaret har vore nokså uendra sidan, bortsett frå at det frå sentralt hald frå midt på 90-talet blei lagt opp til eit samarbeid med Sogn og Fjordane slik at sensuransvaret for to fag låg i Møre og Romsdal og eitt fag i Sogn og Fjordane. Skoledirektøren i Møre og Romsdal gav frå midt på 70-talet til ut på 90-talet ut karakterstatistikk. Denne var anonymisert, men kvar skole og skolesjefen i kvar kommune fekk vite skolen sitt nummer, og kunne ut frå det vurdere resultatet. Frå 1994 fekk og kontoret eit visst ansvar for sentralgitt eksamen i vidaregåande opplæring og generelt tilsyn med gjennomføring av lokalt gitt eksamen i fylket.

*Tildelingsbrev del 1 Oppgaver for statens utdanningskontorer fastsatt 12.10.99* gir eit godt bilde av oppgåvene for kontoret ved årtusenskiftet.

Når det gjeld arbeidet med etterutdanning og utviklingsarbeid starta det for fullt ved innføring av Mønsterplanen på 70-talet, og har tatt seg opp ved kvar læreplanrevisjon, M87 og L97. Eit anna typisk trekk frå 1980 og ut perioden har vore arbeidet med leiarutvikling eller -skolering i ulike former. Første gongen utviklingsarbeid i stort omfang blei tillagt skoledirektøren var ved gjennomføringa av lokalt utviklingsarbeid

på 80-talet etter nedlegging av Forsøksrådet for skoleverket i 1984. Dette har svinga noko, men gjennomgåande må ein seie at heile 90-talet var prega av vektlegging på forsøks- og utviklingsarbeid, og med tilskott som staten på regionalt plan hadde ansvar for å tildele.

### **Arbeidsoppgåver i barnehage, vidaregåande opplæring og andre skoleslag**

Frå 1965 til 1970 var det felleskontor for staten og fylkeskommunen leia av skole-direktøren. Dette var ein periode som var prega av utgreiingsoppgåver om struktur og utbygging av vidaregåande opplæring. Høgskolestrukturen i fylket blei og utgreidd i denne perioden.

Frå etableringa av Statens utdanningskontor i 1992 fekk dette kontoret det same ansvaret i høve til grunnskole og vidaregåande opplæring både med omsyn til informasjon, rettleiing, tilsyn, lovlegkontroll, klagehandsaming, forsøks- og utviklingsarbeid og kompetanseutvikling, utdanning- og yrkesrettleiing, forvaltningsoppgåver, og vurdering og rapportering. Det er typisk for denne perioden at departementet ser på grunnskole og vidaregåande opplæring som eitt skoleløp der det er viktig å vurdere utvikling i samanheng.

Med høgskolesystemet har det gjennom alle år vore lagt opp til samarbeid, og dette har særleg handla om etterutdanning, men og om kva område det var behov for tilleggsutdanning på. Vaksenopplæring har vore ein del av arbeidsområdet dei siste 25 åra med ulike innfallsvinklar frå tilskottstildeling til utviklingsarbeid. Folkehøgskolar og private skolar har og inngått som ein del av tilsynsarbeidet. På andre del av 90-talet hadde utdanningskontoret oppgåva med å koordinere eit samarbeid mellom høgskolane i fylket for å få i stand eit tilbod om høgskoletilbod på Nordmøre.

Frå 2003 under fylkesmannen blei også ansvaret for barnehage lagt inn under utdanningsavdelinga, ut frå erkjenninga av at det pedagogiske arbeidet startar alt i barnehagen.

### **Arbeidsmengd**

Ettersom talet på kommunar minka frå 68 til 35 frå 1953 til 1968 skulle ein tru at arbeidsmengda på kontoret blei redusert, men fleire faktorar verka i motsatt retning:

- skoleplikta auka og planlegginga av 9-årig skole kravde mykje arbeid
- elevtalet i grunnskolen auka med 50 % dei første tjue åra
- lærartalet auka enda meir i same tjueårsperiode frå 900 til 2200
- nye oppgåver blei lagde til skoledirektøren

I denne perioden var talet på funksjonærar det same ved all skoledirektørkontora i landet bortsett frå for Oslo og Nordland. Møre og Romsdal var av dei store fylka både med omsyn til kommunar, skolar, elevar og lærarar. Dokumentasjon på dette for 1972/73 finn ein i 20-årsmeldinga s.11. Det var derfor vanskeleg å yte den same

service i Møre og Romsdal som i dei mindre fylka, t.d. når det gjaldt rettleiing og etterutdanning.

I samband med Mønsterplanen av 1974 blei alle kontora tildelt ekstra stilling til rettleiingsteneste. Dessutan blei arbeid med ANT og Rikskonsertturnear til skolane lagt til kontoret og gav noko auka bemanning. Dei nordnorske fylka fekk tildelt nokre ekstra stillingar ut over 70- talet, og i 1980 og 1981 fekk dei store fylka Hordaland og Møre og Romsdal ein stillingsheimel kvar. Seinare har det ikkje vore tilført stillingar før i 1992/93, men då hadde det vore ei innstramming på slutten av 80-talet.

Arbeidsoppgåvene har stendig vore i endring. På 80- og 90-talet blei det delegert fleire oppgåveområde frå departementet utan at like mykje gjekk vidare til neste nivå. Dette førde til at arbeidsmengda for dei som arbeidde på kontoret, blei opplevd som større og større, men samtidig kom det til mange interessante felt slik at personalet treivt og strevde hardt for å gjere ein god jobb. I eit stort fylke som Møre og Romsdal, måtte kontoret tenke effektivisering og finne samarbeidsløysingar med kommunane for i det heile å kunne gjennomføre leiaropplærings- og andre etterutdanningsprosjekt. Det var stor forskjell på kva struktur ein kunne arbeide etter i vårt fylke og til dømes i Vestfold der rektorane kunne møtast på dagsamlingar frå heile fylket. Vi viser til det som er gjort greie for om nettverksarbeid og etterutdanning i kapittel 5.

### **Tilsynsarbeid og reiseverksemd – etterutdanning og leiaropplæring**

For å gjennomføre dei aktuelle oppgåvene til ei kvar tid, og med dei geografiske tilhøva i fylket har det vore naudsynt å reise rundt i fylket. Dette har vore meir tidkrevjande enn i mange andre fylke. Det som førte til tenestereiser frå 1953 til 1973 var m.a.:

- Kretsreguleringsspørsmål føresette at skoledirektøren såg på tilhøva på staden
- Val av skoletomt førte med seg at skoledirektøren foretok synfaring då han etter lov om grunnskolen var tillagd godkjenningsansvar
- Påbygg på eldre skolebygg var det vanskeleg å ta stilling til utan å ha vore på staden
- Skolevigslingar var det på 50-talet i gjennomsnitt 16 av i året, medan det på 60-talet og først på 70-talet var 6-7 i året. På 70-talet var det i hovudsak ungdomskolar som blei opna. Sjå side 12-13 i 20-årsmeldinga.
- Konferansar og møte måtte ofte avviklast lokalt, t.d. interkommunale samrådsmøte
- Inspeksjon på skolane og påhøyring av undervisninga var også tillagt skoledirektøren
- Talar og foredrag på skolemøte

Frå 1974 og utover var det framleis i høve lovverket aktuelt med synfaring i høve dei tre første punkta. Omfanget vart mindre, men fram til midt på 80-talet var det enkelte slike oppdrag. Skoleopningar held fram, men på 80-talet og fram til midt på 90-talet kunne det vere 2-3 i året og no var det i hovudsak to- og tre-delte skolar som fekk

nybygg. Dei andre punkta med konferansar og møte held fram, men innhaldet endra seg slik at føremålet resten av 70- og 80-talet gjerne var:

- Etterutdanning for leiarar og lærarar gjerne som lekk i innføring av læreplanar: M 74, M87
- Leiarskoleringsopplegg som mellom anna *Miljø og leiing i skolen (MOLIS)* og *Leiging i skolen (LIS)*, førte til ei omfattande kursverksemd
- Skolesjefmøte på fylkesplan og i regionar, saman med fylkeskonferansar for PPT og andre fátalsgrupper av personale t.d. rådgjevarar

Mykje av dette held og fram på 90-talet, men blei no utvida til å femne også om vidaregåande opplæring ved overgangen frå skoledirektør til statens utdanningskontor. Mange av føremåla ovanfor heldt fram, men det blei meir fokus på resultatoppfølging eller tilsyn med at kommunar og skolar følgde lov og regelverk og læreplan. Dette førte til stor aktivitet på følgjande område:

- Oppfølgings- eller tilsynsmøte med kommunane og fylkeskommunen etter kvart også med skolebesøk som ein del av opplegget. Kommunane vart som regel vitja annankvart år, noko som inkludert skolebesøk gav 40-50 reisedagar i året for 2-3 personar frå kontoret. Metodisk blei det lagt vekt på dialog som ved slutten av tiåret utvikla seg meir i retning av kvalitetssikringsopplegg.
- Leiarskoloringstiltak som *Leiarutvikling i skolen (LUIS)* og *Samtak* der også PP-tenesta var inkludert. Nettverksarbeid var ein viktig del av organiseringa.
- Etterutdanningstiltak i samband med Læreplan 93, 94 og 97
- Informasjons- og rettleiingsmøte i samband med ny opplæringslov som blei sett i verk frå 1999

Frå 2002 blir arbeidet meir konsentrert om individet sin rett til tilbod, og med fokus på systemet sin funksjon enda klårare. Frå ei oppfølging basert på dialog som metode, blir det no meir krav om system- og revisjonsmetode.

### **Utgreiings-, planleggings- og utviklingsarbeid**

I periodar med omfattande utbygging av skoleverket og i fasar med reformer har det vore stort behov for utgreiingsarbeid. Dette har gjerne medført planarbeid på kommune og fylkeskommunenivå, men det var som oftast behov for å sette dette inn i ein overordna samanheng. Skoledirektøren og seinare statens utdanningskontor fekk gjerne i oppdrag frå departementet til å vere pådrivar i dette arbeidet, og konsekvensen blei at kontoret måtte utarbeide utgreiingar eller planar.

Den første tjuetårsperioden var prega av innføring av 9-årig skole som førte med seg mykje utgreiingsarbeid. Vidare kom skolebyggspørsmål med prioritering for stats-tilskott og lån i Kommunalbanken, utbyggingsplanar for skolepsykologtenesta og spesialskolane, og på 70-talet kom behovet for planar for rettleiingsteneste og etterutdanning. Departementet bad også om utgreiingar t.d. om tilskottsprosent til kommunane, om lærarstoda og liknande.

På slutten av 60- og på 70-talet blei følgjande *større* utgreiingar og innstillingar utarbeidde ved skoledirektørkontoret:

- Om vidaregåande skolar i Møre og Romsdal fylke med framlegg til rammeplan, september 1967, 181 sider.
- Framlegg til utbygging av vidaregåande skolar i Møre og Romsdal fylke, mars 1970, revidert i mars 1971, 50 sider. Trykt som vedlegg nr 4 til innstillinga frå fylkesplankomiteen.
- Tilråding om distriktshøgskole i Møre og Romsdal, desember 1968, 103 sider Innstilling frå interimskomiteen.
- Spesialpedagogiske tiltak i Møre og Romsdal, mai 1970, 88 sider
- Framlegg til planskisse for utbygging av pedagogisk rettleiingsteneste i Møre og Romsdal, desember 1971, 59 sider.
- Møre og Romsdal Skoledirektørdistrikt gjennom 20 år. Attersyn og perspektiv. 20-årsmeldinga. Skrive av skoledirektør Anders Stølen i november 1975, 320 sider.
- Fylkesplan for spesialpedagogiske tiltak i Møre og Romsdal, juli 1976, 298 sider.
- Tverretatleg samarbeid om tiltak for funksjonshemma førskolebarn, 1979, 221 sider.

Dei siste tretti åra har det vore årlege rapporteringar som gir god informasjon om situasjonen. I tillegg har det vore ein del utgreiingsarbeid. Vi vel å kategorisere dette i tre område:

- Frå og med skoleåret 1975/76 er det årleg utarbeid **årsmeldingar** til og med 1993. Frå 1993 er det kvart år utarbeidd **tilstandsrapport** for utdannings-systemet i fylket, og i tillegg til dette blei **årsrapport** sendt til departementet kvart år. **For oversyn over desse syner vi til litteraturliste.** Samla gir desse meldingane og rapportane eit godt bilde av utviklinga både av skolen i fylket og av arbeidet på kontoret. Omfanget på desse varierer ein del frå 60 til 120 sider med eit gjennomsnitt på om lag 80 sider. Totalt utgjer dette eit omfang på 3-4000 sider.
- Både på 80- og 90-talet var det planleggingsperiodar på det **spesialpedagogiske** området som gjorde at det blei utarbeidd ulike planar for kvar av desse tenestene: PP-teneste, synspedagogteneste, audiopedagogteneste, barne- og ungdomspsykiatri. I tillegg kom diverse rapportar og i 1994 generell fylkesplan for opplæring av barn, unge og vaksne med særskilte behov. **Oversyn** over desse finn ein og i **litteraturliste.** Omfanget varierer meir på kvar utgreiing i denne gruppa frå 20 til 100 sider.
- På området etterutdanning og utviklingsarbeid, og leiarutvikling og kvalitetsutvikling er det og i kontoret sin regi gjort ein heil del utgreiingsarbeid på 80- og 90-talet. Nordmørsutgreiinga om høgskoletilbod på Nordmøre er eit eksempel på utgreiingsarbeid som har med utvikling av tilbod å gjere. **Oversyn i litteraturliste.**

## 1.1.5 Oversyn over utvikling av statleg utdanningsadministrasjon sentralt og regionalt

### Ressursbruk i form av årsverk kvart tiande år frå 1953 til 2001

Det kan vere interessant å sjå korleis utviklinga har vore når det gjeld bruk av ressursar til administrasjon. Ein måte å vurdere dette på er å ta utgangspunkt i årsverk eller stillingsheimlar. I oversyna nedanfor er administrasjon for heile departementet tatt med, men i den ytre sentrale og regionale administrasjonen er ikkje høgskole og universitetsadministrasjonen drege inn. Vi har prøvd å finne data for om lag kvart tiande år.

**Tabell 1.2:**

**Fordelinga av årsverk\* i den statlege utdanningsadministrasjonen per 1. september 2001**

Institusjon	Departement	Sentral ytre etat	Regional utd. adm.
KUF	290 årsverk		
Læringssettret		115 årsverk	
VOX		130 årsverk	
Leiing av statleg spes.ped. støttesystem		20 årsverk.	
Statens utdanningskontor			220 årsverk
<b>Sum</b>	<b>290 årsverk</b>	<b>265 årsverk</b>	<b>220 årsverk</b>
<b>Sum sentralt</b>	<b>555 årsverk</b>		
<b>Sum sentralt og regionalt</b>	<b>775 årsverk</b>		

Kjelde: Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet. Rapport 2001 Helhet og sammenheng side 98.

\* Årsverk betyr her fast organiserte årsverk. Prosjektfinansierte årsverk kjem i tillegg

Stillingstalet i VOX var dette første året høgt fordi lærarar som underviste vaksne i Oslo var med. Desse er seinare skilt ut. Seinare år tyder budsjett-tala på at det kan vere 65–70 stillingar, men det er vanskeleg å vurdere då budsjettet ikkje opererer med heimlar lenger. Tala ville da kunne bli for VOX 65, og summen for sentral ytre etat eit til to år seinare 200. Dette ville igjen bety 490 til saman i sentral-administrasjonen og 710 i heile den statlege utdanningsadministrasjonen. Då er ikkje administrasjonen ute på høgskolane og universiteta tatt med.

**Tabell 1.3:**

**Fordelinga av årsverk ved omorganisering av statleg utdanningsadministrasjon i 1992**

Institusjon	Departement 1991	Departement haust 92 og 1993	Sentral ytre etat 1991	Sentral ytre etat haust 92 og 1993	Regional utd. adm. 1991	Regional utd.adm.* haust 92 og 1993
KUF	280	337				
Eksamenssekr.				26		
Nasjonalt Lærem.senter				30		
Spes.ped. støttesystem				4		
Grunnskolerådet			31			
RVO + RFA			101			
Andre råd/sekr.***			32			
Skoledirektørane					160	
Statens utdanningskontor						179**
<b>Sum</b>	<b>280</b>	<b>337</b>	<b>164</b>	<b>60</b>	<b>160</b>	<b>179</b>
<b>Sum sentralt</b>	<b>1991: 280+164=444</b> <b>1992-93: 337+60=397</b>					
<b>Sum sentr. + reg.</b>	<b>1991: 444+160=610</b> <b>1992-93: 397+179=576</b>					

Kjelde er her diverse tildelingsbrev frå departementet til skoledirektør og utdanningskontor i denne perioden

\* Stillingar ved sekretariata for høgskolestyra, i alt 61, som ein periode på to år låg ved SU er ikkje tatt med her.

\*\* Det var i tildelingsbrevet frå juli 1992 stilt i utsikt at ytterlegare 35 stillingar skulle gå til utdanningskontora når midlar var frigjort. I 1996 var heimlane auka til 225.

\*\*\* Foreldreutval for grunnskolen, Vaksenopplæringsrådet/Brevskolerådet VOR/BR, Samisk utdanningsråd, o.a.

Vi ser at det i 1991 var 610 stillingar i utdanningsadministrasjonen, og av desse var 160 plassert regionalt. I 1992-93 var stillingane frå dei sakkyndige råda stort sett flytta inn i departementet, og utdanningsadministrasjonen ser no ut til å ha 576 stillingar. Av desse er 179 plassert regionalt, og det blir stilt i utsikt at ytterlegare 35 stillingar skulle flyttast ut når dei blei ledige. Det er mykje som tyder på at desse stillingane framleis var i departementet. Det blei såleis ved omstruktureringa flytta ut 19 stillingar til regionplanet.

I løpet av ein tiårsperiode får kvart av utdanningskontora eit par engasjementsstillingar, ca. 40 i alt over andre kapitel til spesialpedagogiske program og til læreplaninnføring/etterutdanning. Utdanningskontora får og fleire andre oppgåver lagt ut, utan auke i bemanning i form av at dei lova nye faste stillingane blir flytta ut frå sentralplanet. Over same tidsrom aukar sentraladministrasjonen frå 397 til 555 årsverk. (Må ta eit visst atterhald om at nokre av stillingane i VOX var undervisningsstillingar som seinare er ført over til Oslo kommune, men om vi trekker frå 65 for dette er det framleis 490 stillingar sentralt, ein auke på om lag 25 %.)

**Tabell 1.4:****Fordelinga av årsverk i den statlege utdanningsadministrasjonen i 1982**

Institusjon	Departement	Sentral ytre etat	Skoledirektørkontor
KUD	308		
Grunnskolerådet		32	
Rådet for vidaregåande opplæring RVO		61	
Rådet for fagopplæring RFA		5	
Forsøksrådet		36	
Vaksenopplæring/Brevskolerådet		7	
Samisk utdanningsråd		7	
Skoledirektørembeta			175
<b>Sum</b>	<b>308</b>	<b>148</b>	<b>175</b>
<b>Sum sentralt</b>	<b>456</b>		
<b>Sum sentralt og regionalt</b>	<b>631</b>		

Kjelde St.prp. nr 1 (1981-82)

Det går fram at det var ei opprydding i heimelsystemet i budsjettproposisjonen for 1982. I departementet er det ført opp 291 heimlar pr 01.01.81, men det blir opplyst at 11 med mellombels tilsetting blir gjort faste, og i tillegg blir det plussa på 6 stillingar. For råda er engasjementsstillingar tatt med i tabellen.

**Tabell 1.5:****Fordeling av årsverk i den statlege utdanningsadministrasjonen i 1973**

Institusjon	Departement	Sentral ytre etat	Skoledirektørkontor
KUD	258		
Grunnskolerådet		12	
Forsøksrådet		40	
Spesialskolerådet		5	
Gymnasrådet		16	
VOR/BR		8 **	
Sakkyndige råd for yrkesutdanning *		ca. 19	
Skoledirektørembeta			147
<b>Sum</b>	<b>258</b>	<b>100</b>	<b>147</b>
<b>Sum sentralt</b>	<b>358</b>		
<b>Sum sentralt og regionalt</b>	<b>505</b>		

Kjelde St.prp. nr. 1 (1972-73)

\* Yrkesopplæringsrådet for handverk og industri YHI, Fagopplæringsrådet for handel og kontor FHK, Sjømannsskolerådet, Rådet for husstell og husflid RHH, Lærlingrådet, Rådet for sosialarbeidarutdanning.

\*\* Dette året blei Norsk vaksenopplæringsinstitutt, NVI etablert med 5 stillingar. Desse er ikkje rekna inn i tabellen

I 1973 er det verd å merke seg at det var 30-75 % statstilskott til 6 stillingar i den fylkeskommunale utdanningsadministrasjonen i kvart fylke. Den blei etablert som



eige kontor frå og med 1971 da den blei skilt ut frå felleskontoret med skole- direktøren. I Møre og Romsdal 70 % tilskott til lønna til fylkesskolesjefen og 5 andre stillingar.

**Tabell 1.6:**

**Fordeling av årsverk i den statlege utdanningsadministrasjonen i 1963**

Institusjon	Departement	Sentral ytre etat	Skoledirektørkontora
KUD	204		
Folkeskolerådet		2	
Forsøksrådet		14	
Andre råd *		13	
Skoledirektørembeta			61
<b>Sum</b>	<b>204</b>	<b>29</b>	<b>61</b>
<b>Sum sentralt</b>	<b>233</b>		
<b>Sum sentralt og regionalt</b>	<b>294</b>		

Kjelde St.prp. nr.1 (1962-63) Årsverk er til dels rekna ut etter oppgåve over lønnsbudsjett.

\* Undervisningsrådet, YHI, FHK, RHH, Lærlingrådet, BR

Vi gjer merksam på at rådsmedlemmene både i 1963 og i 1973 var involvert i mykje arbeid med eksamen, inspeksjon og liknande, og dette er ikkje kalkulert inn i tabellane.

**Fordeling av årsverk i den statlege utdanningsadministrasjonen i 1954-55**

Kjelde til tala her er St.prp. nr 1 (1954). For Kyrkje- og undervisningsdepartementet har eg ikkje greidd å finne tal på heimlar, fordi det er alle regjeringskontora samla som er oppgitt i proposisjonen. Ut frå det som står om lønn og det som delvis står i tekst om tal på stillingar, har eg eit overslag på at det i rådssystemet var om lag ei slik bemanning: Undervisningsrådet 5 årsverk, Yrkesopplæringsrådet for handverk og industri 9 årsverk, Lærlingråd, Undervisningsnemnd for handel og Brevskoleråd 5-6 årsverk. Forsøksrådet fekk den første budsjett-tildelinga dette året med ein sum som kunne gi 4 stillingar. I alt blir dette om lag 20-25 stillingar i den ytre sentrale utdanningsadministrasjonen. Ved skoledirektørembeta som enno ikkje låg i kvart fylke, Møre og Romsdal kom i gang dette året, var det til saman om lag 20 årsverk dvs. 2-3 stillingar ved kvart kontor.

**Tabell 1.7:**

**Samla utvikling av statleg utdanningsadministrasjon over ein 50-årsperiode**

Nivå	1954	1963	1973	1982	1991	1993	2001	2003
Departementet		204	258	308	280	337	290	
Sentral ytre etat	25	29	100	148	164	60	* 265	200
Regional utdanningsadministrasjon	20	61	147	175	160	179	220	195
<b>Sum sentralt</b>		<b>233</b>	<b>358</b>	<b>456</b>	<b>444</b>	<b>397</b>	<b>* 555</b>	<b>475</b>
<b>Sum totalt regionalt og sentralt</b>		<b>294</b>	<b>505</b>	<b>631</b>	<b>610</b>	<b>576</b>	<b>* 775</b>	<b>695</b>

\*Jf. atterhald om at stillingar i VOX kan ligge noko høgt.

Sentralt ser vi ein auke på 40 % frå 1993 til 2001. Sjølv om ein reduserer noko fordi stillingstalet i VOX ligg for høgt, er det i alle høve ein auke frå 1993 til 2001 på 25 % sentralt. Regionalt er det ein auke på 23 %, men 1-2 stillingar på kvart utdanningskontor som var prosjektfinansiert, er nok etter 2001 tatt vekk slik at nivået i 2003 er meir likt i 1993 igjen (9 % høgre). I den siste kolonnen har vi gjort eit overslag på korleis året 2003 ville sett ut hvis heimlar hadde vore oppgitt.

## 1.2 Fylkeskommunar og kommunar

### 1.2.1 Innleiing

Forvaltningssystemet i Noreg er i dag delt mellom tre nivå med kvart sitt politiske organ som overordna myndigheit

- det statlege nivået med Storting/Regjering som overordna
- det fylkeskommunale nivået med fylkestinget som overordna
- det kommunale nivået med kommunestyret som overordna

Det er staten gjennom Storting/Regjering, ved vanlege delegasjonslover, forskrifter m.v., som fastset kva oppgåver som blir lagt til fylkeskommunalt eller kommunalt nivå. I prinsippet er slike oppgåver lagt til den enkelte fylkeskommune eller kommune til fri utøving i tråd med det fylkeskommunale/kommunale sjølvstyret. Gjennom sitt sentrale, regionale eller lokale apparat kan staten både gi råd og kontrollere at kommunane og fylkeskommunane forvaltar sine delegerte oppgåver i samsvar med føresetnadene. Det er staten som til ei kvar tid bestemmer kva oppgåver som skal leggest til dei to andre forvaltningsnivåa.

Dei to andre nivåa fylkeskommunane og kommunane er såleis underlagt statleg styring, men er innbyrdes uavhengige og fullstendig likestilte. Ein fylkeskommune har f.eks. inga myndigheit til å gripe inn i eller treffe avgjerder på område som er lagt til kommunane eller omvendt.

### 1.2.2 Fylkeskommunal forvaltning

Fylkeskommunane har sitt utspring i formannskapslovene av 1837 der det var bestemt at ordførarane skulle møtast ein gong i året under amtmannen si leiing, men han hadde ikkje stemmerett. Dette var forløparen til fylkestinget. I 1919 blei amt erstatta med namnet fylke og amtmannen blei fylkesmann. I 1921 blei det fastsett at fylkestinget sjølv skulle velje ein formann til å leie forhandlingane. Fylkesmannen skulle vere til stades, men hadde ikkje stemmerett. I fylkesutvalet var fylkesmannen framleis formann med stemmerett.

Neste steg i utviklinga var fylkeskommunelova av 1961 som blei sett i kraft frå 1964. Fylkestinget skulle velje fylkesordførar som skulle leie både fylkesting og fylkesutval.

Fylkesmannen skulle som fylkeskommunen sin øvste administrative leiar vere til stades i møta med både tale- og forslagsrett.

Frå 1976 vart fylkeskommunelova endra slik at fylkeskommunane blei sjølvstendige politiske einingar/nivå - på line med kommunane - med m.a. direkte val av fylkesting. Fram til da hadde fylkeskommunane eigentleg vore eit samarbeidsforum for kommunane (ordførarane). Fylkeskommunen fekk frå då også sin eigen administrasjon - atskilt frå staten - og som leiar vart tilsett ein fylkesrådmann. Fylkesmannen held fram som Regjeringa/Staten sin øvste representant i fylket, men vart reindyrka som "statens mann" i fylket.

### **1.2.3 Kommunal forvaltning**

Formannskapslovene i 1837 innstifta både kommunane og det kommunale sjølvstyret. Lovene instituerte eit apparat som kunne ta på seg nye oppgåver innanfor eit avgrensa territorium, i hovudsak basert på prestegjelda. Vidare instituerte lovene styringsorgan og fastsette reglar for sakshandsaminga. Det vart direkte val til kommunestyre, og dei folkevalde fekk gjennom det avgjerdsmynde. Det har vore mange lovendingar seinare, men systemet er i hovudsak det same.

Det kommunale sjølvstyret er ikkje grunnlovsfesta. Stortinget kan difor med alminneleg fleirtal gi eller ta i frå kommunar og fylkeskommunar makt og oppgåver, og fastsette den geografiske storleiken.

### **1.2.4 Utdanningsadministrasjonen i fylkeskommunen og kommunane i Møre og Romsdal**

#### **Fylkeskommunen**

Etter siste verdskrigen hadde fylkeskommunen ansvar for nokre område i skoleverket. Det gjaldt nokre vidaregåande skolar, først og fremst husmorskolar, landbruksskolar, sjukepleie/hjelpepleieskolar og folkehøgskolar. Andre yrkeskolar kunne vere kommunale eller interkommunale. Det var ei ordning med at slike skolar kunne søke og etter kvart få statstilskott. Fylket kunne prioritere statstilskott til bygg og hadde gjennom det innverknad på geografisk plassering. Gymnas og realskolar var kommunale/interkommunale bortsett frå landsgymnaset i Volda og Tingvoll statsreal-skole.

I høve til kommunane var det først og fremst når det gjaldt prioritering av skolebygg og tilskott til desse at fylkestinget hadde oppgåver. Både Landsskolelova av 1936 og Lov om folkeskolen av 1959 hadde føresegner om fylkestilskott frå fylkeskommunen til folkeskolebygg. På midten av 50-talet vart omlag halvparten av byggkostnadene, i alt 2-3 mill kr årleg løyvt av fylkestinget etter tilråding frå fylkesskolestyret. I perioden 1968 til 1973 utgjorde fylket sin del mindre enn 1/8 av byggekostnadene.

Frå 1954 til 1973 var det statstilskott, lån og garanti i Kommunalbanken. Frå 1963 var tildeling av statstilskott og lån i Kommunalbanken samordna slik at tildelinga følgde same prioritering. Frå 1963 og 1964 oppmoda Kyrkje- og undervisningsdepartementet fylkesskolestyret om å prioritere saman med skoledirektøren. Frå 1965 fekk skoledirektøren oppmoding om å prioritere *saman med fylkesskolestyret*, og frå 1966 til 1970 i *samråd* med fylkesskolestyret. Frå 1971 blei skoledirektøren bedt om å sende inn prioriteringsliste der føresetnaden var at det skulle tas tilstrekkeleg omsyn til fylkesskolestyrets forslag til prioritering av fylkeskommunale vidaregåande skolar.

Omfanget av den fylkeskommunale skoleadministrasjonen var liten før 1964. Det var ei ordning med at formannen i fylkesskolestyret hadde noko godtgjering, og frå 1963 fekk han full stilling, elles blei nok oppgåvene utført hos skoledirektøren eller hos fylkesmannen. Frå 1. januar 1964 skulle fylkeskommunen overta ansvaret for dei vidaregåande skolane frå kommunane, og da blei det tilsett kontorsjef og assistent. Desse gjekk i 1965 inn i felleskontoret med skoledirektøren. Det var såleis 3-4 personar i den fylkeskommunale skoleadministrasjonen i perioden 1965 til og med 1970, jf første side i dette kapitlet og tabell 1.1.

Frå 1. januar 1971 fekk fylkesskolestyret sitt eige administrasjonskontor, fylkesskolekontor, med Odd Kvilekval tilsett som fylkesskolesjef. Frå 4 stillingar auka talet til 9,5 stillingar 1. januar 1976, og vidare til 23 stillingar 1. januar 1988. I 2003 var det 40 stillingar. Samanliknar vi med den statlege utdanningsadministrasjonen, skoledirektørkontoret/statens utdanningskontor, ser vi at bemanninga der har vore nokså konstant dei siste tretti åra på 11 til 13 stillingar.

**Tabell 1.8:**  
**Skoleadministrasjonen i fylkeskommunen**

Tidspunkt	1963	1971	1976	1988	2003
Stillingar	1	4	9,5	23	40

Kva kan vere årsaka til den store auken i fylkesskoleadministrasjonen - ei seksdobling frå 1971 til 1988 og nær ei fordobling vidare til 2003? Ansvar og oppgåver på skoleområdet auka vesentleg gjennom reformene i det vidaregåande skoleverket på 70-talet. Oppgåver som tidlegare låg i departementet blei delegert til fylkeskommunane. Eitt eksempel på dette er tilsetting av lærarar i dei vidaregåande skolane. Det var t.d. i samband med lovhandsaminga diskusjon om det var fornuftig å delegere dette ansvaret til fylka, og det skjedde først i 1978. Elevtalet auka vesentleg både på 60-, 70- og 80-talet fram til innføringa av rett til vidaregåande opplæring i 1994. Då blei det krav om plass til nærare fire årskull (375 %), eller om lag 13000 elev- og lærlingplassar til saman. I 1971 var det plass til i underkant av 1 1/2 årskull eller 5500 elevar medan årskullet var på om lag 4000. Utbygginga av skolar skaut fart på 70-talet då planar for utbygging til 8000 plassar i løpet av tiåret, blei vedteke. Arbeidet med inntaksprosedyren har blitt meir omfattande i løpet av dei 30 siste åra, sjølv med god datateknologi. Fylkeskommunen er pålagt eit større ansvar for pedagogisk utviklingsarbeid både ved skolane og i lærlingordninga i den siste tiårsperioden.

Når administrasjonen har auka, må ein også vurdere dette i høve til at mange av oppgåvene som låg på fylkesskolekontoret på 90-talet er delegert ut til dei enkelte skolane ved skoleutval eller rektor. Dette gjeld t. d. tilsetting av lærarar. Ansvaret for økonomisk prioritering og styring er og i stor grad lagt til skolane etter ramme-løyvingar. Ansvar for enkeltvedtak om spesialundervisning er og etter år 2000 delegert til den enkelte skole. Ut frå dette kan det vere grunn til å spørje om det i 2003 var ein rimeleg balanse mellom oppgåver og bemanning på det fylkeskommunale planet når det gjaldt skoleadministrasjon sett i høve til situasjonen på den enkelte skole.

Ut frå utviklinga i fylkeskommunen kan det også vere interessant å sjå på kva som er skjedd i kommunane i same periode.

### **Kommunane i fylket**

Før 1953 var det i Møre og Romsdal berre 15 kommunar av 68 som hadde skoleinspektør. Ålesund og Kristiansund hadde hatt slike stillingar sidan 1878, medan Molde kom med først i 1952. Lov om folkeskolen av 1959 påbaud at det skulle vere inspektør i kvar kommune, men to eller fleire kommunar kunne ha inspektør saman, og departementet kunne gjere unntak for små kommunar. Frå 1965 var det skoleinspektør i kvar av dei 35 kommunane som var resultat av kommunesamanslåinga. Det var særleg arbeidet med innføring av 9-årig skole som gjorde det naudsynt med styrking av administrasjonen i kommunane. Frå 1971 fekk leiaren av skoleadministrasjonen tittelen skolesjef, og samtidig blei det høve til å tilsette skoleinspektør ved sidan av skolesjefen, noko Ålesund og Molde gjorde.

Kommunane følgde i denne perioden også godt opp med å tilsette i styrarstillingar på skolane. Av dei 208 skolane som kunne ha styrar (minst 2500 undervisningstimar pr år) var det i 1966/67 37 som ikkje hadde styrar. I 1972 var talet utan styrar gått ned til 7 av 236. Det var i hovudsak u-delte og 2-delte skolar som ikkje hadde styrarstilling det siste av desse åra. Skoleåret 1972/73 hadde alle skolekontor ei eller anna form for kontorhjelp, og nokre få kontor hadde pedagogisk personale i tillegg til skolesjefen.

Norske Kommuners Sentralforbund sendte 10.01.1978 ut eit skriv med rettleiande bemanningsnormer for saksbehandlarar og kontorpersonale ved dei kommunale skolekontora og for kontorpersonale ved dei einskilde skolane. Rundskriv F-81/77 frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet gav normer for administrativt personale ved dei einskilde skolane. Det var no 38 kommunar i fylket og var det ut året 2005.

Det kan vere interessant å sjå på korleis utviklinga var over tid når det gjaldt administrativt personale for fylket sett under eitt, jf. tabell 1.9. Vi viser til vedlegg 2 og 3 når det gjeld utviklinga i den einskilde kommune. Materialet for 1969, 1974 og 1979 er henta frå skoledirektøren si årsmelding for skoleåret 1981/82. For 1987 er materialet henta frå årsmeldinga for 1987/88, og for 1993 frå årsmeldinga for det året.

**Tabell 1.9:**  
**Skoleadministrasjonen i kommunane**

Tidspunkt	Skolesjef + inspektør	Saksbehandlarar: Konsulent/ førstesekretær	Kontorteknisk pers.: Kontorassistent, fullmektig, sekretær
1. august 1969		4	24 (23,75)
1. august 1974	35 + 2	14 (14,25)	44 (43,67)
1. august 1979	38 + 2	21	54
September 1987	38 + 2	33 *	52 *
31. desember 1993	37 + 3	40	Oversyn manglar
2002	**	**	**

\* For sept. 1987 er brukt dei same tala som for 1974 for Ålesund då kultur og skoleadministrasjon var slått saman.

\*\* Vanskeleg å talfeste

I lov om grunnskolen, § 29, stod det at det i kvar kommune skulle vere ein skolesjef, som skulle vere underlagt skolestyret i skolefaglege spørsmål, men under administrasjonssjefen i saker om kommunal forvaltning. Dette blei endra frå og med 1994. § 29 blei tatt ut av grunnskolelova, og i § 27.2 kom det no inn at kommunen skulle ha skolefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen over skolenivået.

Etter opplæringslovas § 13-1, frå 1998, skal den einskilde kommune ha skolefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen over skolenivået. I tilstandsrapporten for 1999-2000 er det eit oversyn som viser kva politiske organ kommunane har med ansvar for skole og kva tittelen er for administrativ leiar. Storparten av kommunane hadde eige hovudutval/fagutval og etatsleiar med ansvar for skole, skolefritid, barnehage og kultur. Det som går tydelegast fram er at "skolesjefstillingane" er blitt tillagt nye og fleire oppgåver innan oppvekst og kultursektoren.

I tilstandsrapporten for 2002 går det fram at fylkesmannen ser teikn på at den skolefaglege kompetansen er svekka på kommunenivå og at den systematiske oppfølginga av skolane varierer mykje frå kommune til kommune. Det er ein aukande trend med desentralisering av mynde og ansvar til den enkelte skolen. Dette kan vere positivt, men stiller og leiinga overfor store utfordringar, som igjen stiller krav til kommunen om oppfølging gjennom kompetanseutvikling, aktiv rekrutteringsstrategi og administrativ styrking av leiinga på skolenivå.

Forhandlingsansvaret når det gjeld lønn til lærarane blei overført frå staten til kommunane i 2003 med verknad frå 01.05.04. Frå 2006 skal det vere utarbeidd nytt avtaleverk. Dette gir meirarbeid for den enkelte kommune. Sjølv med sentrale forhandlingar fekk kommunane i den siste perioden ein god del meirarbeid da det blei innført fordeling av midlar i lokal pott.

Innanfor dagens system med desentralisert ansvar på mange felt, har skolane fått større fridom til å styre skolen sjølv. Oppgåvene for skolane er blitt fleire, og administrasjonen har ikkje auka i særleg grad, men dette kan variere meir enn før frå

kommune til kommune. Rektorane kan utnytte det dersom det blir for svak kompetanse på kommuneplan. Respekten for administrasjonen i kommunane kan vere i fare for å forsvinne. Det kan synast som om god og rettferdig fordeling kjem meir i fokus enn pedagogisk utviklingsarbeid.

## 1.3 Oppsummering og eigne refleksjonar

Når vi ser på utviklinga av utdanningsadministrasjonen i fylket over dei siste 50 åra ser vi at det både på statleg, fylkeskommunalt og kommunalt nivå var svært liten administrasjon på 50-talet. Det var ein sterk auke på 60- og 70-talet på alle tre nivåa, men blei så ei stabilisering på statsnivået på 80- og tidlig 90-tal.

Den statlege regionale utdanningsadministrasjonen har halde seg stabil dei siste 25 åra med nokre mindre svingingar. Sentraladministrasjonen har vore prega av fleire store omorganiseringar det siste tiåret, noko som tydelegvis ikkje fører til innsparing og effektivisering, då vi ser at det totale talet på tilsette har auka. Ser vi på forholdet mellom departementet og den ytre sentrale etat, går det fram at talet på tilsette i departementet held seg nokså på same nivå om direktoratsnivået sentralt blir styrka. Intensjonen i 1993 var at det etter kvart skulle leggest ut fleire oppgåver og stillingar til det regionale statsnivået. Ein del oppgåver er nok lagt ut, men bemanninga blei i liten grad styrka.

Den fylkeskommunale administrasjonen av vidaregåande opplæring auka sterkt både på 70-, 80- og 90-talet, medan vi i kommunane såg ei utvikling der utdanningsadministrasjonen var nokså stabil og nok var sterkast på 80-talet og tidlig 90-tal. Grunnskoleadministrasjonen hadde i Møre og Romsdal ikkje det store omfanget som Telhaug hevdar i Årbok for norsk utdanningshistorie 2002-2003. Han hevdar at den informativt-ideologiske styringa vart bygd sterkt opp på 70- og 80-talet, men i kommunane i vårt fylke hadde ikkje dette stort omfang. Materialet i årsmeldingane viser at det i mange kommunar var vanskelig å få kommunen til å følgje dei normene som var lagt for skoleadministrasjon og pedagogisk rettleiingsteneste.

På 90-talet får vi ein prosess med integrasjon av utdanningsadministrasjonen i den kommunale administrasjonen. Lovverket stiller ikkje lenger krav om at det skal vere skolesjef i kommunane. Sektoradministrasjonen blei i mange kommunar vedtatt å skulle organiserast vekk, noko som etter kvart førte til ein tydeleg reduksjon på skolefagleg kompetanse fleire stader. Rådmenn og Kommunenes Sentralforbund var skeptiske til, og ønska i eit fleirtal av kommunar å få vekk skoleadministrasjon og annan sektoradministrasjon. Før omorganiseringa var det i dei fleste kommunar god kompetanse hos skolesjef og rektor m.a. på grunn av fleire lederskoleringsopplegg. Dette gjorde at saker kunne delegerast til skoleadministrasjonen. Samtidig gjorde det at ordførarar og rådmenn ikkje kjende skolen godt nok, og dermed liten interesse for, og ei redsle for at dei ikkje hadde makt nok innan denne sektoren. Skolestyret i kommunane fungerte som politisk styringsorgan med god innsikt, og det var i stor grad berre økonomispørsmål som var oppe i kommunestyret. Den noverande organiseringsforma har i mange kommunar den konsekvens at det er rådmannen

som styrer det som ikkje er delegert til den enkelte skole, og at politikarane i liten utstrekning får innsikt i det faglige innhaldet og utviklinga i skolen.

Kvifor har det vore ei slik endring i desse 50 åra? Noko av forklaringa ligg i den sterke utbygginga av skoletilbodet, først innføring av 9-årig skole frå midt på 50-talet fram til midt på 70-talet, og så den sterke ekspansjonen i vidaregåande opplæring. Det er og naturleg å sjå litt nærare på korleis tankane om styring har endra seg. Lov- og regelverk, læreplanssystem, økonomistyring m.m. har vore gjennom 4-5 hovudendringar dei siste 50 åra, men kva er dei sentrale endringane, og har dei gått i ei bestemt retning?

Ser ein på heile perioden, kan vi sjå at det har vore ein desentraliseringsprosess frå sentral statleg styring med delegering - først til regional stat og så vidare til kommunenivået. Deretter har neste fase vore delegering til den enkelte skole. Dette kan ein lese ut av lov- og regelverk, som blir mindre detaljert, og læreplanane har stort sett følgd same trend. R94 og L97 var riktig nok nokså detaljerte, men mykje tyder på at den komande planen i 2006 (LK06) berre skal ha hovudmål. Økonomistyringa blei vesentleg endra ved overgangen til nytt inntektssystem i 1986. Kommune og fylkeskommune har kvart tiår fått større handlingsrom med fridom til lokal styring.

Desentralisering av myndigheit kunne suksessivt gjennomførast fordi kompetansen på lærar- og leiarsida på skole- og kommunenivå etter kvart auka. På same tid som kommunane har fått breiare styringsmynde, har lovverket endra seg til å bli meir rettsprega. Elevane sine rettar til kvalitet i tilboda har t.d. auka, særleg dei siste 15 åra. Dette har ført til innføring av klageordningar, og det har gitt eit behov for tilsyn med at både kvantitet og kvalitet på innhaldet i opplæringa held mål. Dette krev at kommunenivået må ha kompetanse til å vurdere om skolane har god nok kvalitet, og at staten må ha tilsyn med at kommunane gir elevane det tilbodet dei har rett på. Dersom kompetansen til dette ikkje er til stades vil det etter kvart føre til problem med legitimiteten (truverdigheita) til kommunane og seinare for staten.

Etter kvart som desentralisering skjer og regelverket blir mindre detaljstyrande, må dette balanserast av gjennom eit auka tilsyn med at elevane får eit godt nok tilbod i høve til det dei har krav på. Føresetnaden er at elevane skal få eit likeverdig tilbod uavhengig av kvar dei bur i landet. Forventningane om god kvalitet på tilbodet aukar etter som utdanningsnivået hos foreldregruppa stig. Dette gjer at kvalitetsvurderinga må styrkast, og det kan ikkje gjerast utan god kompetanse på alle nivå. Tilhøvet mellom individet sine rettar og ivaretaking av fellesskapet i samfunnet bør vere eit viktig spørsmål i drøfting av vidare utvikling av skolesystemet. Det er for tida ei målsetting som inneber mangfald, fridom og brukarmedverknad, men på same tid blir det innført nasjonale kunnskapsprøver som eg vil tru vil verke styrande på innhaldet i skolen, sjølv om læreplanen, L06, i liten grad definerer innhaldet.

Desentralisering av den økonomiske styringa har gitt kommune/fylkeskommune større fridom til å prioritere korleis midlane skal brukast. Etter innføring av nytt inntektssystem i 1986 ser vi at skolane får ein ressursauke i form av lærartimar pr elev, noko som tyder på at kommuneøkonomien var rimeleg god fram til først på



90-talet. Staten styrer økonomien på makronivå, medan kommuneplanet har ansvar for fordelinga på mikronivå. Når økonomien til kommunane blir opplevd som strammare ut over 90-talet, fører det til at kommunane får problem med prioritering av ressursar til skolen. Ein effekt av dette er nedlegging av skolar i mange kommunar, men ressurstildelinga i form av lærartimar pr elev blir og stramma inn ved mange skolar. I dei seinare åra har kvalitetsbevisstheita hos foreldregruppa auka, og det fører til ein god del saker med konfliktprega innhald i ein del kommunar.

I kva grad staten har styrt, og korleis, er og eit interessant spørsmål. Staten si styring ligg i desse verkemidlane:

- økonomisk styring
- lov og regelverk
- avtaleverk
- målstyring
- forsøks-, utgreiings- og utviklingsarbeid
- kompetanseoppbygging gjennom etterutdanning og leiarutvikling

Ser vi på heile 50-årsperioden ser vi at i dei første 30 åra var mest prega av dei tre første formene, saman med læreplanane som til dels var målstyrt, og dels representerte regelstyring for innhaldet sitt vedkomande. Frå 50-talet og ut 70-talet var oppbygginga og utvidinga av grunnskole og vidaregåande opplæring styrt gjennom utgreiingar, forsøk, og utviklingsarbeid saman med økonomiske verkemiddel. Lov og læreplanar gjennomgjekk fleire endringar i denne perioden.

Dei siste 25 åra har vore prega av at dei tre første styringsformene har vorte dempa suksessivt ned. På 80- og 90-talet vektla staten dei tre siste formene i større grad, og brukte den regionale statsadministrasjonen som verktøy i denne styringa gjennom ein dialog med kommune og skolenivået. Kompetanseutvikling gjennom etterutdanning for lærarane i tilknytning til revisjon av læreplanar, og leiarutviklingsprogram for skolesjefar og rektorar stod sentralt i denne perioden. Det blei og frå staten si side satsa ein god del på lokalstyrte utviklingsprosjekt der målstyring gjennom planleggingskrav og økonomiske tilskott var verkemiddel. Rettleiing frå og dialog med den regionale stat var ein viktig del av styringa. Høgskolane var ein viktig samarbeidspart i etterutdanning. Det fungerte best når regional stat hadde styringsmynde til å legge planar og nokre økonomiske verkemiddel. Etter at ansvaret i større grad blei lagt til høgskolane, opplever eg at engasjement og pådriv til å få kommunane med har vorte mindre.

Staten har gjennom det meste av 50-årsperioden styrt gjennom avtaleverket gjennom lønnsforhandlingar m.m. mellom sentral stat og arbeidstakarorganisasjonane. Staten har etter kvart gjort dette noko meir fleksibelt, og forsiktig delegert noko til kommunane, men det representerte eit brot med ein lang tradisjon då ansvaret i 2004 blei overført til kommunenivået.

Regional stat har gjennom alle dei 50 åra vore tillagt mykje arbeid og ansvar for styring av skolen gjennom delegasjon av mynde frå sentral stat, men ansvarsområda har skifta over tid. Etter år 2000 har elevane sine rettar til kvantitet og kvalitet i

undervisninga kome meir i fokus gjennom utforming av lovverket. Når dei andre styringsformene etter kvart har vorte dempa ned, har klageordningar og statleg tilsyn med at kommunane oppfyller lovverket kome sterkare inn. Skal det bli ein god kommunikasjon mellom stat og kommune trengs høg kompetanse både i regional stat og på kommunenivå i kommunen, i skoleleiinga og i PP-tenesta. Dette er nødvendig dersom det skal føre til utvikling av ein stadig betre skole.

# Kap. 2 Skolestruktur og ressursutvikling

## 2.1 Kretsordning i folkeskolen og barneskolen

I perioden 1954-55 til 1972-73 tar vi for oss korleis kretsordninga eller talet på skolar i folkeskolen og i barneskolen utvikla seg. I 20-årsmeldinga (side 15-69) har Anders Stølen gjort grundig greie for utviklinga kommune for kommune. Her nøyer vi oss med å ta med hovudtrekka av utviklinga fylket sett under eitt.

Talet på skolar gjekk ned frå 464 i 1954-55 til 270 i 1972-73. Til saman 198 skolar blei nedlagt og 4 nye kom til i denne tida. Av dei nedlagde skolane var 84 % udelte og 2-delte. Mellom desse hadde 14 % eit elevtal under lova sitt minimum, som var minst 6 elevar i folkeskolen/barneskolen for å opprette eller oppretthalde skolen. Sjølv med denne nedlegginga var 27 % av skolane udelte eller 2-delte i 1972-73, og 70 % var fådelte. Tabell 2.1 nedanfor viser korleis endringa skjedde år for år.

**Tabell 2.1:**

**Endring i talet på skolar år for år frå 1954-55 til 1972-73**

Skoleår	Talet på skolar	Nedlagde skolar	Nyskipa skolar
1954-55	464	- 9	
1955-56	455	- 7	
1956-57	448	- 18	
1957-58	430	- 9	+ 1
1958-59	423	- 7	
1959-60	416	- 12	
1960-61	404	- 12	
1961-62	391	- 18	
1962-63	373	- 20	
1963-64	357	- 15	
1964-65	337	- 19	+1
1965-66	320	- 11	
1966-67	310	- 7	+2
1967-68	305	- 7	
1968-69	297	- 6	
1969-70	291	- 8	
1970-71	283	- 7	
1971-72	276	- 6	
1972-73	270		
<b>I alt</b>		<b>- 198</b>	<b>+ 4</b>

Tabell 2.1. viser at nedgangen i talet på folkeskolar stort sett var jamn over heile denne perioden med eit noko brattare fall frå 1962 til 1965. For å vurdere årsaker er det verd å merke seg følgjande tidspunkt: Iverksetting av lov om folkeskolen av 1959, planlegginga av 9-årig skole frå 1961-62 og kommunesamanslåingar i 1964.

Innføringa av 9-årig skole førde med seg prinsipielle krav om styrking av barneskolen slik at den 3-årige ungdomsskolen skulle bygge på ein så sterk barneskole som råd var. Dette gav seg konkrete utslag i krav om auka lesetid/timetal i høve til det som hadde vore kravet i landsfolkeskolen. (Statens krav om minstetimetall for folkeskolen samla over 7 år var i 1936 på 3384 timar, som i 1959 blei auka til 5130 timar eller 135 t/veke i løpet av 7 år.) Minstekravet vart no det same for skolar i byen og på landsbygda.

Vidare kom det krav om betre klassesdeling og lærardekning, dvs. at maksimum elevtal i klassane blei sett ned. Kroppsøving og handarbeid blei obligatoriske fag for jenter og gutar, noko som mellom anna kravde meir tidhøvelege skolebygg. Desse tilhøva gjorde og at driftsutgiftene til ein elev i udelte skole vart om lag det doble av det ein elev i fulldele skole kosta. Dette var også ein periode med mangel på utdanna lærarar. Den viktigaste årsaken til nedlegging finn vi nok likevel i at elevtalet i 60 kretsar kom under eller ned mot lova sitt minimum. 100 av dei nedlagde skolane var anten udelte då dei blei nedlagde eller ville blitt det eit av dei første åra.

Mange av skolekretsane hadde vore dei same sidan siste del av 1800-talet og det skjedde no ei utvikling av kommunikasjonar med veg og brubygging og med høve til skoleskyss som gjorde at det fall naturleg å endre kretsgrenser. På den andre sida blei det lagt vekt på kva rolle skolen kunne spele for livet i kretsen. Det gjekk føre seg mange skolepolitiske avvegingar i denne perioden. På siste del av 60-talet kom det signal frå departementet om at ungdomsskolar med færre elevar enn kravet hadde vore, kunne akseptertast i grisgrendte stork. Vi ser at kretssamanslåinga går ned etter 1965. Rikspolitisk skifte i syn kan ha betydd noko, men det er og mykje som tyder på at omorganiseringa no var fullført i dei fleste av kommunane.

**Tabell 2.2:**  
**Skolestorleik i 1954-55 og i 1972-73**

Skoleår	1954-55		1972-73	
	Tal skolar	I prosent	Tal skolar	I prosent
Elevtal over 85	73	16 %	82	30 %
Elevtal 31-85	177	38 %	115	43 %
Elevtal 0-30	214	46 %	73	27 %
<b>Sum</b>	<b>464</b>	<b>100 %</b>	<b>270</b>	<b>100 %</b>

Tabell 2.2 viser at skolestrukturen endra seg vesentleg i denne perioden. Det samla talet på barneskolar gjekk radikalt ned frå 464 til 270 dvs. med 42 %. Særleg stor var tilbakegangen på skolar med under 30 elevar. Talet på skolar med elevar under minstekravet etter lova, 6 elevar, gjekk ned frå 11 til 1. Kretsar med elevtal for udelte skole, opp til 12 elevar, minka frå 57 til 12, og skolar med elevtal for todeling gjekk ned frå 146 til 60.

Forholdet mellom innføring av 9-årig skole og endring av kretsstrukturen kom prinsipielt i ei anna stilling da proposisjonen til Lov om grunnskolen blei lagt fram i 1966 (Ot. prp. nr. 59 (1966-67)). I proposisjonen blei det gjort framlegg om at alle

kommunar skulle ha avgangsklasse i 9-årig skole i 1974-75, og slik vedtok Stortinget det i 1969. Dette førte til at mange kommunar av økonomiske årsaker måtte prioritere utbygging av ungdomsskolar framfor utbygging av barnesteget. Dette førte til at kretsregulering for barneskolen blei utsett i ein del kommunar fordi dei gamle bygga måtte nyttast.

Skolebyggspørsmålet har hatt sterk innverknad på kretsreguleringa. I heile den perioden som her er omtala var det ei omfattande fornying av skolebygg. Kommunane måtte ha bygd langt fleire skolar dersom alle dei nedlagde skulle ha vore drive vidare. Ei streng prioritering var nødvendig.

## 2.2 Innføring av 9-årig skole

### 2.2.1 Juridisk grunnlag

Møre og Romsdal fekk i 1955 to av dei tre første forsøkskommunane for 9-årig skole i landet, Sykkylven og Ørsta. Innføringa av 9-årig skole i fylket kom til å strekke seg over heile forsøksperioden. Endeleg vedtak for to kommunar, Sande og delar av Borgund, blei først gjort etter at forsøksperioden var over i 1971, då 9-årig skole blei normalordning ved iverksetting av lov om grunnskolen av 1969.

I innføringsperioden var det følgjande juridisk grunnlag for innføring av 9-årig skole:

1. Forsøksordna 9-årig skole med heimel i Lov om forsøk i skolen av 1954. Overgangen føresette avtale med Kyrkje- og undervisningsdepartementet etter tilråding frå Forsøksrådet for skoleverket.
  - Interimsordning frå 1955-56 til 1958-59 på grunnlag av Lov om folkeskolen av 1936, Lov om framhaldsskolen av 1946 og Lov om den høgre skolen av 1935. Departementet tok det standpunktet at det ikkje var lovgrunnlag for å gjere skolen obligatorisk for elevar i 9. skoleår og at det heller ikkje var lovgrunnlag for å leggje 7. skoleår til ungdomssteget. Interimsordninga linedelt ungdomsskole var, juridisk sett, framhaldsskole og realskole under same tak.
  - Forsøk med obligatorisk 9-årig skole etter Lov om folkeskolen av 1959 og Læreplan av 1960. Normalmønsteret var 6-årig barneskole + 3-årig ungdomsskole, men i særlege tilfelle blei 7+2 ordning godkjend for heile kommunen eller delar av kommunen.
2. 9-årig skole etter Lov om grunnskolen av 1969 som normalordning frå 1971 med frist for gjennomføring av avgangsklasse våren 1975.

### 2.2.2 Organiseringsprinsipp for ungdomssteget

Etter lov og læreplan frå høvesvis 1959 og 1960 var det krav om eit årskull på ca. 75 elevar, det vil seie 3 klassar a 25 elevar for å etablere ungdomsskole. Planskissa frå 1961 for innføring av 9-årig skole i Møre og Romsdal bygde på dette prinsippet.

Planen bygde på at det skulle vere linedeling som tilsvare eit utdanningstilbod med realskole og framhaldskole, og då krevdes eit så høgt elevtal. Ut over på 60-talet kom det ei vidare utvikling av ungdomsskolen innanfor ramma av forsøksordninga. Behovet for pedagogisk nyvinning gjekk hand i hand med kravet om nødvendig tilpassing til grisgrendte strøk. Resultatet av dette var at ein ved inngangen til 70-talet kunne planlegge ungdomssteg med anna organisering og langt lægre krav til elevtal enn i 1960. Tabell 2.3 syner utviklinga i fylket.

**Tabell 2.3:**

**Ungdomsskolar i Møre og Romsdal etter storleik og igangsettingsår. \***

Igangsettingsår	Udelt	Fådelt	1 kl. på årssteget	2 kl. på årssteget	3 kl. på årssteget	4 kl. el. meir	Sum skolar
1964/65 el. tidlegare			1	1		4	6
1965 til 1968			1	3	1	3	8
1968 til 1971			10	5	2	8	25
1971 til 1974	1	7	8	7	3	5	31
1974 til 1977	4		1				5
1977 til 1980	1	1	1				3
1980 til 1983					1		1
<b>Talet på skolar</b>	<b>6</b>	<b>8</b>	<b>22</b>	<b>16</b>	<b>7</b>	<b>20</b>	<b>79</b>

\* Jfr Anders Stølen: Grunnskolereform og lokal reaksjon, Aschehoug 1984, side 204

Som vi ser av tabellen, kom den store overgangen til 9-årig skole i perioden 1968 til 1974 med oppstarting av over 70 % av ungdomsskolane. Det var i denne perioden åpna for små skolar med ein klasse på kvart årssteg eller mindre, og vi ser at 38 skolar av dei 56 som kom i gang i desse 6 åra hadde ei organiseringsform med mindre enn 3 klassar på årssteget. Dei fleste av skolane var kombinerte barne- og ungdomsskolar, i alt 47, medan det berre var 32 reine ungdomsskolar. Av dei reine ungdomsskolane var det først på 80-talet 27 som hadde elevgrunnlag for 3 klassar på årssteget.

Skolestrukturen på ungdomssteg endra seg nokså lite på 80-talet. Det svinga med 1-4 skolar og i 1989-90 var det 83 skolar med ungdomssteg. Elevtalet i grunnskolen var på det høgaste på slutten av 70-talet med ca. 36.800 elevar. På ungdomssteg var elevtalet størst i 1982-83 med 12.534 elevar. Da hadde nedgangen i fødselstal fått konsekvensar for barnesteget, slik at det totale elevtalet i grunnskolen no var på ca. 35.800.

I skoleåret 1989-90 var elevtalet på ungdomssteg gått ned til 10.454, men det var framleis 83 skolar med ungdomssteg. Det var som i 1982-83, 6 skolar med berre ein klasse dvs. u-delt, men talet på fådelt skolar med to klassar på steget hadde auka frå 8 til 12, og det var no berre 5 skolar som hadde meir enn 3 klassar på årssteget. Elevtalet i grunnskolen var no nede i 29.879 elevar, og det gjekk vidare ned til om lag 29.000 i 1991-92, men stabiliserte seg der i nokre år. På ungdomssteg held elevtalsnedgangen fram til 1993-94 og var då på 9.675.

## 2.3 Skolestruktur og ressursutvikling dei siste 30 åra i grunnskolen

### 2.3.1 Skolestruktur

Det er naturleg å sjå på korleis strukturen i grunnskolen utvikla seg etter at 9-årig skole var innført i alle kommunar. I tabellen nedanfor tar vi for oss utviklinga av elevtal, som har betydning for strukturen. Vidare er det interessant å sjå korleis utviklinga er når det gjeld barneskolar, kombinerte barne- og ungdomsskolar og reine ungdomsskolar kvar for seg.

**Tabell 2.4:**  
Elevtal og skoletal dei siste 30 åra

Skoleår	Elevtal	Barne- skolar	Komb. skolar	Ungdoms- skolar	Spes. Inst. skolar	Sum skolar
1975-76	36604	234	50	30	Inkludert	314
1976-77	36803	222	46	31	20	319
1978-79	36751	223	46	32	20	321
1979-80	36787	219	48	32	20	319
1980-81	36706	221	49	31	20	321
1981-82	36363	222	48	31	20	321
1982-83	35796	224	46	32	20	322
1983-84	35073	222	48	32	20	322
1984-85	33952	221	48	32	19	320
1985-86	32859	220	49	32	19	320
1986-87	32153	222	49	32	18	321
1987-88	31312	221	49	32	19	321
1988-89	30318	220	50	32	19	321
1989-90	29879	217	51	32	19	319
1990-91	29248	212	51	32	18	313
1991-92	29029	214	48	33	17	312
1992-93	29012	214	48	32	17	311
1993-94	29023	212	48	31	17	309 /293
1994-95	28993	208	48	30	*	289 **
1995-96	28688	205	47	31	2	285 + 1p
1996-97	29020	200	50	32	2	284 + 2p
1997-98	32752	197	49	32	1	279 + 2p
1998-99	32859	191	48	31	1	270 + 2p
1999-00	32987	185	48	30	1	263 + 2p
2000-01	33149	179	48	30	1	257 + 2p
2001-02	33278	179	48	30	1	257 + 2p
2002-03	33700	176	47	30	1	253 + 2p
2003-04	33894				1	246+
2004-05	33632				1	238 +

\* HVPU-reformen førte til at institusjonsskolene blir nedlagde og/eller at dei ikkje inngår i denne statistikken. Desse skolane hadde også fram til no stort sett gitt vaksenopplæring på grunnskolenivå. Det var 30 elevar i grunnskolealder på heilårsbasis ved spesialskolane Tøndergård og Ratvikåsen dette året. Vi viser til kapitlet om spesialundervisning.

\*\* Frå 1993 er privatskolar med i sum skolar.

## Nedlegging av skolar / kommentarar til tabellen

Det er frå 1990 at strukturelle omleggingar startar opp på nytt. I løpet av eit par år blir no desse 4 barneskolane lagde ned: Risan i Molde, Nordstranda i Nesset, Finnøy i Sandøy og Austsmøla i Smøla kommune. På ungdomssteget blir elevane overført frå Utheim til Averøy ungdomsskole og frå Veidholmen og Bakkamyra til Nordsmøla skole, noko som betyr 3 færre kombinerte skolar. Nørvøy ungdomsskole blir nedlagd i 1992. I 1993 blir Gussiås i Nesset lagd ned og Steinerskolen i Ålesund tatt med i statistikken. I 1994 blir 4 barneskolar lagde ned: Ulstein i Ulstein, Myklebust i Sandøy, Nås og Bolli skolar i Eide kommune. Alle dei nedlagde barneskolane i denne 5-årsperioden er u- delte eller to-delte, så nær som Ulstein som var tre-delt.

I 1995 blir 2 u-delte og 2 to-delte lagde ned: Medalen og Rødven i Rauma, og Dimna og Flø i Ulstein kommune. Røslungveien spesialskole er og nedlagd. I 1996 blir 1 todelt, Skredestranda i Sande kommune, og 2 udelte skolar, Orten i Sandøy og Urke i Ørsta lagde ned. Same år startar Møre ungdomsskole, ein kristen privatskole i Ålesund. I 1997 legg Rindal kommune ned skolane Bolme (tre-delt) og Lomundsjø (to-delt). Dei u-delte skolane: Sandøy i Sandøy, Høydal i Volda og Trandal i Ørsta fell og bort dette året. Det kan nemnast at Trandal og Standal skolar i Ørsta blei gjenoppretta med dispensasjon frå grunnskolelova (6 elevar eller færre) på 80-talet. I 1997-98 var det ikkje grunnskoleelevar lenger på spesialskolane Enen, Ratvikåsen og Stafsethneset. I 1998 blir dei u-delte skolane Ona/Husøy i Sandøy og Standal i Ørsta lagt ned. Dei to-delte skolane: Bergset og Gule i Fræna, Flemma og Heggem i Gjemnes og Rekdal i Vestnes blir og borte. I 1999 blir det 7 færre skolar. Stavik i Fræna, Engeset i Skodje, Veibust i Sula, Nord-Tustna i Tustna og Aurdal i Sykkylven - alle todelte - forsvinn. I tillegg blir Breivik i Aukra som er tre-delt lagt ned, og Tjørnvåg barneskole og Indre Herøy ungdomsskole blir slått saman til ein kombinert skole med nybygg.

I år 2000 blir det lagt ned 8 barneskolar, 3 u-delte og 5 to-delte: Steinsvik og Fylsvik i Volda, Øverdalen i Rauma og vidare Veblungsnes i Rauma, Mjosundet i Aure, Eidsøra og Rausand i Nesset, Syltefjord i Vanylven. Dette året får Valderøy og Skjong kvar si leiing, og det same gjeld og Halså og Blekken skolar, men desse endringane hadde ikkje konsekvensar for kvar elevane gjekk. Hjartå to-delte skole i Volda blir lagt ned og Alnes skole (1.-4. steg) i Giske får formelt status som eigen skole i 2001 medan den tidlegare har vore rekna som ein del av Godøy skole. Dette betyr at skoletalet er som i 2000. Sande kommune har lagt ned ein skole med ungdomssteg/kombinert i 2002. Vidare er det lagt ned 2 barneskolar i Ørsta, 1 i Herøy og 1 i Sande kommune.



## Oppsummering av strukturendringar

Vi ser at talet på skolar både barneskolar, kombinerte barne- og ungdomsskolar held seg om lag konstant frå 1975 til 1990 sjølv om elevtalet går ned med om lag 20 % på 80-talet. Overgangen til nytt inntektssystem for kommunane i 1985, noko som ga kommunane større fridom når det gjaldt økonomi, førte ikkje i første omgang til strukturendringar.

På 80-talet var det 3 spesialskolar i Møre og Romsdal, på 90-talet 2 og frå 1997-98 er det ein interkommunal spesialskole som gir opplæring både på grunnskole-, vidaregåande- og vaksenopplæringsnivå. Fram til HVPU-reformen var det 17 institusjonsskolar. 13 av desse gjekk over til å bli vaksenopplæringssentra noko dei reelt hadde vore i ei årrekke fordi dei fleste elevane var over grunnskolealder.

Frå 1989 til 2003 blir det nedlagt 44 barneskolar eller 20 % av desse skolane. Strukturen når det gjeld reine ungdomsskolar er om lag konstant, og det same gjeld kombinerte skolar, sjølv om det her er nokre få endringar. Årsaken til nedlegging av barneskolar er fleire. Nedgangen i barnetal på 80-talet er ei viktig årsak. Det at 6-åringane kom inn som eit årskull ekstra i 1997, førte nok til at nokre nedleggingstrua skolar slapp unna, fordi dei fekk tre-deling og unngjekk todeling. Dei aller fleste skolane som blei nedlagt hadde mellom 2 og 30 elevar, dvs at dei var u-delte eller to-delte. Dei fleste av desse skolane låg og i utkanten av kommunane der barnetal og folketal mange stader gjekk ned, medan det auka i sentrumskommunar og i kommunesentra. Stram økonomi i kommunane, delvis på grunn av endringar i tildelingskriteria i inntektssystemet, har nok og vore ein medverkande faktor.

Bortimot halvparten av skolane i fylket hadde under 50 elevar, sjølv etter innføring av 10-årig skole i 1997 (på landsbasis 28 %). Dette viser at Møre og Romsdal er eit fylke med mange grisgrendte område. Etter denne tid er det lagt ned om lag 20 barneskolar til.

### 2.3.2 Utvikling i ressursbruk

Fram til 1985 var ordninga at staten godkjende skolestruktur og klassedeling. I grunnskolelova var det reglar for tilhøve mellom elevtal og delingsmønster ved den enkelte skole. Dette gav så utgangspunkt for tildeling av eit undervisningstimetil til kvar skole og kommune. Skoledirektøren hadde godkjenningsansvar for denne tildelinga på 1970- og 1980-talet. Dei fleste kommunane følgde reglane i lovverket og gav ikkje ressursar ut over det godkjende timetalet. I denne perioden var det såleis elevtal, delingsmønster med klassetal og ev. endringar i skoletal som regulerte undervisningstimetil eller rammetimetil, som det etter kvart blei kalt. I tiårsperioden frå 1975 til 1984 var det auke i ressurstildelinga frå staten som førte til hovudendringane. Det var få endringar i den generelle tildelinga, og skolestruktur og klassedeling var nokså konstant. Men det er verdt å merke seg at spesialundervisningsressursen blei styrka i denne perioden til om lag det doble, frå 2,5 % i tillegg i 1975-76 til 5,1 % i 1982-83, jf. kap. Om spesialundervisning.

Når det gjaldt storleiken på tilskotet til kommunane var det tilskotsprosenten som avgjorde kor høg prosent av den økonomiske kostnaden ved undervisninga (lærarlønn m.v.) kvar kommune fekk frå staten. Det var kommunane sin økonomiske (for eksempel skattegrunnlag) og demografiske situasjon som avgjorde tilskottsprosenten som på landsbasis varierte frå 25 til 85 %. I Møre og Romsdal var det i 1969-71 ein variasjon frå 55 til 85 % og i 1981-83 frå 40 til 85 %. (Jf. oversyn i årsmelding for 1980-81, og i årsmeldinga for 1977-78 og 1978-79 er det tabellar som viser noko av grunnlaget for utrekninga.)

På 80-talet blir det eit par endringar i føresetnader som gjer at det kan vere interessant å sjå korleis ressursbruken endrar seg:

- Elevtalet går ned, men skoletalet endrar seg lite
- Nytt inntektssystem i 1985 som gir kommunane større fridom i ressursdisponering

Tabell 2.4 har vist korleis elevtalet har utvikla seg. Men kva dette har hatt å seie for klassetal og for ressurstildeling, kan vere interessant å studere. Tabell 2.5 nedanfor syner utvikling i klassetal og bruk av rammetimar.

**Tabell 2.5:**  
**Klassetal og rammetimetal**

Skoleår	Klassetal	Klassetal	Rammet.t. i 1000 timar	Rammet.t. i 1000 timar	Rammet.t. pr elev	Rammet.t. pr elev
	Barnesteg	Ungdomssteg	B.steg	U.steg	B.steg	U.steg
1980-81	1387	517	1566	934	64	
1981-82	1376	519	1550	943	64	
1982-83	1348	527	1529	957	65,7	
1983-84	1305	532	1472	958	65,4	
1984-85	1269	533	1422	958	66,3	
1985-86	1253	502	1393	932	67,0	77,1
1986-87	1231	505	1628	985	80,4	82,8
1987-88	1208	498	B+U 2792			

Tabellen viser at klassetalet på barnesteget i denne perioden går kontinuerleg ned med samla nær 13 %. På ungdomssteget er det nokre svingningar i klassetal, og elevtalsnedgangen gjer seg først gjeldande med synkande klassetal frå 1985-86. Tabellen nedanfor viser korleis klassetalet utviklar seg vidare med ein nedgang på 8-9 % i sum dei neste åra:

**Tabell 2.6:**  
**Endring i klassetal**

Delingsmønster	1985-86	1990-91	1993-94
Barnesteg, fådelt	540	532	497
Barnesteg, fulldelt	713	644	660
Ungdomssteg	502	445	443
<b>Sum</b>	<b>1755</b>	<b>1621</b>	<b>1600</b>

Tabell 2.5 viser at ressurstilgangen endrar seg nokonlunde i takt med klassetalet frå 1980-81 til 1984-85 med ein svak auke i rammetimetal pr elev på barnesteget. Overgangen til nytt inntektssystem i 1985 ser vi gjer seg gjeldande for alvor frå skoleåret 1986-87 med ein sterk auke. I årsmeldinga for 1986-87 blir det vist til at både elevtal og klassetal minkar, men rammetimetalet går likevel kraftig opp med nærare 17 % frå 1985-86 til 1986-87. Årsaken kan forklarast med tre forhold:

- Overgang til nytt inntektssystem der kommunane sjøl fastset ramme. Dette utgjorde 8-10 % for fylket, men det var stor variasjon frå kommune til kommune.
- Lovendring i § 6 i Grunnskolelova som gjorde at obligatorisk timetal for elevane på barnesteget auka i mange kommunar frå ein middel på 133 til 138 oppstigande timar. Dette utgjorde om lag 4 %.
- Overgang til revidert mønsterplan som førte til 1 samarbeidstime pr heile lærarstilling, og dette utgjorde om lag 4 % auke.

På grunn av overgangen til nytt inntektssystem blir det på slutten av 80-talet arbeid ein god del med å kome fram til høveleg statistikk, som gjer det mogeleg for departementet å følge opp om kommunane tilfredsstillar kravet i lovverket om høveleg undervisning. Det er derfor ikkje så lett å lage tabell som gir ei god samanlikning for perioden fram til 1993. Grunnskolens informasjonssystem blir utvikla i denne perioden. I årsmeldinga for 1993 finn vi ein oversikt som viser kva som er skjedd i hovudtrekk frå 1985-86 til 1993-94.

**Tabell 2.7:**  
**Endring i rammetimetal pr elev**

Skoleår	Elevar	Rammetimetal	Rammet. pr elev
1985-86	32.860	69.000 timar pr. veke	2,10 timar pr .veke
1986-87	32.460	73.200 timar pr veke	2,25 timar pr. veke
1987-88	31.280	72.300 timar pr. veke	2,31 timar pr. veke
1992-93	29.029	70.200 timar pr veke	2,42 timar pr. veke
1993-94	28.940	68.000 timar pr. veke	2,35 timar pr. veke

Rammetimetalet i denne tabellen inneheld også alle timar til spesialundervisning. Tabellen viser at rammetimetalet utrekna pr elev steig med 7 % då kommunane for skoleåret 1986-87 sjøl hadde ansvaret for ressurstildeling. Det neste året steig timetalet med 2,5 % og i dei neste fem åra med i alt 5 %. Den totale auken frå 1985-86 til 1992-93 var på 15 % utrekna i timar pr. veke pr. elev. Auken kulminerer dette året. Tala for 1993-94 viser ein nedgang på 3 %.

Den betydelige ressursveksten på siste halvdel av 80-talet har sin bakgrunn i:

- eit større omfang på spesialundervisninga, auka elevtimetal og bruk av gruppedeling og tolærarsystem,
- nedsett leseplikt på barnesteget (frå 29 til 27 timer frå og med skoleåret 1984-85),
- innføring av mønsterplanen M87 (mønsterplantimen frå 1987-88)
- og reduksjon av klassesdelingstalet frå 30 til 28 i løpet av perioden 1985 til 1990.

- Omlag  $\frac{3}{4}$  av ressursauken gjekk til auka elevtimal, spesialundervisning og gruppedeling, og resten kom elevane meir indirekte til gode gjennom å gi lærarane betre tilhøve.

Den siste tiårsperioden kan vi bygge på data frå statistikkssystemet som blei utvikla for grunnskolen. Av dei årlege tilstandsrapportane frå Statens utdanningskontor i Møre og Romsdal får vi fram ein tabell som gir god oversikt. Vi viser og til heftet: Ressursvurdering for grunnskolen i Møre og Romsdal, utgitt av Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal (september 2003, skrive av Elen Lein).

**Tabell 2.8:**

**Ressursar i form av årsverk til pedagogisk personale i grunnskolen**

Skoleår	Skole- tal	Klasse- tal	Elevtal	Gj.sn. klasse- storleik	Årsverk pr klasse	Elevlar pr årsverk	Summen av delings- timar u/valgfag og enkeltvedtak pr klasse
1993-94	293	1612	28990	18,0	1,7	10,7	371,6
1994-95	290	1594	28913	18,1	1,7	10,6	380,4
1995-96	286	1574	28769	18,3	1,7	10,7	384,2
1996-97	284	1594	29020	18,2	1,7	10,8	372,0
1997-98	277	1818	32634	18,0	1,6	11,0	376,2
1998-99	270	1808	32684	18,1	1,6	11,1	390,0
1999-00	263	1790	33955	18,4	1,65	11,2	382,2
2000-01	257	1774	33088	18,6	1,65	11,3	396,8
2001-02	257	1771	33278	18,8	1,65	11,4	385,1
2002-03	253	1771	33700	19,0	1,65	11,6	386,2
2003-04	246		33894			11,9	
2004-05	238		33632			11,6	

Det klåraste skiljet vi ser i denne tabellen er auken i elevtal med eitt årskull hausten 1997 då 6-åringane fekk skoleplikt. Klassenetalet steig med 224 det året og elevtalet i gjennomsnitt pr klasse gjekk svakt ned. Samla sett for tiårsperioden ser vi at middels elevtal pr klasse aukar frå 18 til 19 dvs. 5,5 %. Elevlar pr årsverk aukar frå 10,6/10,7 til 11,6, noko som utgjer 8-9 %. Summen av timar til deling og spesialundervisning svingar ein del, men må seiast å vere nokså konstant over denne siste perioden. Konklusjonen er at det har vore ei tydeleg ressursinnsparing i denne perioden. Det er lagt ned 40 skolar på ti år, og det er sidan 1997-98 nær 50 færre klassar.

## 2.4 Skolestruktur og ressursutvikling i vidaregåande opplæring \*

\* Kjelde til stoffet for perioden 1950 til 1984 er Anders Stølen: Skole for nye slekter. (Møre og Romsdal fylkeskommune 1986) Frå 1985 er kjelda årsmeldingar/årsoversyn (1985-1999), og vidare årsrapport frå Møre og Romsdal fylkeskommune (2000-2004).

### **2.4.1 Opplæring i fylket på 50-talet**

På 50-talet var det få elevar som fekk skolegang på det nivået vi i dag kallar vidaregåande opplæring. Det var berre 4 skolar med gymnas: Ålesund off. høgre skole, Volda landsgymnas, Molde kommunale høgre ålmennskole og Kristiansund off. høgre allmennskole.

Innan yrkesopplæring for handverk og industri var det 4 yrkesskolar, 3 heimeyrkesskolar og 9 lærlingeskolar: Kristiansund yrkesskole/lærlingeskole, Ålesund yrkesskole, Møre snikkar- og teikneskule/Borgund yrkesskole, Møre og Romsdal arbeidsskule/heimeyrkesskole - frå 1962 Romsdal yrkesskole, Ørsta yrkesskole, Sunndal yrkesskole/Nordmøre yrkesskole, Herøy heimeyrkesskole/Herøy yrkesskole. Møre og Romsdal tekniske skole kom i gang i Ålesund i 1964 og var forløparen til teknisk utdanning på høgskolenivå.

Innan handelsutdanning var det desse skolane: Volda handelsskole og handelsgymnas der det økonomiske gymnaset i 1962 gjekk inn i landsgymnaset, Ålesund handelsskole og handelsgymnas, Laders handelsskole i Kristiansund, Rasmussens handelsskole i Molde og Græsdals handelsskole i Sunndal.

Følgjande husmorskolar eksisterte på 50-talet: Søre Sunnmøre husmorskule i Herøy, seinare Ørsta, Sunnmøre husmorskule i Ørskog, Romsdal husmorskule på Nesjestranda, Nordmøre husmorskule i Halså, Kristiansund husmorskole på St.Hanshaugen, Ålesund husmorskole. Vidare var det husflidskole på Kviltorp i Molde.

På 50- talet var det opplæring innan jordbruk tre stader i fylket: Eidså i Vanylven som gjekk inn i 1953 da hagebruksskole blei oppretta i Skodje, landbruksskole på Gjermundnes og jordbruksskole på Tingvoll.

Når det gjaldt maritime fag var det to skolar i Ålesund: Ålesund offentlige sjømannsskole og Ålesund maskinistskole. Vidare var det sjømannsskole i Kristiansund og Statens fiskarfagskole på Aukra.

Sjukepleiaropplæring kom i gang i 1958 som Nasjonalforeningens og Møre og Romsdals sjukepleieskole. Skolen låg i Molde, men elevane hadde praktisk opplæring ved alle tre sjukehusa i fylket. Denne opplæringa ligg i dag på høgskolenivå. Vidare var det hjelpepleieskole i Volda.

Det var over 30 einingar som dreiv opplæring som bygde på realskole eller folkeskole i denne perioden, men det var få elevar ved kvar skole. Det totale elevtalet er det vanskeleg å finne statistiske opplysningar om. Ein del av kursa var berre halvårlege.

### **2.4.2 Situasjonen på 60- og 70-talet**

Det skjedde store endringar i styringsstrukturen på 60-talet. Lov om fylkeskommunen vart sett i verk frå 1. januar 1964, og frå då av omfatta fylkeskommunen også byane.

På same tid var det ei større omlegging av kommunestrukturen frå 61 (65 i 1959) til 35 kommunar. Fylkesskolestyret hadde fram til 1964 i hovudsak vore eit organ for grunnskolen. I 1959 var det kome inn i folkeskolelova at fylkesskolestyret skulle vere styre for dei skolane som fylket dreiv, men det var først i 1964 at fylket tok over alle offentlege vidaregåande skolar. Fylkeskommunen hadde frå før hatt ansvaret for 10 skolar (fk) og overtok no ansvaret for 26 skolar. (Statens fiskarfagskole på Aukra held fram som statleg skole.) Tilskotsprosenten frå staten vart etter noko drøfting fastsett av departementet til 70 %, fordi det i fylket var etter måten mange små skolar med små klassar. Ordna distriktsvis såg skolelista slik ut ved overtakinga i 1964: (nokre av skolane nedanfor heldt til i same bygg)

- Volda landsgymnas
- Volda handelsgymnas
- Volda handelsskule
- Volda lærlingeskule
- Hjelpepleieskulen i Volda (fk)
- Ørsta yrkesskule
- Søre Sunnmøre husmorskule (fk)
- Herøy yrkesskule
- Ålesund offentlige høgare allmennskole
- Ålesund handelsgymnas
- Ålesund handelsskule
- Ålesund yrkesskule
- Ålesund husmorskule
- Ålesund navigasjonsskule
- Ålesund maskinistiskule
- Ålesund lærlingeskule
- Borgund yrkesskule
- Planlagt teknisk skule
- Hagebruksskolen på Skodje (fk)
- Sunnmøre husmorskule (fk)
- Landbruksskolen på Gjermundnes (fk)
- Molde kommunale høgare allmennskole
- Romsdal yrkesskule
- Møre og Romsdal husflidsskule for kvinner (fk)
- Romsdal husmorskule (fk)
- Nasjonalforeningens og Møre og Romsdal sjukepleiesskule (fk)
- Kristiansund offentlige høgare allmennskole
- Kristiansund yrkesskule
- Kristiansund navigasjonsskule
- Kristiansund maskinistiskule
- Kristiansund husmorskule
- Kristiansund lærlingeskule
- Tingvoll samlegymnas
- Jordbruksskolen på Tingvoll (fk)
- Nordmøre husmorskule, Halså (fk)
- Nordmøre yrkesskule, Sunndal

1960 talet blei den store utgreiingsperioden. For vidaregåande opplæring var det Skolekomiteen av 1965 som skulle kome til å legge hovudrammene for utviklinga av eit skolesystem for aldersgruppa 16-19 år bygd på 9-årig grunnskole. Tre tilrådingar blei lagt fram i 1967, 1969 og 1970. I St.meld. nr 91 (1969-70) Om reform av gymnaset og utbygging av det vidaregåande skoleverket, tok regjeringa standpunkt til saka og Stortinget gjorde sitt vedtak 2. nov. 1971 i Innst. S. nr 293 (1970-71). Komiteen gjekk inn for at det skulle drivast forsøk med utforminga av det vidaregåande skoleverket, noko som alt var i gang frå 1969.

Kva førte så dette til i Møre og Romsdal? Etter at ordninga med felleskontor for fylkesskolestyret og skoledirektøren vart innført i 1965, tok skoledirektøren fatt på ein utbyggingsplan som skulle omfatte alle utdanningstilbod i fylket etter grunnskolen. Planen blei ferdig i september 1967 og lagt fram for fylkestinget som melding. Det blei ikkje tatt konkret standpunkt til planen, men i 1968 nedsett ein fylkesplankomite som skulle kome med framlegg til 3-årig utbyggingsplan for all fylkeskommunal utbygging inkludert vidaregåande opplæring. Medan denne komiteen arbeidde kom innstillingane frå Skolekomiteen av 1965. Parallelt med dette la etatane, etter oppdrag frå fylkesplankomiteen, fram forslag til sektorvise planar. Skoledirektøren valde å legge fram ein plan i tråd med signal frå Skolekomiteen og departementet i juni 1970, revidert i mars 1971. Planframlegget la til grunn ei moderat desentralisering med skoletilbod på 10 nye stader og med kombinerte skoleanlegg. Forsøksrådet for skoleverket utarbeidde konsultative utgreiingar om lokalisering og utbygging av gymnas og yrkesskolar i fylka. Utgreiinga for Møre og Romsdal blei avgitt i 1971 og var av dei første. Den bygde på skoledirektøren si utgreiing, men hadde framlegg om noko sterkare desentralisering. Fylkestinget fatta ikkje vedtak ved handsaminga i 1971, og la saka ved møteboka. Det var på 70-talet ulike oppfatningar i fylkestinget om kva mønster ein skulle bygge ut etter:

- tradisjonelle gymnas og yrkesskolar, eller kombinerte skolar
- desentraliseringsgrad
- elevtalsprognosar

Det blei tatt standpunkt til utbygging etter kvart. Ved fylkestingsbehandling i 1972 blei det vedtatt nybygg av vidaregåande skolar i Ulstein, Stranda, Sykkylven, Brattvåg, Fræna/Eide, fagskolar i husstell i Ålesund og Molde og Ålesund handelsgymnas/handelsskole. I tillegg vart det vedtatt påbygg ved 8 yrkesfaglege skolar. Med denne utbygginga i løpet av ein seksårsperiode ville ein kome opp i eit tal på elevplassar som tilsvarte to gonger fødselskullet. I 1975 ved fylkesplanrevisjonen blei det endringar gjennom at det blei vedtatt å sette i gang filialklassar i Vanylven under Herøy yrkesskole, filialklasse i Aure under Surnadal vidaregåande skole, filialklasse på Smøla under Fosna vidaregåande skole i Kristiansund, og vidaregåande skoletilbod på Averøy.

Lov om vidaregåande opplæring blei vedtatt i 1974 og gjennomført frå 1. januar 1976. Dette året nedsette fylkesutvalet ei nemnd til å arbeide ut ein ny utbyggingsplan som blei handsama og vedteken av fylkestinget i 1979, den første samla utbyggingsplanen som var politisk vedtatt. Det vart no vedtak om vidaregåande skolar i Giske, Sandøy og Sula, og fylkesskolestyret gjorde nærare vedtak om tilbodet i Aure, Smøla og Sandøy. Fylkestinget vedtok og filial i Norddal under

Gjermundnes landbruksskole. Målet for fylket var no å gi elevplassar til 230 % av årskullet.

### 2.4.3 Perioden 1980 - 2004

Tabell 2.9 viser vidaregåande skolar ved slutten av 70-talet, midt på 80-talet, midt på 90-talet og i 2003-04.

Da fylket tok over ansvaret for vidaregåande skolar i 1964 var det i alt 36 skolar + ein statleg (Aukra). I 1966 var det til saman 4600 elevar ved desse skolane - i gjennomsnitt 125 ved kvar skole. Gymnasa med treårig tilbod var dei største, men ellers var det mange små skolar.

I 1980 var skoletalet auka til 46 + ein privat. Snittelevtalet ved kvar skole nærma seg no 200, men det var framleis mange små skolar, og dei store hadde vakse. Auken i skoletal kjem av at det på 70-talet blei etablert mange kombinerte vidaregåande skolar f. eks. Stranda, Sykkylven, Haram, Rauma. Det var og under etablering ein del desentraliserte tilbod som t.d. Sandøy, Smøla, Aure.

I 1986-87 var talet på skolar 45 + ein privat. Det var få endringar i strukturen i denne perioden. Sjukepleieskolane gjekk over til høgskolesystemet og eit par skolar blei lagt inn i næraste vidaregåande. Samtidig kom det til to nye skolar, Giske (1983) og Sula (1986). Det gjennomsnittlege elevtalet på skolane nærma seg no 250 med ein variasjon frå om lag 15 til 750.

I 1995-96 var det 41 skolar + ein privat. Hovudårsaken til dette var at 2 skolar i Volda, 3 av skolane i Molde og 3 av skolane i Kristiansund var slegne saman under ei leiing/administrasjon. Skolestader og til dels lokale var i stor grad dei same, men dei blei administrert som ein skole. I Ålesund er ein skole splitta i to administrasjonar, Spjelkavik og Ålesund v.g. skole. Tilboda var under endring på grunn av Reform 94. Gjennomsnittleg elevtal ved skolane i fylket var omlag det same som ti år tidlegare.

Den siste tiårsperioden har samanslåinga i større einingar halde fram i byane og i andre sentra. Samtidig er ein del av dei minste skolane i distriktet lagt ned t.d. Sandøy, Smøla, Aure, Sula, Giske, og andre hadde fått filialstatus: Aukra, Averøy, Vanylven. I 2003-04 var det 25 skolar, men talet på lærebedrifter hadde auka etter Reform 94 og var no på 1400. Gjennomsnittleg elevtal ved kvar skole nærma seg no 330.



**Tabell 2.9:**

**Vidaregåande skolar i perioden 1979-2005**

Skolar i 1979-80	Skolar i 1986-87	Skolar i 1995-96	Skolar i 2003-04
Volda vidaregåande skole AF	Volda vidaregåande skole AF	Volda vidaregåande skole	Volda v.g. skule
Volda v.g. skule HK	Volda v.g. skule HK		
Hjelpepleieskulen i Volda	Hjelpepleieskulen i Volda		
Ørsta v.g. skule HI	Ørsta v.g. skule HI	Ørsta v.g. skule HI	Ørsta v.g. skule
Ørsta v.g. skule HH/HE	Ørsta v.g. skule HH/HE	Ørsta v.g. skule HH/HE	
Herøy vidaregåande skule	Herøy vidaregåande skule	Herøy vidaregåande skule	Herøy v.g skule med avd. Vanylven
Vanylven v.g. skule (filiaklassar Herøy)	Vanylven v.g. skule	Vanylven v.g. skule	
Ulstein vidaregåande skole	Ulstein vidaregåande skole	Ulstein vidaregåande skole	Ulstein v.g. skule
Fagerlia v.g. AF/HK	Fagerlia v.g. AF/HK	Fagerlia v.g. AF	Fagerlia v.g. skole
Fagerlia v.g. HH/HE	Fagerlia v.g. HH/HE	Fagerlia v.g. HH/HE	
Ålesund v.g., Spjelkavik og Øwre gt. AF/HK	Ålesund v.g., Spjelkavik og Øwre gt. AF/HK	Ålesund v.g. skole, Øwre gt	Ålesund v.g. skole
		Spjelkavik v.g. skole	Spjelkavik v.g. skole
Ålesund maritime skole	Ålesund maritime skole	Ålesund maritime skole	Ålesund maritime og TF med avd. Fogdegården
Møre og Romsdal tekniske fagskole	Møre og Romsdal tekniske fagskole	Møre og Romsdal tekniske fagskole	
Møre og Romsdal sjukepleiarskole, Ålesund (høgskole frå 1981)			
Borgund v.g. skule	Borgund v.g. skule	Borgund v.g. skule	Borgund v.g. skole med avd. Nørve og Sula
Nørve v.g. skule	Nørve v.g. skule	Nørve v.g. skule	
	Sula v.g. skole	Sula v.g. skole	
	Giske v.g. skole	Giske v.g. skole	
Stranda v.g. skole	Stranda v.g. skole	Stranda v.g. skole	Stranda v.g. skole
(Vestborg v.g. skole, privat HK)	(Vestborg v.g. skole, privat HK)	(Vestborg v.g. skole, privat HK)	(Vestborg v.g. skole, privat)
Sykkylven vidaregåande skole	Sykkylven vidaregåande skole	Sykkylven vidaregåande skole	Sykkylven v.g. skule
Haram vidaregåande skole	Haram vidaregåande skole	Haram vidaregåande skole	Haram v.g. skule
Ørskog v.g. skule	Ørskog v.g. skule	Ørskog v.g. skule	Ørskog v.g. skule
Gjermundnes landbruksskole	Gjermundnes landbruksskole	Gjermundnes landbruksskole	Gjermundnes v.g. skule
Vestnes v.g. skole (eigen adm. 1980)	Vestnes v.g. Skole	Vestnes v.g. skole	
Hjelpeskolen i vernepleie ved Hellandheimen	Hjelpepleieskolen i vernepleie ved Hellandheimen	Hjelpepleieskolen i vernepleie ved Hellandheimen	

Skolar i 1979-80	Skolar i 1986-87	Skolar i 1995-96	Skolar i 2003-04
Molde v.g. skole	Molde v.g. skole	Molde v.g. skole	Molde v.g. skole
Romsdal v.g. skole	Romsdal v.g. skole	Romsdal v.g. skole	Romsdal v.g. skole med avd. Nesjestranda
Granlia v.g. skole	Granlia v.g. skole		
Kviltorp v.g. skole	Kviltorp v.g. skole		
Nesjestranda v.g. skole	Nesjestranda v.g. skole	Nesjestranda v.g. skole	
Hjelpepleiarskolen i psykiatrisk sjukepleie, Opdøl i Molde	Fannefjord v.g. skole	Fannefjord v.g. skole	Fannefjord v.g. skole med avd. Sagbakken
		Sagbakken v.g. skole	
Møre og Romsdal sjukepleiesskole, Molde (høgskole frå 1981)			
Rauma v.g. skole	Rauma v.g. skole	Rauma v.g. skole	Rauma v.g. skole
Fræna v.g. skole	Fræna v.g. skole	Fræna v.g. skole	Fræna v.g. skole med avd. Aukra
Aukra v.g. skole	Aukra v.g. skole	Aukra v.g. skole	
Sandøy v.g. skole (1980)	Sandøy v.g. skole	Sandøy v.g. skole	
Atlanten v.g. skole	Atlanten v.g. skole	Atlanten v.g. skole	Atlanten v.g. skole
St. Hanshaugen v.g. skole	St. Hanshaugen v.g. skole	Kristiansund v.g. skole	Kristiansund v.g. skole med avd. Averøy
Kristiansund maritime og tekniske fagskole	Kristiansund maritime og tekniske fagskole		
Fosna v.g. skole	Fosna v.g. skole		
Hjelpepleiarskolen i Kristiansund (lagt til Fosna i 1981)			
Averøy v.g. skole (eigen adm 1980)	Averøy v.g. skole	Averøy v.g. skole	
Tingvoll v.g. skole	Tingvoll v.g. skole	Tingvoll v.g. skole	Tingvoll v.g. skole
Jordbruksskolen på Tingvoll (lagt til Tingvoll v.g. i 1980)			
Sunndal v.g. skole	Sunndal v.g. skole	Sunndal v.g. skole	Sunndal v.g. skole
Surnadal v.g. skole	Surnadal v.g. skole	Surnadal v.g. skole	Surnadal v.g. skole
Halsa v.g. skole	Halsa v.g. skole	Halsa v.g. skole	
Aure v.g. skole (eigen adm. 1980)	Aure v.g. skole	Aure v.g. skole	
	Smøla v.g. skole	Smøla v.g. skole	

## 2.4.4 Elevplassar og kapasitet i høve årskullet

Talet på elevplassar steig jamt på 50-, 60, og 70 talet. På 70- og 80-talet var årskullet på om lag 4000 unge/16-åringar, men gjekk ned til om lag eller under 3200 på det lågaste ved årtusenskiftet, for så å auke noko igjen.

Tabell 2.10:

### Elevplassar, kapasitet, elev- og lærlingtal

Årstal	Elevplassar	Søkarar 1. år + 2. og 3. år	Årgangstall	Elevplassar/årgangstall	Avviste 1. år/primær-søkere	Elevtal	Løpande lærekontrakt
1966-67	4600						
1974-75	6885	3926 + 2414 *	4026	1,71	6 %		
1975-76	7467						
1977-78	8065	6069	3934	2,05			
1982-83				2,51			ca 350
1984-85	11640	11490 + 5178 *	4114	2,83	35 %		ca 550
1987-88	11588	10800 + *	4097	2,83	7 % ? 31 %	11018	1085
1990-91	13464	11885 + *	3820	3,52	7,5 % ? 25 %	11184	1319
1993-94	12726	11483 + *	3253	3,91	2,8 %	11703	1185
1996-97	11712	12035 (inkl.lærl.)	3225	3,63	1,3 %	10148	1700
1999-00	10686	9871	Ca 3200	3,25 / 3,30 ?	1,3 %	9466	1750
2002-03	10483	10318	Ca 3200	Ca 3,30		8200	1700
2005-06			Ca 3400				

\* I 1984-85 var det f.eks. 11490 søkarar til fellesinntaket + at det var 5178 elevar som hadde gjennomført 1. år/2. år og som blei tatt inn i 2. år /3. år utan å måtte søke. I hovudsak var dette elevar i allmenn studieretning.

Tabellen syner at kapasiteten i vidaregåande opplæring aukar til det dobbelte frå 1966-67 til først på 80-talet og aukar vidare til om lag det tredobbelte i 1990. Årgangstalet på 16-19-åringar var på rundt 4000 på heile 70- og 80-talet, og vi ser at kapasiteten aukar frå å ha plass til vel eitt årskull i 1966-67 til 1 3/4 årskull midt på 70-talet ved innføring av Lov om vidaregåande opplæring i 1976. Kapasiteten var på det høgste i 1993-94 med 11700 elevar, nesten fire gonger årskullstorleiken, men vi må merke oss her at storleiken på årskullet no hadde gått vesentleg ned. Det betydde at det kunne takast inn etterslep av elevar som tidlegare var avviste, i realiteten vaksne. Det var og mange vaksne som tok fagbrev ut over 90-talet.

På siste halvdel av 80-talet var søkinga til vidaregåande opplæring svært høg og mange elevar blei avvist. Dette kom dels av eit etterslep, dvs at elevar som var eldre

enn 16, 17, 18 år søkte seg til grunnkurs og vidaregåande kurs fordi dei ikkje hadde kome inn før. Det kom og av at det hadde vore vanskeleg å kome inn på førsteønsket om tilbod, og mange av desse søkte til nye grunnkurs. Det var såleis ein del unge som gjekk meir enn 3 år i vidaregåande opplæring, kanskje både 4, 5 og 6 år.

Ved Reform 94 blei det fastsett i inntaksforskrift at fylka skulle ha plass til 375 % av årskullet i vidaregåande opplæring. Når kapasiteten var så høg i 1993-94 som nesten fire gonger årskullet kom det av at staten hadde dekt kostnaden ved ekstraklassar for å minske arbeidsløysa i ungdomsgruppa. Frå 1986 var og fylkeskommunen kome inn under det nye inntektssystemet, og vi ser at kapasiteten held seg oppe sjøl om det blei slutt med det øymerka tilskottet. Tilskottet til ekstraklassane var likevel øymerka og førte til auka kapasitet. I 1994 blei ramma til skole i inntektssystemet regulert, og fylkeskommunen fekk heile ansvaret for at kapasiteten var høg nok til at alle unge skulle få rett til 3 års vidaregåande opplæring. Tabellen viser at avvisinga av elevar ved inntaket går klårt ned. Dei som no ikkje blir tatt inn er nok vaksne som ikkje hadde same rett, eller elevar som alt hadde gjennomført tre år i skoleslaget.

Vidare kan vi lese ut av tabellen at elevtalet i vidaregåande opplæring går ned med 30 % frå 1993-94 til 2002-03. Dette skyldast i stor grad nedgangen i årskulla på 20-25 %. På 90-talet slår nedgangen for alvor inn i dette skoleslaget. Men vi ser og eit anna interessant trekk. Talet på læringar aukar til det femdoble frå først på 80-talet til slutten av 90-talet. Det er no om lag 1400 lærebedrifter som tar inn lærlingar i fylket. I og med Reform 94 blei hovedordninga i yrkesopplæringa 2 år i skole og 2 år i lære/verdiskaping i bedrift, noko som samla utgjør 3 år i vidaregåande opplæring. Det var såleis i 2002-03 samla sett 9900 som hadde tilbod om vidaregåande opplæring i fylket, dvs. i overkant av 3 årskull.

## 2.5 Oppsummering for heile 50-årsperioden

### 2.5.1 Grunnskole

Talet på folkeskolar/barneskolar var i 1954-55 på 464 og gjekk ned til 270 i 1972-73. I alt 198 skolar blir nedlagt, med den høgste nedleggingsfrekvensen fram til midt på 60-talet. Fylket er tidleg med i forsøk med 9-årig skole, alt frå starten i 1955. Men hovudinnføringsperioden i kommunane blir frå 1968 til 1974 då 70 % av ungdomsskolar og kombinerte barne- og ungdomsskolar blir etablert.

Skolestrukturen er stabil gjennom 70- og 80-talet, men frå 1990 og fram til i dag har det igjen vore ein nedleggingsperiode når det gjeld barneskolane. Av 234 skolar i 1975 var det lagt ned 58, slik at det i 2002-03 var 176 barneskolar.

Dette betyr 256 nedlagde skolar på 50 år i fylket. Samanlagt var det med barneskolar, kombinerte skolar og ungdomsskolar 253 kommunale og 2 private grunnskolar i 2002-03. Ettersom det var 464 folkeskolar i 1954-55 er det no om lag 210

færre skolar på grunnskolenivå. Talet på skolar med ungdomssteg har vore nokså konstant på rundt 80 skolar dei siste 30 åra. Det er små barneskolar med under 30 elevar som er nedlagt i to hovudperiodar, den første på 50- og 60-talet, og den andre på 90-talet fram til 2003.

Årsakene til omstruktureringa i første periode finn vi i innføring av auka minstetimetall og betre klassesdeling i landsfolkeskolen. Dermed blei det behov for fleire lærarar. Vidare førte det til krav om betre skolebygg fordi rombehovet auka, men også fordi mange av bygga var frå 1800-talet og trengte fornying. Vidare var det også i denne perioden utbygging av vegar og bruer, og det blei etablering av skoleskyss i mange kommunar. I den andre nedleggingsperioden frå 1990 og utover er det nedgang i elevtal og økonomisk innsparing i kommunane som er hovudårsakene.

Ressursmessig var det staten som fram til og med 1985 la rammene gjennom lov og regelverk. Frå og med innføring av nytt inntektssystem i 1986 har kommunane hatt større fridom når det gjeld ressurstildeling. Lovverket har også i fleire omgangar på 80- og ut over 90-talet gjennomgått endringar som har gitt kommunane større handlingsrom i organisering og ressursbruk. I løpet av dei siste 20 åra ser vi at ressurstildelinga auka frå 1985 til 1993 med om lag 15 %, medan det sidan har vore ei jamn innstramming på 8-9 % frå 1993 til 2002. Dette gjeld fylket sett under eitt, men det er ein god del variasjon mellom kommunane.

## **2.5.2 Vidaregåande opplæring**

På 50-talet var det eit fåtal unge som fekk skolegang ut over folkeskole og ev. realskole. Det var 4 gymnas, 4 yrkesskolar, 3 heimeyrkesskolar, 5 handelsskolar, 6 husmorskolar, 1 husflidskole, 3 jordbruksskolar og 3 sjømanns- eller fiskarfagskolar, men det var få elevar ved kvar av skolane, og bortsett frå i gymnasa var tilbodet gjerne ½- til 1-årig. Skolane var eigd og drevne av anten stat, fylke, kommune eller private.

Frå fylket overtar ansvaret for vidaregåande opplæring i 1964 skjer det ikkje så store endringar i struktur før effekten av reformen i vidaregåande opplæring gjer seg gjeldande på 70-talet. Strukturen endrar seg ved at det blir etablert kombinerte vidaregåande skolar i område som ikkje tidlegare hadde hatt skoletilbod. Søkinga til vidaregåande opplæring aukar sterkt ut over både 60- og 70-talet etter kvart som ein større del av ungdomskullet gjennomfører realskole og seinare 9-årig skole.

Talet på skolar aukar frå 36 midt på 60-talet til 46 rundt 1980. Da er det komne til fleire nye kombinerte vidaregåande skolar i bygdesentra, men den gamle strukturen ligg der framleis i byane og enkelte sentra. Det skjer heller ikkje mykje med strukturen på 80-talet, men søkinga aukar til det tredoble av det den var 25 år tidlegare. Først på 90-talet er det ein kapasitet som utgjer nær fire årskull. Dette har samanheng med krav om kapasitet i samband med innføring av rett til 3 år i vidaregåande opplæring. Det blei utover 90-talet plass til ein større del av kullet - utan auke i elevplasstalet - fordi årskulla på 90-talet gjekk ned med 20-25 %. Sjøl om

det var ein del omvalg, var det ein del vaksne som tidlegare ikkje hadde fått fullstendig 3-årig tilbod som no søkte og fekk opplæring.

Dei siste 10-15 åra har fylkeskommunen gjennomført strukturelle endringar ved at det er lagt opp til store vidaregåande skolar ved samanslåing av skolar i sentra der det har vore fleire skolar som i Volda, Ørsta, Ålesund, Molde og Kristiansund. Skoletalet er såleis redusert til 2-3 i kvar av byane. Dei mest desentraliserte tilboda har og falle vekk i denne perioden dels pga økonomisk effektivisering, men også fordi årskulla er blitt mindre i dei områda skolane rekrutterte elevvar frå. Inntaksreglane vart og endra i retning av friare skolevalg for elevane, noko som førte til svakare rekruttering til små og desentrale skolar. Eksempel på nedlagde skolar er: Giske, Sandøy, Halså, Smøla og Aure. Andre, som Vanylven, Aukra og Averøy, var blitt filialar eller avd. under andre vidaregåande skolar.

# Kap. 3 Spesialundervisning – elevar og ressursar

---

## 3.1 Hjelpetiltak og spesialundervisning i perioden 1953-1973

På den tid da Møre og Romsdal skoledirektørembete blei skipa (1953) var det lite tale om hjelpetiltak i folkeskolen. Lærarane måtte så godt som råd var ta seg av alle elevane utan ekstra tildeling av timar til dei som hadde vanskar med å følgje med. Resultatet var at enkelte elevar gjekk gjennom folkeskolen utan å tileigne seg stort av det som var minstekrav i læreplanen av 1939. Det var nok somme som snautt lærde å lese og skrive.


For funksjonshemma elevar var det vanskeleg å få plass på spesialscolar. Lov om spesialscolar frå 1951 la opp til statleg ansvar for slike solar, men i Møre og Romsdal var det ingen slike solar, og dei få som kom inn måtte dra til Trøndelag. Mange blei gåande heime utan å få noko undervisning. Det var den gongen ikkje tale om heimeundervisning.

### 3.1.1 Hjelpe- og støttetiltak

Ved lovendring i 1955, både i lovene for lands- og byfolkeskolen, blei det slått fast at skolestyra skulle ha plikt til å skipe særskilt hjelpeopplæring for barn som ikkje kunne følgje med i den vanlege skolen. Det gjekk likevel tregt med å gjennomføre dette og det var berre vel halvparten av kommunane som sette av timar til hjelpetiltak i skoleåret 1961/62, og det var stor variasjon også mellom dei kommunane som sette av ressursar.

Frå 1961/62 til 1971/72 steig talet på hjelpetimar til det åttedoble i fylket slik figuren viser.

Dette er timar som seinare blei kalla A-timar, og som gjekk inn i rammetimetalet på 70-talet. Frå då må vi sjå på desse ressursane som innbakt i delingstimetalet.



Timar til hjelpeundervisning i barneskolen (A-timar).

Frå 1962/63 er hjelpetiltaka tatt med i den offisielle statistikken. Figuren viser utviklinga i ressursar, og tabell 3.1 nedanfor viser talet på elevar som fekk hjelpeundervisning frå 1962/63 til 1971/72. Frå 1972/73 gjekk ordinær hjelpeundervisning inn i rammetimetallet i Møre og Romsdal.

**Tabell 3.1:**

**Hjelpe- og støtteundervisning i barneskolen 1962/63 til 1971/72**

	Elevar med hj.u.v.	I prosent av alle elevar	Lærartimar (A-timar)
1962/63	1.109	3,9%	
1963/64	1.409	5,0%	
1964/65	1.615	5,7%	
1965/66	1.738	6,2%	59.674
1966/67	2.121	7,6%	74.232
1967/68	2.344	8,5%	88.481
1968/69	2.446	9,3%	98.111
1969/70	2.620	9,9%	117.550
1970/71	2.706	10,7%	123.703
1971/72	2.901	11,6%	166.336

Ser vi på omfanget av hjelpe og støttetiltak, går det fram at det er ein kraftig auke i talet på elevar frå 3,9 til 11,6% over ti år. Ressursen utrekna pr elev som får hjelpetiltak er liten, den aukar frå omlag 1 time pr veke i 1965/66 til 1,5 timar pr veke i 1971/72.

### 3.1.2 Timar etter særskilt vurdering (B-timar)

Lov om grunnskolen frå 1969 førte til ein del endringar. I tillegg til vanleg hjelpeundervisning blei det frå 1969/70 tildelt hjelpetimar etter særskilt vurdering til funksjonshemma elevar som trengte meir vidtgående hjelpetiltak. I Møre og Romsdal



var omfanget av slike timar 4,7% av grunntimetalet, mens gjennomsnittet for landet var 4,5%.

I 1974/75 blei ramma for timar til særskilt undervisning, B-timar, sett til 2 % av undervisningstimetalet. Det var da ein føresetnad at ein større del av behovet skulle dekkast av rammetimetalet.

Frå 1964 var det heimel for ei rammeordning med å gi heimeundervisning til elevar som anten hadde stuttare frávær på grunn av sjukdom eller for elevar med varig funksjonshemming. Etter kvart vart det skipa grupper eller klassar ved somme skolar i fylket. Det første eksemplet på dette var Hovden skule i Ørsta. I 1973/74 fekk 60 % av elevar som mottok spesialundervisning i Møre og Romsdal denne undervisninga i vanlege grunnskole.

### 3.1.3 Spesialskolar

Frå 1962/63 var det heimel for undervisning ved åndsvakeheimar og pleieheimar. Det utvikla seg etter kvart skolar ved dei sosiale og medisinske institusjonane slik at det i 1973/74 var 712 elevar som fekk undervisning med 23 lærarar i full post og 28 timelærarar.

På slutten av 60-talet og først på 70-talet var det ei planlegging av utbygging av spesialskolar. Fylkesutvalet oppnemnde i 1969 ein komite for spesialpedagogiske tiltak i fylket. Skoleinspektør Martin Korsbrekke i Ålesund blei formann og konsulent Arne Melle ved skoledirektørkontoret sekretær. Innstillinga frå komiteen gjekk ut til høyring i mai 1970 og det kom inn mange og fylldige fråsegner. I uttalane frå psykologane var det ei kritisk drøfting med forslag om større desentralisering enn i framlegga frå komiteen. Meiningskilnadene gjaldt først og fremst dei planlagde spesialskolane i Kristiansund, Molde og Ålesund. Komiteen hadde tatt desse skolane inn i framlegget mellom anna fordi dei etter lokalt initiativ alt var kome langt i planlegging, t.d. var Molde spesialskole alt under bygging på Tøndergård.

I eit par drøftingsmøte i 1971 innkalla av Skoledirektøren deltok formannen i Spesialskolerådet, psykologane i fylket, representantar for dei tre byggekomiteane og skoleinspektørane i dei tre vertskommunane Kristiansund, Molde og Ålesund. Det gjekk deretter ut rundskriv frå skoledirektøren til skolestyra i Møre og Romsdal der det i sju punkt slås fast kva ein bør ta omsyn til ved utbygging av spesialskolar. (20-årsmeldinga s. 213-214)

Rundskrivet viser at det i 1971 vart semje om å etablere spesialskolar i fylket med ein kapasitet på 0,5% av elevtalet i grunnskolen. Komiteen hadde hatt forslag om 0,7%. Både komiteen og skoledirektøren meinte at det også burde byggjast spesialskole i Volda. Resultatet var at Molde spesialskole (Tøndergård) kom i drift i 1972, Røsslyngveien i Kristiansund i 1974, og Rattvikåsen i Ålesund i 1975. Det blei lagt opp til følgjande kapasitet: 48 elevplassar (24 i elevheim) i Molde, 48 (24) i Kristiansund og 72 (10) i Ålesund. Skolane var planlagt slik at dei i hovudsak skulle ta inn elevar frå dei øvre klassane i 9-årig skole og til førebuande yrkesopplæring i eit 10. og 11. skoleår.

### 3.1.4 Pedagogisk-psykologisk teneste

Utvalet som utgreidde spesialundervisning tok også for seg utbygging av pedagogisk psykologisk teneste. Etter drøfting av ulike tilhøve konkluderte dei med å legge seg på skoledirektøren sin plan frå 1964. Det første skolepsykologkontoret hadde vorte etablert for Sunnmøre i Ålesund i 1956, i 1961 avgrensa til Borgund og Ålesund. I 1961 blei det skipa liknande kontor i Kristiansund og i 1964 i Molde. Kyrkje- og undervisningsdepartementet bad i 1964 skoledirektøren om at det måtte utarbeidast regionplan for skolepsykologtenesta i fylket. Utgangspunktet for distrikta skulle vere 3000 barn pr skolepsykolog. Den første utviklingsplanen omfatta 8 tenestekontor med 15 psykologar. På 60-talet gjekk utbygginga forholdsvis sakte m. a. fordi det var vanskar med å skaffe psykologar. I 1974/75 var det 9 kontor i fylket med gjennomgåande to fagstillingar, derav 1 psykolog, ved kvart kontor. Elevgrunnlaget varierte frå 2000 til 6000 pr fagstilling. Den andre fagstillinga kunne ha kompetanse som sosionom, spesiallærer eller småbarnspedagog.

(Kjelde for perioden 1953-73 er Møre og Romsdal skoledirektørdistrikt gjennom 20 år utgitt av Skoledirektøren i Møre og Romsdal i november 1975)

## 3.2 Spesialundervisning i perioden 1974 til 1984

### 3.2.1 Endring i viktige faktorar

I denne perioden ser vi følgjande viktige endringar:

- Mønsterplanen av 1974 blir innført
- Rammetimetalsordning blir innført
- Spesialskolelova blir oppheva frå og med 1976
- Omgrepet tilpassa opplæring kjem inn i grunnskolelova frå 1976
- Krav om planar for spesialundervisning kjem i St. meld. nr 98 (1976-77)
- Ekstra ressurstildeling til spesialundervisning i form av B-timar utviklar seg

Frå midten av 70-talet innførte departementet ei ordning med rammetimetal i grunnskolen. Dette innebar at det for kvar skole skulle settast av ressursar i tillegg til elevtimetalet (det timetalet eleven skulle ha undervisning). Timar til deling av klassen i enkelte fag, f.eks. husstell, og timar til spesialundervisning låg i ramma. På barnesteget skulle 10 % plussast på elevtimetalet, og på ungdomssteget fekk kvar klasse 5 timar til spesialundervisningsformål. Det tidlegare hjelpe- og støttetimesystemet gjekk på den måten inn i ramma.

Ordninga med særskilde ressursar til funksjonshemma elevar med stort hjelpebehov, som så smått var starta opp, heldt fram. Desse timane blei gjerne omtala som B-timar. Skoledirektøren fordelte desse timane til kommunane etter særskilt søknad på ressursar til bestemte elevar. Grunnen til denne ordninga var at desse elevane både geografisk og over tid kunne vere lokalisert på ulike stader i kommunane i fylket. Situasjonen kommunane mellom kunne variere ein god del, særleg gjaldt dette for

små kommunar. Skoledirektøren i kvart fylke fekk ei fast årleg ramme frå departementet til dette. Frå midten av 70-talet auka denne totale ramma noko kvart år. Vi viser til tabellen nedanfor som viser korleis tildelinga til spesialundervisningstiltak i vanleg grunnskole meir enn fordobla seg over denne perioden.

### 3.2.2 Ressursutviklinga i grunnskolen

Tabell 3.2:

Ressursar til spesialpedagogiske tiltak i vanleg grunnskole

Skoleår	Tilleggsressursar i timar	% av rammetimetotal
1975/76	59.533	2,50
1976/77	72.352	3,05
1977/78	92.720	3,90
1980/81	113.886	4,55
1981/82	120.080	4,82
1982/83	127.881	5,10

B-timeressursane skulle brukast til ulike formål: Til barn med særskilte behov i førskolealder (frå 1976), til funksjonshemma elevar i vanleg grunnskole, til opplæring i sosiale og medisinske institusjonar, til elevar i spesialskolar, og til utstyr det var spesielt behov for. Desse ressursane blei tildelt i såkalla normalsatsar (N) som tilsvara 11 timar pr veke i vanleg skole. Frå 1975/76 til 1976/77 auka ramma kraftig frå 506 til 663 normalsatsar. Frå 1977/78 til 1982/83 er ramma nokså konstant mellom 709 og 713 normalsatsar, for så å gå ned til 596 i 1983/84. Endringa det siste året kjem av ei lovending i høve opplæring av psykisk utviklingshemma i institusjonar p.g.a. at dei fleste av desse no var vaksne, og dermed blei ressursane å finne under vaksenopplæring. Tabell 3.3 nedanfor viser at fordelinga til dei ymse formåla endrar seg mykje. Tildelinga til førskole aukar, mellom anna vart det ein framvekst av lekotek ved at det blei tildelt statstilskott til etablering av slike. Tildelinga til spesialskolar går ned med om lag 30 %. Dette fortel at fleire og fleire elevar blir integrert i vanleg skole i denne perioden.

Tabell 3.3:

Fordeling av spesialundervisningsramma i Møre og Romsdal

Skoleår	Førskole		Grunnsk.		Sos.med.		Spes.sk		Utstyr	
	N-tal	%	N-tal	%	N-tal	%	N-tal	%	N-tal	%
1975/76	-	-	138	27	220	43	148	29	-	-
1976/77	39	6	175	26	298	45	151	23	-	-
1977/78	48	7	225	32	287	40	149	21	-	-
1978/79	40	5,6	249	35	273	38	147	21	4,5	0,6
1980/81	55,5	7,7	273	38	230	32	146	20	8,5	1,1
1981/82	55,5	7,7	275	38	232	32	137	19	12,4	1,7
1982/83	55	7,7	293	41	237	33	102	14	22	3
1983/84	62	10	310	51	96	16	105	17	23	5

Det kan også vere interessant å sjå korleis elevtalet i spesialskolar og sosiale og medisinske institusjonar utviklar seg i denne perioden. Talet på grunnskoleelevar i spesialskolane blir meir enn halvert. I sosiale og medisinske institusjonar er talet på elevar nokså konstant, men talet går sterkt ned når elevar over grunnskolealder ikkje skal telja med lengre i 1983/84. Ressurstilføringa til kvar elev aukar i spesialskolane, - noko som tyder på at vanskegraden aukar hos elevane som går der. Tabell 3.4 nedanfor illustrerer dette. Det totale elevtalet i grunnskolen minka i denne perioden med rundt 2000 elevar til om lag 35.000 i 1983/84.

**Tabell 3.4:**

**Elevar i sosiale og medisinske institusjonar og i spesialskolar/klassar**

År	Sos. med. inst.		Spesialskolar/klassar	
	Elevtal	Timar pr. elev	Elevtal	Timar pr. elev
1975/76	220	11	148	11
1976/77	271	12	154	11,2
1977/78	245	12,9	137	11,9
1978/79	247	12,1	129	11,0
1980/81	206	12,8	116	13,8
1981/82	210	12,7	101	15,5
1982/83	206 (87)	13,2	78	15,4
1983/84	77	14,3	71	17,0

Før overgangen til nytt inntektssystem der den øymerka tildelinga av ressursar både til vanleg undervisning og spesialundervisning skulle falle bort, var det naturleg å sjå på korleis ressursbruken var pr elev i fylket. Ei gjennomsnittsutrekning over fordeling av spesialundervisningsressursen viste i 1983/84 følgjande:

- 3 timar pr. 100 barn i førskolealder
- 10 timar pr. 100 elevar i grunnskolealder
- 6 timar pr. 100 elevar i grunnskolealder når ressurs til spesialskolar og institusjonsskolar blei fordelt
- 0,8 timar pr. elev til utstyr
- Samla utgjorde dette 20 timar rekna ut pr. 100 elevar i grunnskolealder

I 1983/84 varierte resurstildelinga til enkeltkommunar frå 14,6 til 31,5 timar pr veke pr 100 eigne elevar i kommunen, men etter ei justering for vertskommuneansvar blei variasjonsbreidda noko mindre.

### 3.2.3 Eksempel på situasjonen i vanleg skole i 1983/84

Ser ein på den totale ramma til spesialundervisning hadde ein barneskole med ein klasse på steget 13 timar til spesialundervisning innan sitt eige rammetimetal. Dersom skolen hadde 100 elevar kunne han i gjennomsnitt få 10 B-timar, og ein annan tilsvarande skole med 170 elevar få 17 B-timar i tillegg, under føresetnad av at skolen hadde elevar med store funksjonsvanskar. Ved integrasjon av elev som før

blei kategorisert som psykisk utviklingshemma, kunne dei få ytterlegare 6-10 B-timar i tillegg.

Ein ungdomsskole med 6 klassar hadde 30 timar til spesialundervisning innan eige rammetimetale. Hadde skolen 150 elevar, kunne B-timetillegget bli på 15-27 timar dersom skolen hadde svært tung vanskegrad på ein eller fleire elevar.

Desse eksempla viser at den ressursen som låg innanfor skolane si ramme var om lag av same storleik som den dei kunne få i tillegg som B-timar under føresetnad av at elevar med store vanskar fordelte seg likt på skolar og kommunar. Elevar med funksjonshemming spreier seg gjerne annleis, noko som gjer at kommunane må vurdere kvar behovet er størst og fordele i høve til det. Fram til innføring av nytt inntektssystem hadde skoledirektøren ein viktig rolle når det gjaldt fordeling mellom kommunane. Dei siste åra før nytt inntektssystem prøvde skoledirektøren i samarbeid med kommunane å arbeide seg fram mot ei fordeling noko i retning av det kommunane fekk under det nye systemet frå 1. januar 1986.

(Kjelde for perioden 1974-84 er årlege årsmeldingar om Grunnskolen i Møre og Romsdal frå og med 1975/76 til og med 1983/84)

### **3.3 Spesialundervisning i perioden 1985 til midten av 1990-talet (1993-94)**

#### **3.3.1 Endring i viktige faktorar**

I denne perioden er det grunn til å sjå på korleis ein del nye faktorar verkar inn på ressursutvikling og tiltak for elevar med særskilte behov:

- Nytt inntektssystem frå 1. januar 1986
- Endringar i lovverk
- Nedgang i elevtalet resten av 80-talet
- Innføring av revidert mønsterplan M 87
- Gjennomgang av spesialundervisningssystemet (St. meld. nr. 54 (1989-90) og nr. 35 (1990-91))

#### **3.3.2 Ressursutviklinga i grunnskolen**

Det er naturleg å ta for seg utviklinga av det totale rammetimetale for barnesteget og ungdomssteget før og etter nytt inntektssystem. Tabell 3.5 og 3.6 nedanfor gir eit utgangspunkt for vurdering.

**Tabell 3.5:**  
**Elev-, klassetal og rammetimar 1984 til 1987**

Barnesteget	1984/85	1985/86	Endring	1986/87	Endring
Elevar	21457	20780	- 677	20566	- 214
Klassar	1269	1263	- 6	1231	- 32
Rammetimar	1.422.386	1.392.840	- 29.546	1.627.825	+ 234.985
<b>Ungdomssteget</b>					
Elevar	12495	12079	- 416	11.893	- 186
Klassar	533	502	- 31	508	+ 6
Rammetimar	958.398	931.722	- 26.676	985.028	+ 53.306

Vi ser av dette at elevtalet går ned både på barne- og ungdomssteget. Det same gjer klassetalet, bortsett frå på ungdomssteget det siste året der klassetalet er gått opp p.g.a. desentralisering av ungdomssteget i eit par kommunar.

Frå skoleåret 1984/85 til skoleåret 1985/86 minkar rammetimetalet om lag som ein kunne vente i tråd med nedgang i klasse- og elevtal, og dette gjeld både på barne- og ungdomssteget. Det neste skoleåret aukar kommunane rammetimetalet kraftig for barnesteget med heile 17 %. Årsaka til dette låg i tre tilhøve:

- Overgangen til nytt inntektssystem der kommunane sjølv fastsette ramma
- Lovendring i § 6 i Grunnskolelova som gjorde at det obligatoriske timetalet for elevane på barnesteget auka i mange kommunar, frå ein middel på 133 oppstigande timar til 138
- Overgang til revidert mønsterplan som førte til 1 samarbeidstime pr heile lærarstilling på barnesteget

I over halvparten av kommunane auka det obligatoriske timetalet med 5 eller 6 timar og i dei fleste andre med 3 til 4 timar Dette førte til om lag 4% auke i det obligatoriske timetalet fylket sett under eitt. Samarbeidstimen på barnesteget utgjorde om lag det same. Resten av påplussinga må ein sjå som eit resultat av at kommunane sjølv avgjorde rammene, noko som for fylket utgjorde 8 til 10 %. Men det var store variasjonar mellom kommunane. (Kjelde Grunnskolen i Møre og Romsdal 1986/87 side 21-26, utgitt av Skoledirektøren)

Det kan vere interessant å sjå korleis dette utviklar seg over tid. Tabell 3.6 nedanfor gir eit bilde av det.

**Tabell 3.6:**  
**Utviklinga av rammetimetal**

Skoleår	Elevar	Rammetimetal/veke	Rammet.tal pr. elev
1985/86	32.860	69.000	2,10
1986/87	32.460	73.200	2,25
1987/88	31.280	72.300	2,31
1992/93	29.029	70.200	2,42
1993/94	28.940	68.000	2,35

Her ser vi at ressursinnsatsen pr. elev aukar ved overgangen til nytt inntektssystem, og viser ein auke på 15 % frå 1985/86 til 1992/93, men kulminerer her. Neste år ser vi ein nedgang på 3 %. Vi gjer merksam på at i dette oversynet er all undervisning teke med, også for framandspråklege elevar, livssynsundervisning og konverteringsressurs. (Kjelde: Årsmelding for utdanningssystemet i Møre og Romsdal 1993, utgitt av Statens utdanningskontor)

### **3.3.3 Situasjonen for spesialundervisninga**

Ser ein på det totale rammetimetalet inkludert spesialundervisning i grunnskole og førskole, spesialskolalar, institusjonsskolalar m.m. steig det med 6,1 % frå 1985/86 til 1986/87. Frå 1987/88 stabiliserer dette seg med berre liten auke i det neste året. Frå 1985/86 til 1986/87 ser vi at timetalet til spesialundervisning i grunnskolen aukar med 4 % og for førskoletiltak med om lag 7 %. (Kjelde: Årsmelding for 1986/87 side 28)

I rettleiinga frå skoledirektøren til kommunane ved overgang til nytt inntektssystem blei det sagt at B-timane i gjennomsnitt representerte 5 % av det kommunale rammetimetalet i fylket. Saman med dei ressursane som frå før var innbakt i rammetimetalordninga for skolane, betydde det at kommunane burde plusse på minst 15 % på det obligatoriske elevtimetalet til spesialpedagogiske tiltak. Årsmeldinga for 1986/87 viste at kommunane hadde følgd opp dette og heller lagt på noko meir.

Går vi fram til 1992/93 ser vi at påplussinga til spesialundervisning er på 18 % og i 1993/94 på 19,3 %. (Kjelde: Årsmelding 1993)

### **3.3.4 Undervisning ved spesialskolalar og institusjonsskolalar**

Ved inngangen til denne perioden var det tre spesialskolalar i fylket, Ratvikåsen, Tøndergård og Røslyngvegen. Det var dessutan undervisning ved sosiale og medisinske institusjonar, både for grunnskoleelevar og for vaksne, der den største gruppa var psykisk utviklingshemma elevar. Mange vaksne fekk grunnskoleopplæring på grunn av etterslep, då dei ikkje hadde fått grunnskoleopplæring i alderen 7 til 16 år.

Talet på elevar i grunnskolealder både ved spesialskolane og ved institusjonsskolane gjekk ned ut over 80-talet. I 1992/93 var det til saman 30 elevar i grunnskolealder med heilårstilbod ved Tøndergård og Ratvikåsen. Røslyngvegen var no lagt ned. Dette utgjorde 1 promille av elevane i grunnskolealder i fylket. I tillegg hadde desse to skolane 35 elevar i alder for vidaregåande opplæring eller vaksenopplæring. Institusjonsskolen ved Enen hadde 32 langtidselevar som og var eldre enn 16 år.

I tillegg til langtidselevane hadde Tøndergård, Bogneset og Ratvikåsen oppsøkjande verksemd i høve til 96 elevar/vaksne. I Møre og Romsdal har det aldri vore statlege spesialskolalar, og dei statlege skolane i andre fylke har vore lite brukt. I denne perioden var det nokre få (2-5) elevar ved døveskolalar, og nokre med korttidsopphald og/eller med rettleiing i samband med syns- eller hørselsvanskar. Omorganiseringa

av dei statlege spesialskolane m.a. til kompetansesenter i 1992 hadde liten innverknad for Møre og Romsdal, då fylket stort sett frå før hadde brukt spesialskolane slik føresetnaden blei etter stortingsbehandlinga i juni 1991 av St.meld. 54 (1989/90) og St.meld. 35 (1990/91). Det hadde dessutan i over ein tiårsperiode vore interkommunale fellestenester som gav rettleiing i samband med syns- og hørselsvanskar og barne- og ungdomspsykiatri. Det var dessutan ei godt utbygd og kvalifisert PP-teneste i fylket.

### 3.3.5 Interkommunale tenester

I Møre og Romsdal hadde det sidan slutten av 70-talet vore ei ordning med syns- og audiopedagogar som var plassert ved sjukehusavdelingar, men som fungerte interkommunalt i samarbeid med PP-tenesta og skolane. Desse ordningane, saman med undervisninga ved barne- og ungdomspsykiatriske og somatiske sjukehusavdelingar, blei finansiert over normalsatsordninga gjennom tildeling av statlege midlar ved skoledirektøren. Ved overgangen til nytt inntektssystem i 1986 blei alle midlar som hadde gått til spesialundervisning gjennom skoledirektøren overført til kommunane si ramme.

I rundskriv F-1000 frå 1985 vart skoledirektøren pålagt eit samordningsansvar når det gjaldt fellestenester for heile fylket på felt som:

- undervisning ved barne- og ungdomspsykiatriske avdelingar
- syns- og audiopedagogteneste
- undervisning ved somatiske avdelingar ved sjukehusa

Omfang og organisering av desse tenestene vart utgreidd av skoledirektøren, var til høyring i kommunane, og avtale blei inngått slik at 38 kommunar og fylkeskommunen gjekk saman i eit samanskotslag for å finansiere desse tenestene. Årsmeldinga frå skoledirektøren for 1986/87 viser at følgjande teneste, som blei administrert av vertskommunane, var på plass:

- to synspedagogar plassert ved sjukehusa i Molde og Ålesund
- to audiopedagogar plassert ved sjukehusa i Molde og Ålesund, frå haust 1987 ei halv stilling i Kristiansund. Ei audiopedagogisk avdeling for førskolebarn med tre audiopedagogar/reiselærarar ved sjukehuset i Ålesund
- to avdelingar for barne- og ungdomspsykiatri med fem pedagogstillingar i Molde og tre i Ålesund
- sjukehusundervisning ved dei fire sjukehusa i fylket og ved regionsjukehuset i Trondheim med 4252 årstimar i alt

Vi viser til eigne utgreiingar, jf. litteraturliste, om desse tenestene frå skoledirektøren. (Sjå og i kapitlet om PP-tenesta)

Ved ei lovendring fekk fylkeskommunen ansvaret for grunnskoleundervisninga ved sosiale og medisinske institusjonar *som fylkeskommunen eig og driv* frå og med 1. januar 1991. Dette betydde at midlane til drift blei trekt ut av ramma i kommunane og overført til fylkeskommunen. I og med at ordninga med syns- og audiopedagogar



var knytt til sjukehusavdelingar tilrådde skoledirektøren at ansvaret og midlane til desse stillingane også blei overført til fylkeskommunen, noko departementet følgde opp. Ei noko innvikla betalingsordning mellom kommunane vart såleis oppheva frå og med 1991 etter å ha fungert i fem år.

### **3.3.6 Lovendringar – rett til spesialundervisning m.m.**

Det blei i denne perioden t. d. både i 1986 og 1988, gjort ein del lovendringar som medførte at meir ansvar vart lagt til kommunane. I skoledirektøren si årsmeldinga for 1989/90 kan vi lese at det er handsama klagesaker på spesialundervisning både etter lov om grunnskolen og lov om vaksenopplæring. Vi ser såleis at elevane sin rett til spesialundervisning no blir underlagt tilsyn frå staten og at det er innført klagerett på enkeltvedtak om spesialundervisning med heimel i forvaltningslov og i skolelovverket. Til og med 1985 var denne retten ivareteke gjennom ressurstildeling frå statens side. No må kommunane sjølv prioritere ressursbruken, men kan gjennom klage frå foreldra bli pålagt å bruke meir ressursar. Individuell opplæringsplan for elevar med særskilde behov blir omtala i stortingsdokument, og blir etter kvart innført i kommunane. Dette er og med på å sikre retten til gode tilbod for denne gruppa. Første halvdel av 90-talet blei det gjort eit bevisst arbeid frå kommunane og PP-tenesta for å få til individuelle opplæringsplanar for denne elevgruppa. Med statlege midlar blei det gjennomført fleire utviklingsprosjekt for å finne gode praktiske løysingar. Fleire av PP-kontora var involvert i dette utviklingsarbeidet.

HVPU-reformen som blei gjennomført i 1991 gjorde at psykisk utviklingshemma fekk rett til å bu i heimkommunen (St.meld.47 (1989/90)). Det gjorde at ein god del vaksne flytta frå institusjon og til bustad i eigen kommune. Kommunane hadde stort sett over heile 80-talet gitt grunnskoetilbod og andre nødvendige tiltak til barne- og ungdomsgruppa med psykisk utviklingshemming, - i heimkommunen og i vanleg grunnskole. Foreldra ønskte integrering, og PP-tenesta hadde etterkvart gjort den erfaring: at den sosiale utviklinga for denne elevgruppa var meir positiv enn i institusjon, når dei fekk gå i skolen i heimemiljøet. Dette kravde økonomisk god ressurstilgang, og det var fagleg sett mogleg å gjennomføre, fordi den spesialpedagogiske kompetansen hos lærargruppa hadde auka vesentleg. Det vart og halde igjen ressursar i fylkeskommunane til ei rettleiingsteneste for dei som arbeidde med psykisk utviklingshemma i kommunane, kalla habiliteringsteneste.

### **3.3.7 Pedagogisk psykologisk teneste**

Frå 1976 hadde det skjedd ei omstrukturering av tenestedistrikt ved at det var blitt fleire mindre kontor. I skoleåret 1985/86 var det såleis 18 kontor med nær 66 årsverk for fagpersonale. I St.meld. 61 (1984/85) var det gjort framlegg om at stillingsnormen skulle vere 1 fagperson pr 900 barn i alderen 0 til 19 år. Etter dette norm- framlegget burde det ha vore 72 stillingar i Møre og Romsdal. Av årsverka ved kontora var 7,25 stillingar øyremerkta til vidaregåande opplæring medan det burde vore 12,25 finansiert av fylkeskommunen. I samband med overgangen til nytt inntektssystem hadde skoledirektøren utarbeid eit framlegg til revidert fylkesplan for PP-tenesta.

Denne var til høyring i kommunane og fylkeskommunen, og endeleg plan låg føre hausten 1986.

Skoleåret 1992/93 var det 17 kontor med 75 stillingar i PP-tenesta, men nær 8 sto vakante. Fylkeskommunen dekte no 10 stillingar for arbeid med vidaregåande opplæring. Alle kontora hadde da innført EDB-basert klient/tiltaksregistreringssystem, og kunne utgi *Årsmelding for PP-tenesta i Møre og Romsdal for 1992/93* med mykje interessant materiale. Tala i dette avsnittet er henta frå denne.

(Kjelde for denne perioden er årlege årsmeldingar for Grunnskolen i Møre og Romsdal frå 1984/85 til 1992 og 1993 utgitt av Skoledirektøren i Møre og Romsdal. For 1993, 1994 og 1995 er kjelda Tilstandsrapport om utdanningssystemet i Møre og Romsdal utgitt av Statens utdanningskontor i Møre og Romsdal. Dessutan er *Årsmelding for PP-tenesta i Møre og Romsdal 1992-93* nytta)

## **3.4 Perioden frå midten av 1990-talet (1993-94) til 2003**

### **3.4.1 Endring i viktige faktorar**

I denne perioden er det og ein del viktige endringar som får konsekvensar for elevar med funksjonshemming:

- Revisjon av skolelovverket til ei opplæringslov
- Ny læreplan 93 med generell del felles for all opplæring, reform i vidaregåande opplæring i 94, og læreplan L97 for 10-årig grunnskole
- Vurdering av spesialundervisning, St. meld. 23 (1997-98)
- Utvikling av godt statistikkmateriale
- Satsing på utviklingsarbeid frå staten si side når det gjaldt elevar med særskilte behov

### **3.4.2 Ressursutviklinga i grunnskolen**

Det kan vere interessant å sjå korleis ressursituasjonen generelt har utvikla seg den siste tiårsperioden. Vi ser av tabell 3.7 at den største endringa skjer ved inngangen til skoleåret 1997/98 da 6-åringane starta i skolen etter L 97. Frå 1993 til 1997 var elevtalet nokså konstant, men dei neste seks åra, frå 1997/98 til 2002/03, aukar elevtalet med vel 1000 elevar eller med 3.3 %.

**Tabell 3.7:**  
**Elevar og ressursbruk**

Skoleår	Skoletal	Klassetal	Elevtal	Elevar/klasse	Elevar/årsverk
1993/94	293	1.612	28.990	18.0	10.7
1994/95	290	1.594	28.913	18.1	10.6
1995/96	286	1.574	28.769	18.3	10.7
1996/97	282	1.584	28.953	18.3	10.8
1997/98	277	1.818	32.634	18.0	11.0
1998/99	270	1.808	32.716	18.1	11.1
1999/00	263	1.796	32.987	18.4	11.2
2000/01	257	1.774	33.088	18.7	11.3
2001/02	257	1.771	33.278	18.8	11.4
2002/03	253	1.771	33.700	19.0	11.6
2003/04					

Vurderer vi heile ti-årsperioden kan vi lese ut følgjande om strukturelle tilhøve:

- Skoletalet har gått ned med 40 skolar til 253, dvs. at 13.7 % av skolane er nedlagt sidan 1993
- Klassetalet har auka med 159 klassar delvis skulda inntak av eitt årskull i tillegg i 1997. Sidan har klassetalet gått ned med 47 klassar eller med 2.5 %.
- Elevtalet var nokså konstant fram til 1997, men har sidan auka med vel 1000 elevar
- Det gjennomsnittlege elevtalet i klassen har auka frå 18 til 19 elevar i løpet av dei ti åra eller med 5.5 %
- Elevtalet pr årsverk har gått opp frå 10.7 til 11.6 dvs. ei innstramming på 8.4 % i timeressurs totalt

Konklusjonen er at kommunane har gjennomført ei effektivisering av ressursbruken i grunnskolen på noko over 8 % dei siste ti åra. Ressursar til spesialundervisning er inkludert i dette, men korleis ser det ut viss vi ser på spesialundervisninga isolert?

### 3.4.3 Situasjonen i spesialundervisninga

Med endringa i opplæringslov, og med fokus på tilpassa opplæring og spesialundervisning i slutten av 80- og første del av 90-talet, er det naturleg å sjå på korleis prosentdelen av elevar som får enkeltvedtak om spesialundervisning endrar seg. Det viser seg gjennom heile perioden å vere mellom 6 og 7 % av elevane som får spesialundervisning, med ein stigande tendens til 7.0 % i skoleåret 1999-2000. Dette er det høgaste gjennomsnittstalet som har vore for enkeltvedtak i fylket. Vi viser til andre kolonne i tabell 3.8 nedanfor. Trenden snur og går ned til 6.1 % i 2002-03. Dette tyder på ei strategiendring i kommunane, og vi vurderer det som ein effekt av arbeidet med inkludering etter L 97 og arbeidet i SAMTAK-prosjektet med å få til eit betre samvirke mellom PP-tenesta og kommunen/skolen.

På landsbasis låg prosenten av enkeltvedtak på 5.5 % i 2002-03, men samtidig ser vi at prosentdelen av elevar som går i specialscolar er lægre i vårt fylke enn lands-

gjennomsnittet. Den siste kolonnen i tabellen viser at det dei siste åra har vore under ein promille av elevane som gjekk i spesialskole, dvs. at 24 av over 33.000 elevar ikkje var i den vanlege skolen til dagleg det siste året. Snittet på landsbasis viser at det for landet sett under eitt er fire gonger så mange elevar i spesialskolar. Integreringsgraden er av dei høgste i landet i Møre og Romsdal, og har vore det i lang tid. Det er mykje som tyder på at det har vore slik over heile 50-års perioden.

Det neste er å sjå på utviklinga i ressursbruken. Elevtimetalet er dei obligatoriske timane elevane skal ha undervisning. Det prosentvise tillegget til elevtimetalet dvs. summen av timar til deling og til spesialundervisning (nest siste kolonne) har auka med 5,5 % i tiårsperioden. Den høgste påplussinga var i skoleåret 2000-01 og låg da 10 % over 1993-nivået. Effektiviseringa vi har vist til ovanfor har skjedd gjennom at elevtalet i klassen har auka.

**Tabell 3.8:**

**Elevtal, spesialundervisning og delingstimar**

År	Elevar med spes.und.v. i prosent	Klassestorleik i gj.snitt	Spesialundervisningstimar i prosent	Delings timar i prosent	Sum % spes.u. timar og del.timar	Prosent elevar i spes. skolar
1993-94	6-7 %	18.0	19.0	19.2	38.2	0.1
1994-95	6-7 %	18.1	21.2	18.0	39.2	0.1
1995-96	6.5 %	18.3	20.6	18.9	39.5	0.1
1996-97	6.4 %	18.3	20.8	17.8	38.6	0.1
1997-98	6.4 %	18.0	19.6	20.6	40.2	0.03
1998-99	6.7 %	18.1	21.9	19.9	41.8	0.05
1999-00	7.0 %	18.4	21.7	19.1	40.8	0.05
2000-01	6.8 %	18.7	22.3	19.9	42.3	0.08
2001-02		18.8	20.4	20.5	40.9	0.07
2002-03	6.1 %	19.0	20.7	19.6	40.3	0.07
2003-04						

Ser vi på påplussinga til spesialundervisning går det fram at prosenttillegget svingar ein del, men vi kan ikkje finne noko spesielt mønster i utviklinga, bortsett frå at det dei siste to til tre åra kan lesast ut ein viss reduksjon i påplussing til spesialundervisning, parallelt med at talet på enkeltvedtak går ned. Sett for fylket under eitt, er det ingen radikale endringar i ressursituasjonen for spesialundervisninga i denne perioden, men i ein del kommunar har det vore til dels store endringar. Variasjonsbreidda det siste året for summen av påplussing til delingstimar og spesialundervisning var: frå Rindal med 20,9 % til Smøla med 56,1 %. For spesialundervisning var det ein variasjon: frå 6,9 % i Halså til 36,6 % i Sandøy med høvesvis 2,9 og 6,6 % enkeltvedtak. Alle desse kommunane er små, så det kan vere naturlege tilhøve som tilseier slik ulikskap. Ser vi på bykommunane, finn vi at påplussingsprosent til spesialundervisning det siste året låg mellom 22,5 og 26,6 %, og enkeltvedtaksprosentane låg mellom 5,1 og 7.0 %. Det har vore eit press i retning av auke i enkeltvedtak i byane dei seinare åra, men Molde snudde denne tendensen og var nede på 5,1 % i 2002-03. I store delar av 90-talet låg alle byane på 4 til 5 % enkeltvedtak.

### 3.4.4 Utviklingsarbeid på spesialundervisningsområdet

Det har vore sett i gang utviklingsarbeid for å forbetre opplæringa for elevar med funksjonshemming i to omgangar i denne perioden som eit resultat av handsaming av meldingar i Stortinget. Det første programmet gjekk over åra 1993-96, og omfatta 50 prosjekt der PP-tenesta var involvert i dei fleste. På same tid blei det gjennomført eit etterutdanningsprogram for PP-tenesta. Eitt av dei viktige felte var å utvikle gode individuelle opplæringsplanar, elles var det mange utviklingsprosjekt på ulike pp-faglege felt med fokus på systemretta arbeid på områda psyko-sosiale vanskar, store lærevanskar, og lese- og skrivevanskar. Utviklingsprogrammet hadde samanheng med omlegginga av det statlege spesialskolesystemet til kompetansesentra. Ein føresetnad var at den spesialpedagogiske kompetansen skulle styrkast både i PP-tenesta og i dei statlege kompetansesentra, og at det skulle bli ei desentralisering av noko av det faglege arbeidet frå stat til kommune, ved PPT og skolar.

Ved oppsummering av dette arbeidet i St. meld. nr 23 (1997-98) kom det forslag om å vidareføre styrkingsarbeidet som var på gang, noko Stortinget stadfesta. To vedtak hadde stor verknad for fylket. For det første vart det avgjort at stillingar ved dei regionale kompetansesentra skulle reduserast og at midlane skulle overførast som styrking til stillingar i PP-tenesta. For det andre skulle det setjast av midlar til eit kompetansehevingsprogram, gitt namnet "Samtak", i perioden 1999-2002.

I Møre og Romsdal førte dette til 16 statleg finansierte årsverk til styrking av PP-tenesta. Desse stillingane vart plassert ved 12 av dei 18 PP-kontora, men organisert i fire regionar som skulle samvirke. På same tid skulle *Samtak*-programmet sørge for kompetanseheving både hos skoleleiarane og PP-tenesta slik at ein fekk eit meir målretta og systematisk arbeid når det gjaldt tilrettelegging for elevar med særlege behov. *Samtak* innebar også eit vidare kompetansehevingsprogram for dei tilsette i PP-tenesta innan dei same områda som i perioden 1993-96. Parallelt med dette vart det gitt kvalitetsutviklingsmidlar til ein del skolar på dei same områda.

Styrkinga førte til ein auke i stillingstal i PPT. Statistikken viser ein auke frå 88 oppretta fagårsverk i 1998 til 106 i år 2000. Begge åra var det ein vakanse på om lag 5 %. I år 2000 var det såleis om lag 100 pp-stillingar i fylket, noko som utgjorde ca. 1 fagstilling pr 600 av 0-19-åringane i fylket.

Tiltaka i begge desse utviklingsperiodane har ført til eit meir planmessig systematisk arbeid på det spesialpedagogiske området. Dette kjem elevane til gode gjennom meir målretta opplegg i høve til dei vanskanane dei har, samtidig som ein sosialt prøver å få til ei god inkludering i skolemiljøet. I fleire av PP-distrikta ser vi i kommunane og skolane ei endring til meir fleksibel ressursbruk og meir inkluderande elevperspektiv. Dette har samanheng med systematikk i det faglege samarbeidet mellom leiinga på kommunenivå, skolenivå og PPT. Stabilitet og kompetanse i PP-tenesta ser ut til å vere ein viktig føresetnad for å få til god og fleksibel ressursutnytting.

(Kjelde for perioden er dei årlege Tilstandsrapportane for utdanningssystemet i Møre og Romsdal frå 1993 til 2002 utgitt av Statens utdanningskontor, Ressursvurdering for grunnskolen i Møre og Romsdal utgitt av Fylkesmannen september 2003.)

## 3.5 Oppsummering av 50-årsperioden

I perioden frå 1953 til 1973 ser vi at skoleverket blir meir medvite på at elevar med funksjonshemming skal ha eit tilbod om undervisning. På 50-talet var det mange som ikkje fekk undervisning, og ein del blei kategorisert som ikkje opplæringsdyktig. Planlegginga av tiltak går i retning av undervisning i egne skolar ved sosiale og medisinske institusjonar, i spesialskolar eller i egne grupper i vanleg skole. Dei første skolepsykologiske kontora blir etablert. Dei første ordningane med hjelpe- og støttetiltak i vanleg skole kjem og i stand, og vi ser byrjinga på tildeling av timar etter særskilt vurdering til elevar med behov for store hjelpetiltak.

Perioden frå 1974 til 1984 er prega av gjennomføring av Mønsterplanen av 1974, og av auken i rammer i samband med innføringa mellom anna av ei ordning med rammetimetale. Andre intensjonar frå departement og storting som gir viktige signal for spesialundervisninga, er oppheving av spesialskolelova i 1976 med innføring av omgrepet tilpassa opplæring i grunnskolelova. St.meld. nr. 98 (1976/77) var eit viktig dokument som m.a. førte til at det blei utarbeidd plan for spesialpedagogiske tiltak i Møre og Romsdal. Det er eit typisk trekk at tilleggsressursane til spesialundervisning i vanleg grunnskole blir dobla i denne perioden, både sett ut frå faktisk timetal og prosent av rammetimetale. Talet på grunnskoleelevar i spesialskolane blir meir enn halvert i same periode, medan ressurstildelinga til dette går ned med 30 %, dvs at ressursbruken pr elev aukar.

I perioden frå 1985 til først på 90-talet ser vi at innføring av nytt inntektssystem fungerte bra. Kommunane tok oppgåva alvorleg og sørga for at ressurstilgangen til spesialundervisning held seg oppe og heller auka. Rammetimetale blei halde på same nivå sjølv om elevtalet i grunnskolen minka. Dette medførte at rammetimetale pr elev steig i denne perioden.

Elevane sin rett til spesialundervisning blei styrka gjennom endring i lovverket som gav klagerett. Det var dessutan ein gjennomgang av heile det spesialpedagogiske systemet, som saman med M 87, sette fokus på det kvalitative innhaldet i tilpassa opplæring og i spesialundervisning. PP-teneste og interkommunale tenester blei konsolidert, og fokus sett på kvaliteten i arbeidet ved at utviklingsarbeid blei starta opp.

Dei siste ti åra frå 1993 til 2003 har kommunane - totalt sett - effektivisert ressursbruken på skole, noko som nok heng saman med utviklinga i kommuneøkonomien. Ressursbruken til spesialundervisning er likevel halde oppe på stort sett same nivå i heile perioden. Stillingstalet i PP-tenesta er styrka takka vere det statlege, øyremerka styrkingstiltaket.

Prosentdelen av elevar med vedtak om spesialundervisning auka noko på 90-talet, men kulminerte ved årtusen-skiftet, og har gått ned dei siste åra. Retten for elevar til spesialundervisning er styrka gjennom lovverket, og det har vore satsa på ei fagleg utvikling for å gi eit betre innhald i, og betre planlegging av organiseringa av spesialundervisning. På same tid viser det seg, i tråd med L 97, ei styrking i arbeidet med

inkludering av denne elevgruppa i skole- og klassemiljø. Ein del av den elevgruppa som ein periode blei kategorisert som spesialundervisningselevar, får eit tilpassa tilbod innan klassen si ramme, noko dei er betre tent med. Denne gruppa vil truleg auke, men det vil likevel kome til å være ei gruppe med svært store behov som det trengs ekstraordinære ressursar og tiltak for.

# Kap. 4 Pedagogisk psykologiske tenester

---

## 4.1 Oppstartingsperioden frå midten av 1950-talet til midt på 1970-talet

Det første skolepsykologkontoret kom for Sunnmøre i Ålesund i 1956, i 1961 avgrensa til Borgund og Ålesund. I 1961 blei det skipa liknande kontor i Kristiansund og i 1964 i Molde. Kyrkje- og undervisningsdepartementet bad i 1964 skoledirektøren om at det måtte utarbeidast regionplan for skolepsykologtenesta i fylket. Utgangspunktet for distrikta skulle vere 3000 barn pr skolepsykolog.

Skoledirektøren bad psykologane i Kristiansund, Molde og Ålesund om å gi ei fråsegn om utbygginga av skolepsykologtenesta i Møre og Romsdal. Den første utviklingsplanen frå skoledirektøren i 1964 omfatta 8 tenestekontor med 15 psykologar, i tråd med forslaget frå psykologane, men departementet, som skulle ha planen til godkjenning, reduserte talet på psykologar til 13. I skriv til skolestyra bad skoledirektøren om at det blei tatt initiativ til utbygging av skolepsykologiske distriktskontor i samsvar med planen. Planlegginga kom i gang i dei åtte distrikta, men det tok tid før kontora blei etablert m.a. fordi det var vanskar med å skaffe psykologar.

Utvalet frå 1969 som utgreidde spesialundervisning tok og for seg utbygging av pedagogisk psykologisk teneste. Enno var det berre i Ørsta/Volda dei hadde greidd å få i gang kontor ut over dei tre i byane. Utvalet tok utgangspunkt i dei planane som låg føre for dei åtte distrikta, men reiste spørsmålet om ein burde gå over til større spesialpedagogiske distriktssentra (PPD-sentra), men da med avdelingskontor. Eit PPD-senter kunne bli utbygd med fleire psykologar og med spesiallærarar, småbarnspedagogar, sosionomar forutan kontorpersonele. Vidare var det ein føresetnad at det blei knytt psykiatrisk medisinsk hjelp til slike senter. Utvalet meinte at det var lite føremålstenleg å bygge ut eit separat service-apparat for elevane i dei fylkeskommunale skolane (seinare vidaregåande skolar). Fylkeskommunen burde derfor ta sin del av driftsutgiftene ved å etablere ei økonomisk tilskottsordning til drifta av dei interkommunale distriktskontora.

I 1974/75 var det 9 kontor i fylket med gjennomgåande to fagstillingar, derav 1 psykolog, ved kvart kontor. Elevgrunnlaget varierte frå 2000 til 6000 pr fagstilling. Vi tek inn tabellen frå 20-årsmeldinga s. 218, tabell 4.1 nedanfor, for å vise korleis etableringa skjedde, og korleis bemanninga var i 1974/75. Den andre fagstillinga er i tabell 4.1 nedanfor kalla kurator, men kunne ha kompetanse som sosionom, spesiallærar eller småbarnspedagog.

Etter planen frå 1964 med seinare korreksjonar var personalramma for PP-tenesta i fylket 13 psykologar, 9 kuratorar og 8 spesialpedagogar, til saman 35 fagpersonar. Vi



ser av tabellen nedanfor at det var langt igjen til å nå denne ramma. Dette hadde mellom anna samanheng med mangel på fagpersonale, mellom anna hadde Statens spesiallærarskole så vidt kome i gang med utdanning av spesialpedagogar. Fleire stillingar var skipa, men stod vakante.

Talet på barn pr. psykolog låg enno over 3000 som var målet i 1964, og da var heller ikkje alle kommunar kome med i dei interkommunale kontora, jf. kommunar i parentes i tabell 4.1.

**Tabell 4.1:**  
**Pedagogisk-psykologiske rådgjevingskontor i 1974/75**

Kontorstad (I tillegg kjem underkontor.)	Distrikt (I parentes kommunar som ennå er utanfor.)	Etablering		Elev- grunn- lag x)	Personale				
		Skiping	Igarg- setting		Psy- kolog	Hos- pitant	Kura- tør	Logo- ped	Ktr.- hjelp
Ulsteinvik	Ulstein, Hareid, Herøy, Sande, Vanylven	1970	1974	4.300	1		xx) 1		½
Ørsta	Ørsta, Volda	1967	1967	3.000	1		1		½
Stranda	Stranda, Norddal, Sykkylven	1973	1974	2.700	1		1		
Ålesund	Ålesund (Giske, Haram, Ørskog) 1968	1961	1961	6.000	1	1	½		½
Åndalsnes	Rauma, Vestnes	1967	1973	2.000	1	1			1
Molde	Molde (Neset, Midsund, Sandøy, Aukra)	1964	1964	3.084	1		1		½
Eide	Eide, Fræna, Gjemnes	1970	1973	2.400	1				½
Sunnalsøra	Sunnadal, Surnadal, Rindal, Halså, Tingvoll	1968	1971	3.470	1		1		1
Kristiansund	Kristiansund (Averøy, Frei, Aure, Tustna, Smøla)	1961	1961	2.700	2		1		3/4

x) Kommunar i parentes ikkje rekna med i elevgrunnet. xx) Fra 1. januar 1975.

På dette tidspunkt var det 35 kommunar i fylket. Sula, Skodje og Stordal har seinare skilt seg ut og danna eigne kommunar.

(Kjelde for denne perioden er 20-årsmeldinga skriva av skoledirektør Anders Stølen utgitt av Møre og Romsdal skoledirektørembete i november 1975.)

## 4.2 PP-tenesta i perioden 1974 til 1984

Den første halvdel av 70-talet var ein aktiv periode når det gjaldt endring av lovverk og planar. Lov om grunnskolen frå 1969 stilte krav om at alle kommunar skulle ha innført 9-årig skole før midten av tiåret, og det blei arbeidd med å førebu lovendring som skulle oppheve spesialskolelova, slik at alle barn og unge fekk rett til opplæring etter grunnskolelova. Vidare var det reformarbeid i sving i den vidaregåande skolen, noko som også gav lovendring.

Blomkomiteen som kom med si innstilling i 1970 "Om lovreglar for spesialundervisning m.m.", gav uttrykk for at den generelle norma på 3000 elevar pr. psykolog ikkje ville gi skolen den pedagogisk/psykologiske hjelpa den hadde behov for.

Etter Ot.prp. nr 64 (1973/74) med forslag om endringar i grunnskolelova skulle pedagogisk-psykologisk teneste, jf. §8 pkt. 7, skipast i høvelege distrikt organisert kommunalt eller interkommunalt. I proposisjonen viste departementet til 3 forsøksmodellar for regioninndeling:

- Pedagogisk-psykologiske distriktssentra som dekker eit større område både geografisk og når det gjeld breidda av tenester.
- Samordna pedagogisk-psykologisk tenestekontor og spesialskole.
- Samordna pedagogisk-psykologisk tenestekontor og pedagogisk fagrettleiings-teneste.

Ut frå dette var det aktuelt med ei ny vurdering av planane for PP-tenesta i fylket, og skoledirektøren vurderte det slik at det var tilrådeleg å halde fast på det spreidde mønstret det var lagt opp til.

I lov om vidaregåande opplæring, som no var vedtatt, heitte det i §11 at "Fylkeskommunen skal sørge for at elevene i den vidaregåande skole får adgang til egnet pedagogisk-psykologisk rådgiving" Denne lova hadde ikkje føresegner om korleis rådgjevingstenesta skulle organiserast. Det måtte derfor vurderast om det var føremålstenleg å få til ei rådgjevingsteneste som følgde barn og unge frå førskolealder, gjennom grunnskolen og vidaregåande opplæring. Det måtte og drøftast om tenesta og skulle gjelde ungdom som ikkje gjekk i vidaregåande skole eller avslutta skolegangen i vidaregåande relativt tidleg.

Etter lovendringa om spesialundervisning, med integrasjon i grunnskolelova, som blei sett i verk frå 1. januar 1976 kom og endringar i tilskottsgrunnlaget for PP-tenesta. Staten ville no gi tilskott etter ei norm på ei stilling pr 900 elevar i grunnskolen i fylket. Statistikken pr. 01.06.75 viste at Møre og Romsdal hadde 1475 elevar pr fagstilling medan landsgjennomsnittet låg på 975 elevar.

I tilknytning til utarbeiding av "Fylkesplan for spesialpedagogiske tiltak i Møre og Romsdal" blei planar for den pedagogisk/psykologiske tenesta i fylket gjennomdrøfta og utgjer kap 5 i denne planen. I prosessen fram til planen hadde mange vore involvert: Eit utval frå PP-tenesta hadde utarbeidd eit utkast som skoledirektøren la til grunn i si utgreiing. Eit utval oppnemnt av fylkesskolestyret til å utarbeide plan for spesialundervisning, sa seg samd i framlegget frå skoledirektøren. Det blei innhenta fråsegn om planframlegget frå ein rekke instansar i fylket, og det blei til slutt drøfta i Fylkesrådet for opplæring av funksjonshemma.

Både skoledirektøren og utvalet for spesialundervisning i vidaregåande opplæring tilrådde ei sams PP-teneste for grunnskolen og den vidaregåande skolen, men dette måtte gjennom ei politisk handsaming i fylkeskommunen, og det måtte inngåast avtalar mellom kommunane og fylket i dei aktuelle PP-distrikta.

Planen for PP-tenesta kunne såleis i første runde leggast til grunn for grunnskolen og tre årskull på førskolesteget. Dette ville medføre om lag ei dobling av stillingstallet og ein måtte såleis rekne med ei viss opptrappingstid. I praksis fungerte det slik at PP-tenesta også gav råd til nokre elevar i vidaregåande opplæring.

Tabell 4.2 gir eit oversyn over den endelege utbyggingsplanen for PP-tenesta i fylket. Plassering av hovudkontora er understreka. Det bør og nemnast at det i planen var forslag om ein del underkontor jf. underpunkt (strekpunkt) under ein del kontor i den første kolonnen i tabellen. Den andre kolonnen viser at det i 1975/76 var tilsett 25,5 fagpersonar, men 4 ½ stod vakante. Den tredje kolonnen tar opp planforslaget som kommunane måtte følgje når 3 årskull i førskolealder og 9 i grunnskolealder skulle sikrast teneste, i alt 54 stillingar, dvs noko over ei dobling. Den fjerde kolonnen viser forslaget til fagpersonell for vidaregåande skolar, 13 stillingar. Den siste kolonnen viser summen av fagpersonale som skulle dekke førskole, grunnskole og vidaregåande skole, til saman 67 fagpersonar. Tala i klammeparentes i siste kolonne viser stillingstalet ved høvesvis hovudkontoret og underkontoret der det var slik ordning.

**Tabell 4.2:**  
**Rammeplan for PP-tenesta frå 1976**

Rammeplan for fagpersonell ved PP-tenesta i Møre og Romsdal								
	PP-distrikt	Stillingar 1975-76		Plan for grunnskole + førskolesteget		Evt. fagpers. for vidareg. skolar	Førskolest. + grunnsk. + vid.g.sk.	
		Tilsett	Vakante	3. + 9. årskull	Tal fagpersonar			
1.	<b>Herøy</b>	-	-	1.764	2,0	0,5	2,5	
2.	<b>Ulstein</b> , Hareid	1,5	1,5	3.769	4,0	1,0	3	5,0
-	Sande, Vanylven	-	-				2	
3.	<b>Volda</b> og Ørsta	2	-	3.705	4,0	1,0	5,0	
4.	<b>Stranda</b> og Norddal	2	1	2.813	3,0	1,0	3	4,0
-	Sykkylven	-	-				1	
5.	<b>Ålesund</b>	6	-	10.861	11,0	3,0	8	14,0
-	Ørskog	-	-				2	
-	Giske	-	-				2	
-	Sula	-	-				2	
6.	<b>Haram</b>	-	-	1.906	2,0	0,5	2,5	
7.	<b>Rauma</b>	1	1	2.719	3,0	1,0	2	4,0
-	Vestnes	-	-				2	
8.	<b>Molde</b> og Nesset	3	-	4.712	6,0	1,0	7,0	
9.	<b>Aukra</b> , Midsund og Sandøy	-	-	1.517	2,0	0,5	2,5	
10.	<b>Eide</b> , Gjemnes og Fræna	1	1	3.056	3,5	0,5	4,0	
11.	<b>Sunddal</b> og Tingvoll	3	-	2.416	3,0	0,5	3,5	
12.	<b>Surnadal</b> , Rindal og Halså	-	-	2.033	2,5	0,5	3,0	
13.	<b>Kristiansund</b> , Frei, Averøy, Aure, Tustna og Smøla	6	-	6.607	8,0	2,0	10,0	

Vårsemestret 1977 behandla fylkesutvalet saka og gav fylkeskolestyret i oppdrag å utarbeide ei prøveordning med sams PP-teneste for grunnskole og vidaregåande opplæring. I løpet av skoleåret 1977/78 hadde fylkeskolestyret gjort vedtak slik at dei første 8 stillingane betalt av fylkeskommunen kunne etablerast. St. meld. nr 98 (1976-77) *Om spesialundervisning* førde til nokre justeringsbehov. Skoledirektøren gjekk ut med ei oppjustering av ramma for grunnskolen med tre stillingar i januar 1978, og departementet rekna no med ei opptrappingstid på tre år for å nå den fastlagde norma. Kommunane og fylket hadde no fatta vedtak om etablering av 66 stillingar, men av desse var ikkje meir enn 44,5 på plass i kontora ved årsskiftet 1977/78. Det blei gitt statstilskott til stillingar, som det var tilsette i, etter den tilskottsprosenten kommunane hadde. Og oppgåvene til PP-tenesta var definert i lov og forskrifter.

Skoleåret 1980/81 var det etablert 57 stillingar for grunnskole/førskole ved pp-kontora, slik målsettinga var, men 6,6 stod vakante. For vidaregåande skole var 6,5 stilling på plass gjennom kjøp av tenester i dei interkommunale/kommunale kontora. Det var no 18 kontor og alle kontora så nær som to hadde etablert leikotek. Fagpersonalet var relativt stabilt i stillingane sine, men ved nokre få kontor hadde det vore vanskeleg å skaffe kvalifisert personale, noko som var hovudårsaka til dei vakante stillingane. Det blei no gitt statstilskott til 9 grunnskoleårssteg og 3 førskoleårssteg etter norma 1/900. Dessutan blei det gitt etableringsstilskott til leikotek.

Eit utval nedsett i 1979 fekk i oppdrag å utgreie behov for, og organisering av synspedagogstillingar. Innstillinga frå april 1980 foreslo to stillingar i fylket. Dette førte til at det blei tilsett synspedagog for Nordmøre og Romsdalsregionen frå august 1980 for ein prøveperiode på to år. (sjå årsmelding for 1981/82 s. 60)

Først på 80-talet blei det på sentralt hald sett i gang utgreiingar mellom anna om korleis PP-tenesta skulle ordnast i framtida. I NOU 1983:4 *Pedagogisk-psykologisk rådgivingsteneste* (Flekkøyutvalet) var det forslag om at pedagogisk-psykologisk teneste skulle utvidast til å gjelde alle barn og unge i alderen 0-19 år. Vidare foreslo utvalet ein fagperson pr 900 barn i alderen 0 til 19 år. Utvalet drøfta og kva som ville vere føremålstenleg storleik på PP-kontora, og meinte at ei nedre grense på 4 fagstillingar var naudsynt for å sikre tverrfagleg kompetanse og dermed tverrfagleg arbeid. St.meld. nr 62 (1982/83) *Om grunnskolen* var og inne på oppgavefeltet til PP-tenesta i åra framover. Dette blei utdjupa i St.meld. nr. 61 (1984-85) *Om visse sider ved spesialundervisninga og den pedagogisk-psykologiske tenesta*, og her blei normforslaga frå Flekkøy-utvalet stadfesta.

Andre utgreiingar på denne tid som og ville kunne få konsekvensar for PP-tenesta var arbeidet med vurdering av inntektssystemet for kommunane. Stortinget fekk dette til handsaming i St.meld nr. 26 (1983-84) *Om eit nytt inntektssystem*. I Ot.prp. nr. 48 (1984-85) *Om endring i lova vedr. inntektssystemet etc.* kom det forslag om endringar i lovverket som følgje av at det meste av midlane til skolesystemet ikkje lenger skulle vere øyremerkte, men overførast til kommunane som ei rammeløyving (i ein sekk).

Dei ovannemde endringane gjorde at det var nødvendig med ei ajourføring av planverket for PP-tenesta. Fagpersonalet for grunnskolen/førskolen var no på 58,5

stillingar. Det var viktig å konsolidere PP-tenesta før overgangen til nytt inntekts-system. Skoledirektøren oppnemnde ei nemnd for å gjennomgå fylkesplanen for PP-tenesta i Møre og Romsdal. Ei nemnd oppnemnd av fylkesskolestyret hadde utarbeidd eit forslag til plan for spesialpedagogiske tiltak i dei vidaregåande skolane. Denne nemnda hadde gått inn for felles PP-teneste for grunnskolen og den vidaregåande skolen. Det var no 7,25 stillingar for vidaregåande skole i PP-tenesta, og det blei i utgreiinga foreslått 12,25. I sak T-63/85 gjorde fylkestinget vedtak om at ei slik opptrapping skulle gjennomførast i løpet av ein fireårsperiode.

(Stoffet for denne perioden bygger på 20-årsmeldinga og årsmeldingane for 1975/76 til og med 1984/85 alle utgitt av Skoledirektøren i Møre og Romsdal.)

### 4.3 PP-tenesta frå 1985 til 1992/93

Frå 1976 hadde det skjedd ei omstrukturering av tenestedistrikt ved at det var blitt fleire mindre kontor. I skoleåret 1985/86 var det såleis 18 kontor med nær 66 årsverk for fagpersonale samla sett for førskole, grunnskole og vidaregåande skole. I St.meld. 61 (1984/85) var det gjort framlegg om at stillingsnormen burde vere 1 fagperson pr 900 barn i alderen 0 til 19 år. Etter dette norm- framlegget, som ikkje blei direkte vedteke av Stortinget, men som kunne vurderast som rettleiande, burde det ha vore 72 stillingar i Møre og Romsdal. Av årsverka ved kontora var 7,25 stillingar øymerka til vidaregåande opplæring medan det burde vore 12,25 finansiert av fylkeskommunen. Vi ser at kommunane gjennomgåande oppfylde ramma, men fylkeskommunen hang noko etter.

I samband med overgangen til nytt inntektssystem hadde skoledirektøren utarbeid eit framlegg til revidert fylkesplan for PP-tenesta. Eit høyringsutkast til ny plan vart sendt ut i november 1985. Denne var til brei høyring i kommunane og fylkeskommunen, og endeleg plan låg føre hausten 1986. Tabellen nedanfor gir eit oversyn over framlegget til plan.

Den første talkolonnen i tabellen viser fagpersonalet i PP-tenesta dekt av kommunen + av fylkeskommunen. Den neste kolonnen viser talet på 0-19-åringar heimehøyrande i kommunen/tenestedistriktet dividert på 900, dvs ein minstenorm i samsvar med føresetnaden i St. meld. nr. 61. I talkolonne 3 har ein rekna med eit førskolekull i 1984-89 av same storleik som i 1978-83, altså korkje auke eller minske i fødselskulla. Ut frå talet på 0-19-åringar viser dei to neste kolonnane eit minimumskrav til fagpersonell frå kommunen og fylkeskommunen. I forslaget om fagpersonell som skal dekke vidaregåande skole har ein tatt omsyn til at ein del vidaregåande skolar har eit stort elevtal frå andre kommunar. For førskole og grunnskole har ein ikkje gått under 2 stillingar som minimumsramme sjølv om barnetalet skulle tilseie dette.

I den siste kolonnen i tabellen har skoledirektøren lagt fram forslag om ei rimeleg personellramme ut frå Stortinget si vurdering av minimumsramme, uttalar frå kommunar og PP-teneste, og ut frå store avstandar og vanskelege reisetilhøve. Mange av fråsegnene peikte på at arbeidsområdet hadde auka så mykje at personal-

normen på 1/900 burde endrast i retning av 1/800 eller 1/700. For dei aller minste kontora var ein i 1985-86 oppe i ei bemanning på 1 person pr. 5-600 barn og unge. Denne auken i fagpersonar kom med bakgrunn i meir fokus på tidleg intervensjon av førskolebarn og på tiltak for vaksne, jf. dysleksiprojektet " Norsk i praksis". Samtidig var det ei utvikling i gang i fylket mot mindre bruk av spesialskolar og HVPU-institusjonar, noko som gav PP-tenesta fleire oppfølgingsoppgåver i vanleg skole.

**Tabell 4.3:**  
**Rammeplan for fagpersonell i PP-tenesta 1986**

Nr.	PP-kontor	Fagpersonell i 1985/86	1984-tal 0-19 år/ 900	1990-tal 0-19 år/ 900	Minsteramme for fagpersonell		Skole-dir. sitt framlegg
					Kommunar	Fylkeskommunen	
1.	<b>Herøy</b>	2 + 0,25	2,61	2,36	2,00	0,50	3
2.	<b>Ulstein, Hareid</b>	2,5 + 0,25	3,26	2,97	2,50	0,50	3-4
3.	<b>Sande, Vanylven</b>	2 + 0	2,49	2,19	2,00	0,25	3
4.	<b>Volda, Ørsta</b>	4 + 1	5,74	5,26	4,50	1,00	6
5.	<b>Stranda, Norddal</b>	2 + 0,25	1,97	1,74	2,00	0,25	3
6.	<b>Sykkylven</b>	2 + 0,25	2,20	2,12	2,00	0,25	3-3,5
7.	<b>Ørskog, Stordal, Skodje</b>	2 + 0	1,92	1,86	2,00	0,25	3
8.	<b>Sula</b>	2 + 0	2,17	2,05	2,00	0,25	3
9.	<b>Ålesund</b>	7 + 1	9,97	9,02	7,00	2,25	10
10.	<b>Giske</b>	2 + 0	2,13	2,05	2,00	0,25	3
11.	<b>Haram</b>	2 + 0,25	2,83	2,64	2,25	0,50	3-3,5
12.	<b>Rauma, Vestnes</b>	4 + 0,5	4,22	3,85	3,50	0,75	5
13.	<b>Molde, Nesset</b>	6 + 1	7,01	6,47	5,50	1,50	7,5-8
14.	<b>Aukra, Midsund, Sandøy</b>	2 + 0	2,20	2,03	2,00	0,25	3
15.	<b>Eide, Gjemnes, Fræna</b>	3,5 + 0,5	5,04	4,75	4,25	0,50	5
16.	<b>Sunnadal, Tingvoll</b>	3 + 0,75	3,09	2,65	2,50	0,75	3,5-4
17.	<b>Surnadal, Rindal, Halså</b>	2,75 + 0,25	3,06	2,74	2,50	0,50	3,5-4
18.	<b>Kristiansund, Averøy, Frei, Tustna, Aure, Smøla</b>	8 + 1	10,14	9,13	8,00	1,75	10-11
<b>Sum</b>		<b>65,75</b>	<b>72,04</b>	<b>65,88</b>	<b>58,50</b>	<b>12,25</b>	<b>80,5-85</b>

Gjennom planarbeidet fekk ein drøfta distriktsinndelinga. Dette var nødvendig fordi det hadde vore ein del ønskje frå kommunar om å skilje seg ut av interkommunale kontor for å laga svært små einingar. I drøftingar med kommunane og med utgangspunkt i utgreiingar og stortingsmeldingar hadde skoledirektøren medverka til at slike vedtak ikkje blei fatta. Ein hadde t.d. ikkje funne det rimeleg med ytterlegare oppdeling av kontor med 2-3 fagpersonar. Det høyrer med til historia at skoledirektøren også etter 1985 skulle ha distriktsinndelinga til godkjenning. § 9 i grunnskolelova, som omhandla PP-tenesta, vart ikkje endra ved overgang til nytt inntektssystem.

Ved handsaming av St. meld. nr 61 (1984-85) gjekk Kyrkje- og undervisningskomiteen inn for at ei felles teneste for grunnskolen og vidaregåande skole burde vere normalordninga, og at tenesta burde trappast opp til å gjelde heile førskolesteget. Til 1985 var det berre tre førskoleårskull som gav rett på statstilskott, medan det no blei seks. Komiteen meinte vidare at hovudregelen burde vere at alle kontor skulle ha ei fagsamansetjing med både psykologisk, pedagogisk og sosial fagkompetanse. Skoledirektøren tolka komiteen slik at ein ikkje skulle stanse desentraliserte løysingar som alt var i funksjon, men at ein helst burde ha minst 3 fagpersonar på eit slikt kontor, og hovudregelen burde vere 4 personar eller meir. I utgreiinga blei kommunar som hadde kontor der fagpersonalet var på 2,5 personar eller mindre, bedt om å gå inn i vurdering av samanslåing. Dette gjaldt 8 kontor. Alternativet var slik tabellen viser å sørge for minst 3 fagpersonar.

Skoleåret 1992/93 var det 17 kontor med 75 stillingar i PP-tenesta, men nær 8 sto vakante. Fylkeskommunen dekte no 10 stillingar for arbeid med vidaregåande opplæring. Det var ei endring i talet på kontor, i og med at Aukra og Midsund var gått inn i Moldekontoret, og Sandøy kommune inn i Haramkontoret, altså eitt kontor mindre. Alle kontora hadde da innført EDB-basert klient/tiltaksregistreringssystem, og det kunne giast ut *Årsmelding for PP-tenesta i Møre og Romsdal for 1992/93* med mykje interessant materiale. Tala i dette avsnittet er henta frå denne, og det same er tabell 4.4 nedanfor.

I denne årsmeldinga finn vi også eit oversyn over fordelinga på fagstillingar:

- 35,55 PP-rådgjevarar
- 35,35 spesialpedagogar
- 4,2 sosionom eller barnevernspedagog
- 7,75 andre knytt til kontoret utanom ramma t.d. øyremerkte PU-reformen
- 13,66 kontorpersonale

**Tabell 4.4:**

**Fagpersonale og klientgrunnlag i PP-tenesta i Møre og Romsdal pr. 1.12.92**

PP-kontor	Sum fagstilling	Sum vakanse	Klientgrunnlag 0-19 år	Klientgrunnlag pr. fagstilling**	Stilling i v.g.sk.	Klientgrunnlag 16-19 år	Tal på elever i v.g.sk
<b>Ålesund</b>	8,9		9609	1080	1,9	2087	2938
<b>Sande/ Vanylven</b>	2,5		2125	850	0,25	470	102
<b>Herøy</b>	3	1	2371	790	0,25	535	328
<b>Ulstein/ Hareid</b>	3,15		3143	998	0,25	721	492
<b>Volda/ Ørsta</b>	5	1	5317	1063	1	1175	1223
<b>Stranda/ Norrdal</b>	3		1720	573	0,25	393	430
<b>Sykkylven</b>	3,1		2061	665	0,25	443	350
<b>Ørskog, Skodje, Stordal,</b>	3		1943	648	0,25	407	123
<b>Sula</b>	2,4		2032	847	0,25	479	130
<b>Giske</b>	2,67	0,5	2014	754	0,25	451	54
<b>Haram/ Sandøy</b>	3,6	0,1	2852	792	0,5	636	359
<b>Molde, Nesset, Aukra, Midsund</b>	9,2	0,5	8353	908	1,25	1778	1740
<b>Rauma/ Vestnes</b>	4,83	0,75	3862	800	0,5	860	613
<b>Eide, Fræna, Gjemnes</b>	5	2	4512	902	0,5	988	548
<b>Ytre Nordmøre *</b>	8,75	1	8980	998	1,25	2088	1901
<b>Sunddal/ Tingvoll</b>	3,75	1	2807	749	0,75	641	701
<b>Surnadal, Rindal, Halsa</b>	3,25		2705	832	0,25	672	335
<b>Sum</b>	<b>75,15</b>	<b>7,85</b>	<b>66416</b>	<b>884</b>	<b>9,9</b>	<b>14824</b>	<b>12367</b>

\* Kristiansund, Aure, Averøy, Frei, Tustna, Smøla

\*\* Vakansar er ikkje tekne med ved utrekning av talet på klientar pr. heile fagstilling



### 4.3.1 Interkommunale andrelinetenester

Fram til og med 1985 hadde det vore øymerka tilskott til sjukehusundervisning som også omfatta barne- og ungdomspsykiatri i Molde og Ålesund, og audiopedagogisk førskoleavdeling i Ålesund. Denne undervisninga var fysisk plassert i vertskommunane til sjukehusa. Etter kvart hadde det og kome i stand ordning med syns- og audiopedagog i Molde og Ålesund. Alt dette blei finansiert gjennom B-timeramma til spesialundervisning som skoledirektøren fordelte. I rundskriv F-1000/85 gav Kyrkje og undervisningsdepartementet retningsliner for at denne undervisninga/tiltaka skulle halde fram i same omfang som i skoleåret 1985/86. Dette kravde at det blei utarbeidd ein fordelingsmodell for kostnadene, noko skoledirektøren fekk i oppdrag å ta seg av. I rundskriv 73/85 kom skoledirektøren med ein fordelingsmodell for ein overgangsperiode og la opp til ei utgreiing om framtidig modell som skulle gjelde frå skoleåret 1987/88.

Utgreiingane førte til fylkesplanar på fleire område:

- Synspedagogteneste
- Audiopedagogteneste
- Barne- og ungdomspsykiatri
- Sjukehusundervisning ved somatiske avdelingar

Alle desse planane låg føre i første kvartal 1987 etter grundige førehandsdrøftingar og høyring med involverte partar. Desse tenestene er spesialiserte tenester som supplerer PP-tenesta eller som tilhøyrrer andrelinetenestene i høve PPT.

For synspedagog og audiopedagog blei det lagt opp til at kostnadene skulle dekkast av kommunane med 15/18 og fylkeskommunen med 3/18 dvs for høvesvis 15 og 3 årskull. Stillingane var fagleg knytt til avdelingar ved sjukehusa, bortsett frå audiopedagogen i Kristiansund som var knytt til PP-kontoret. For barne- og ungdomspsykiatrien vart kostnadene fordelt på kommunane i høve til talet på barn/unge i aldersgruppa 1-16 år i kommunane.

Vertskommunane fungerte som styringsorgan, med skolesjefen som administrativ utøvar. Dei forskotterte og sørnga for innkreving av betaling frå fylkeskommune og kommunar etter eit avtalt opplegg i planane av 1987. I 1987 kom og Trondheim med i oppgjærdsordninga i og med at barn frå Møre og Romsdal var innlagde ved Regionsjukehuset i Trondheim. Kostnadene for alle dei ovannemnde tenestene utgjorde om lag 3,75 mill. kr på dette tidspunkt. Det var ikkje heilt enkelt å få absolutt alle kommunar med på dette samanskottslaget, men etter noko overtaling m.a. med vising til at Stortinget hadde gått inn for slik ordning, kom alle kommunar med og underskreiv avtalane.

**Tabell 4.5:**

**Oversyn over utviklinga av ulike hjelpetenester i andreline**

Tenestetype	Etablert stad og år	Arbeidsområde	Forslag i plan 1987	Arbeidsområde i plan 1987
Synspedagog	Molde, 1980	Nordmøre og Romsdal	Molde, 1 stilling	Nordmøre og Romsdal
Synspedagog	Ålesund, 1984	Sunnmøre	Ålesund, 1 still.	Sunnmøre
Audiopedagog	Ålesund, 1970	Heile fylket + Nordfjord, Frå 1976 Sunnmøre og Nordfjord	Ålesund, 1stilling	Sunnmøre
Audiopedagog	Molde, 1976	Nordmøre og Romsdal	Molde, 1 stilling	Romsdal og delar av Nordmøre
Audiopedagog			Kristiansund, ½ stilling	Nordre Nordmøre pp-distrikt
Audiopedagogisk avdeling	Ålesund, 1980 2 still. B-time-finansiert	Førskolebarn i heile fylket	Ålesund, 1 leikotekleiar, 1 spes.ped.	Heile fylket
Barne- og ungdomspsykiatri	BUA Molde 1967, Sagbakken skole,1972	Heile fylket for familiebehandling, poliklinisk Nordmøre og Romsdal	BUA Molde, Sagbakken: 4370 årstimar	Familie: Heile fylket Poliklinikk: Nordmøre og Romsdal
Barne- og ungdomspsykiatri	BUP Ålesund, 1977	Poliklinisk Sunnmøre	BUP Ålesund 3135 årstimar	Poliklinikk: Sunnmøre
Somatiske sjukehus	Kristiansund, Molde, Ålesund	Undervisning for innlagde barn/unge	Kr.sund 380 årstimar Molde 400 årstimar Ålesund 2280 årstimar Tr.heim 1192 årstimar	Innlagde barn/unge frå Møre og Romsdal

Ved ei lovendring fekk fylkeskommunen ansvaret for grunnskoleundervisninga ved sosiale og medisinske institusjonar *som fylkeskommunen eig og driv* frå og med 1. januar 1991. Dette betydde at midlane til drift blei trekt ut av ramma i kommunane og overført til fylkeskommunen. I og med at ordninga med syns- og audiopedagogar var knytt til sjukehusavdelingar tilrådde skoledirektøren at ansvaret og midlane til desse stillingane også blei overført til fylkeskommunen, noko departementet følgde opp. Ei noko innvikla betalingsordning mellom kommunane opphøyrde såleis frå og med 1991 etter å ha fungert i fem år. Stillingstal og funksjonsområde heldt fram som i planen frå 1987.

(Stoffet for denne perioden bygger på årsmeldingar frå Skoledirektøren i Møre og Romsdal for skoleåra 1985/86 til 1992/93, årsmelding for PP-tenesta i Møre og Romsdal 1992/93 og på utgreingar om synspedagogteneste, audiopedagogteneste, barne- og ungdomspsykiatri og sjukehusundervisning.)

## 4.4 PP-tenesta i 10-årsperioden frå 1993 til 2002

Som eit resultat av handsaming av meldingar i Stortinget, vart det i to omgangar på 1990-talet sett i gang utviklingsarbeid for å forbetre opplæringa for elevar med særlege behov.

### 4.4.1 Utviklingsprogram for perioden 1993-96

Det første programmet gjekk over åra 1993-96, og omfatta 50 prosjekt der PP-tenesta var involvert i dei fleste. På same tid blei det gjennomført eit etterutdanningsprogram for PP-tenesta. Eitt av dei viktige felt var å utvikle gode individuelle opplæringsplanar. Elles var det mange utviklingsprosjekt på ulike pp-faglege felt med fokus på systemretta arbeid på områda psyko-sosiale vanskar, store lærevanskar, og lese- og skrivevanskar. Forutan prosjekt om det fagspesifikke, var det også prosjekt som omhandla viktige styringsdokument i PPT, og samhandling mellom PP-kontora i fylket. Mellom anna gjaldt dette fylkesårsmeldingar som synleggjorde faglege og strukturelle utfordringar for PPT. Databasert registreringssystem gav grunnlag for evaluering, og dermed utarbeiding av årsmeldingar og verksemdplanar for det enkelte kontor. Felles malar for dette blei utforma. Utviklingsprogrammet hadde samanheng med omlegginga av det statlege spesialskolesystemet til kompetanse-sentra. Ein føresetnad var at den spesialpedagogiske kompetansen skulle styrkast både i PP-tenesta og i dei statlege kompetansesentra, og at det skulle bli ei desentralisering av noko av det faglege arbeidet frå stat til kommune ved PPT og skolar.

*Fylkesplan for spesialpedagogiske tiltak i Møre og Romsdal, som låg føre 1. juli 1976, hadde fungert som samla fylkesplan fram til først på 1990-talet. Nokre tilpassingar var gjort, som går fram av planar for PP-teneste, for synspedagog-teneste, audiopedagog-teneste, barne-og ungdomspsykiatri-plan m.v. frå 1987. Desse hadde i hovudsak sin bakgrunn i overgangen til nytt inntektssystem. I St. meld. nr. 35 (1990-91) var det forslag om at det burde utarbeidast fylkesplanar for barn, unge og vaksne med særskilte behov. På bakgrunn av dette bad departementet hausten 1991 skoledirektøren om å ta ansvaret for at det blei utarbeidd ein slik plan med ny gjennomgang av spesialpedagogiske tiltak.*

Dette arbeidet kom som ei naturleg oppfølging av HVPU-reformen, sterk satsing på utbygging av barnevern og arbeidet med omlegging av dei statlege spesialskolane. Utgangspunktet for planen var at kommunane og fylkeskommunen var ansvarlege for opplæringstiltak. Planen skulle bidra til å:

- sikre dekning av alle funksjonshemma sitt behov for opplæring
- sikre kvalitet i tilboda
- sikre at tiltak vart sett i samanheng på tvers av etatar
- klargjere behov for tenester
- klargjere behov for kompetanseoppbygging
- klargjere behov for nye tiltak og organisering av tiltaka

Planen var klar til utsending til høyring i januar 1993. Det var ein føresetnad at kommunane og fylkeskommunen skulle utarbeide handlingsretta planar, noko 2/3 av kommunane alt hadde gjort. Endeleg plan låg føre i februar 1994. Eit område som stod sentralt var retten til spesialundervisning, sakkunnig arbeid og rådgjeving. Likeverd, kvantitative og kvalitative krav til opplæring var sentrale omgrep. PPT som rådgjevande organ kom i fokus når det gjaldt kapasitet, kompetanse og dermed etterutdanning og utviklingsarbeid. Det må og nemnast at det blei lovfesta at fylkeskommunen skulle ta ansvar for ei oppfølgingsteneste for ungdom i alderen 16-19 år, som ikkje hadde eit opplæringstilbod eller var i arbeid. Dette kom i tillegg til PPT sitt arbeid, men i samarbeid med denne tenesta og med arbeidskontor, helse- og sosialkontor og barnevern.

Det vart gjort ei vurdering av stoda i fylket når det gjaldt spesialundervisning på alle aldersnivå. Tre område blei særleg vurdert:

- Elevar med sosiale og emosjonelle vanskar
- Elevar kommunikasjonsvanskar/språkvanskar
- Elevar med samansette lærevanskar

Organisering av tiltak på ulike nivå, og modellar for hjelpetiltak blei vurdert, saman med styrking av PPT, særleg på området tverrfagleg kompetanse, for å hjelpe skolen i samband med elevar med sosiale og emosjonelle vanskar.

I samband med at nokre av dei statlege spesialskolane blei lagde om til kompetanse-sentra, vart det frigjort midlar til styrking av syns- og audiopedagogtenesta. Ved behandlinga av budsjettproposisjonen for 1993 vedtok Stortinget å tilføre statsmidlar for å styrke denne tenesta. Etter styrkinga med to stillingar av kvart slag til Møre og Romsdal, fekk såleis desse tenestene følgjande stillingar medrekna dei som alt var i sving på interkommunal basis:

- Nordmøre: 1 synspedagog, 1 audiopedagog
- Romsdal: 1 synspedagog, 1 audiopedagog
- Sunnmøre: 2 synspedagogar, 2 audiopedagogar
- ½ stilling til koordinering mellom kompetansesentrene for syn og hørsel, PPT og syns og audiopedagogane.

Det var i planen forslag om nærare tilknytning av syns- og audiopedagogane til PP-kontora, og det blei lagt opp til vurdering av om ei stilling av kvart slag skulle desentraliserast frå Ålesund til PP-kontor andre stader på Sunnmøre.

I St. prp. nr. 1 (1992-93) blei det som nemnt, lagt opp til eit lokalt utviklingsprogram. Dette innebar m.a. utvikling av praktisk-metodiske tilnæringsmåtar i tilpassing av opplæringa til funksjonshemma barn, unge og vaksne i kommunane. Vidare var det lagt opp til kompetanseheving dels gjennom utviklingsarbeid og dels gjennom etterutdanning. PP-tenesta fekk eit særleg ansvar for nettverksskiping i sine distrikt i høve til lærarar ved skolar som hadde elevar med store vanskar på det aktuelle området. Fylket blei delt i 4/5 nettverksregionar der det og vart kontakt på tvers av PP-kontor. Kommunar, fylkeskommune, spesialskolar og institusjonsskolar i fylket

var involvert, og det var kontakt til aktuelle kompetansesentra avhengig av kva område kompetansehevinga skulle skje på. Det blei lagt opp til fire kursrekker:

- Sosiale og emosjonelle vanskar med målgruppe PPT, barnevern, barne- og ungdomspsykiatri
- Lese og skrivevanskar med målgruppe PPT og logopedar i kommunane
- Samansette lærevanskar med målgruppe PPT, spesialskolar og vaksenopplæringsentra
- System og sakkunnearbeid med målgruppe PP-leiarar

Det er elles i denne planen forslag om mange typar enkelttiltak, jf. *Fylkesplan for opplæring av barn, unge og vaksne med særskilde behov 1993-1996* (Utgitt februar 1994 av Statens utdanningskontor i Møre og Romsdal). Kompetansehevingsprogrammet blei kombinert med at det var høve til å søke om midlar til utviklingsarbeid på det lokale plan.

**Tabell 4.6:**

**Personale i PP-tenesta i Møre og Romsdal 20. september 1996**

PP-kontor	Fagpersonar – heimlar	Fagpersonar – tilsett	Kontorpersonale – tilsett	Barn/unge 0-19 år	Barn/unge pr fagstilling
Ålesund	12,20	12,20	2,40	10583	867
Sande, Vanylven	2,50	2,20	0,50	1777	711
Herøy	3,20	3,00	0,50	2177	680
Ulstein, Hareid	3,35	3,35	0,50	2939	877
Volda, Ørsta	5,00	5,00	1,00	5270	1054
Stranda, Norddal	3,20	3,20	0,50	1761	550
Sykkylven	3,30	3,30	0,70	1826	553
Ørskog, Skodje, Stordal	3,00	3,30	0,50	1805	602
Sula	2,80	2,80	0,80	2018	721
Giske	2,66	2,66	0,24	1482	557
Haram, Sandøy	4,03	4,03	0,70	2254	559
Molde, Aukra, Midsund, Nesset	10,05	10,05	1,50	8246	820
Rauma	3,00	2,00	0,50	1856	618
Vestnes	2,80	2,80	0,50	1150	411
Eide, Fræna, Gjemnes	5,00	5,00	0,90	3885	777
Ytre Nordmøre *	10,50	9,10	2,00	8687	825
Sunnadal, Tingvoll	4,75	4,75	1,00	2726	574
Surnadal, Rindal, Halså	4,25	4,25	1,00	2563	603
<b>Sum/ gj.sn.</b>	<b>85,59</b>	<b>82,69</b>	<b>15,74</b>	<b>62985</b>	<b>** 736</b>

\* PPT for ytre Nordmøre: Kristiansund, Aure, Averøy, Frei, Smøla, Tustna

\*\* Barn/unge pr. fagstilling:  $62985 : 8559 = 736$

Ved avslutninga av denne programperioden var bemanninga i PP-tenesta auka noko samtidig som barnetalet hadde gått noko ned. Dette gjorde at det no var 1 stilling pr. 736 barn og unge frå 0-19 år, men det var store forskjellar mellom kontora, jf. tabell 4.6. I vurderinga må ein ta omsyn til at ansvaret i høve til vaksengruppa var kome sterkare inn som ein følgje m. a. av reforma for psykisk utviklingshemma. Denne hadde medført at ein god del vaksne var flytta frå institusjon tilbake til heimkommunen så arbeidsmengda til PPT var nok ikkje gått noko ned.

Vi merker oss at Vestnes no har fått status som eige kontor, men realiteten hadde vore den same også tidlegare. Ved reforma for psykisk utviklingshemma valde om lag 100 av klientane ved Hellandheimen å busette seg i Vestnes. For å kvalitetssikre situasjonen for psykisk utviklingshemma, tar kommunen lova på alvor. Vi ser av tabell 4.6 at kommunen har 411 barn/unge pr fagstilling, og i tillegg til det tabellen viser, hadde dette kontoret 2 stillingar øymerka for arbeid med psykisk utviklingshemma. Tabell 4.6 syner korleis personalsituasjonen var ved vurderinga av erfaringane frå denne satsingsperioden.

#### **4.4.2 Kompetansehevingsprogrammet Samtak**

Ved oppsummering av arbeidet i perioden 1993-96 i St. meld. nr 23 (1997-98) kom det forslag om å vidareføre styrkingsarbeidet som var på gang, noko Stortinget stadfesta. Dermed var grunnlaget for det andre programmet med satsing lagt. To vedtak hadde stor verknad for fylket. For det første vart det avgjort at stillingstalet ved dei regionale kompetansesentra skulle reduserast og at dei frigjorte midlane skulle overførast som øymerkt tilskott til styrking i form av nye stillingar i PP-tenesta. For det andre skulle det setjast av midlar til eit kompetansehevingsprogram, gitt namnet "Samtak", i perioden 1999-02.

I Møre og Romsdal førte dette til 16 statleg finansierte årsverk til styrking av PP-tenesta. Hausten 1998 la Statens utdanningskontor fram ei utgreiing om styrking av tenesta og ga ut ei "Tilråding om fordeling av nye fagårsverk til PP-tenesta i Møre og Romsdal" datert 13.11.98. Denne tilrådinga vart til etter ein omfattande prosess med involvering av rådmenn, skoleansvarlege og PPT i kommunane og fylkeskommunen, leiarane for PP-tenesta, Kommunenes Sentralforbund, helse og sosialavdelinga i fylkeskommunen og Høgskulen i Volda. Dette var ein freistnad på å gi desse årsverka ei forsvarleg forankring og eit grundig fagleg fundament. Trass i denne forankringa var det ikkje heilt einfelt å få alle regionane i fylket til å følgje opp dei intensjonane som var gitt for desse årsverka av storting og departement. Utgreiinga viser og kva stillingskategori som var ved kvart enkelt kontor hausten 1998. Dei nye stillingane vart plassert ved 12 av dei 18 PP-kontora, men organisert i fire regionar der det skulle samarbeidast innan kvar region. Det var og føresetnaden at det skulle vere eit samvirke på tvers av fylket for å styrke den totale kompetansen.

På same tid skulle *Samtak*-programmet sørge for kompetanseheving både hos skoleleiarane og PP-tenesta slik at ein fekk eit meir målretta og systematisk arbeid når det gjaldt tilrettelegging for elevar med særlege behov. *Samtak* innebar også eit vidare kompetansehevingsprogram for dei tilsette i PP-tenesta innan dei same områda som

i perioden 1993-96. Parallelt med dette vart det gitt kvalitetsutviklingsmidlar til ein del skolar innan dei same fagområda, for å utvikle praksisfeltet. Dette skulle og gi sambandsliner til kursrekkene i Samtak, slik at kursrekkene og prosjekta gjensidig skulle verke understøttande for kvarandre. Sjå og kapitel 5.

Styrkinga førte til ein auke i stillingstal i PPT. Statistikken i tilstandsrapportane for 1999-2000 og for år 2000 viser ein auke frå 88 oppretta fagårsverk i 1998 til 106 i år 2000. Begge åra var det ein vakanse på om lag 5 %. I år 2000 var det såleis om lag 100 pp-stillingar i fylket, noko som utgjorde ca.1 fagstilling pr 600 av 0-19-åringane i fylket. Ved utgangen av år 2000 var stillingsgruppene av tilsette slik:

**Tabell 4.7:**  
**Stillingskategori i PP-teneta ved utgangen av år 2000**

Stillingskategori	Årsverk
PP-rådgjevar (cand.psykol., cand.ped., cand.ped.spes., cand.polit.)	46,75
Spesialpedagogar (spesialpedagogar 1. og 2. avd., lærarar og førskolelærarar)	48,96
Sosialfagleg (sosionomar og barnevernspedagogar) personell	3,80
Andre fagstillingar	
<b>Sum fagstillingar</b>	<b>99,51</b>
Merkantile	17,70
<b>Sum stillingar totalt</b>	<b>117,21</b>

Dei nye årsverka har i hovudsak representert ei fornying og aksellerering av systemperspektivet i utviklingsperioden 1999 til 2002. Desse årsverka representerte fagleg inspirasjon gjennom at desse fagpersonane kunne gå i djupna på ein del fagtema og oppgåver, og ved å medvirke til kontakt og samarbeid på tvers av pp-distrikt. I den granskinga som "Faglig enhet for PPT" gjorde midt på 90-talet, viste PPT i Møre og Romsdal seg som ei av dei mest stabile tenestene i landet. Stor stabilitet og liten vakanse var gjennomgåande. Som i landet elles har dette endra seg. Det var no i 2002 færre psykologar i tenesta, og ein del av spesialpedagogane søkte seg heller over i skolen med betre tilsettingsvilkår enn i PPT. Det blir interessant å sjå korleis utviklinga blir framover i åra som kjem. Det er viktig at alle fagkategoriane er til stades dersom ein skal fylle intensjonen om tverrfagleg arbeid slik "Flekkøy-utvalet" og stortingsmeldingar har hatt fokus på.

Eit viktig tiltak i denne perioden var å få i gang ei ordning med hovudfag i spesialpedagogikk ved Høgskolen i Volda. Fylkesårsmeldinga for skoleåret 1994/95 for PPT i fylket syner at det innan stillingskategorien spesialpedagog var 53 personar i 43,4 stillingsheimlar. Av desse 53 hadde 49 2-årig spesialpedagogisk utdanning eller meir. 17 av dei hadde grunnutdanning som førskolelærar og 34 lærarutdanning. Ei undersøking Statens utdanningskontor gjorde i 1994 viste at ein stor del av denne gruppa var interessert i å ta hovudfag. To kull har etter 1997/98 gjennomført hovudfag i spesialpedagogikk ved Høgskolen i Volda, ei viktig kompetanseheving for personalet i PPT.

Tiltaka i begge desse utviklingsperiodane har ført til eit meir planmessig, systematisk arbeid på det spesialpedagogiske området. Dette kjem elevane til gode gjennom meir målretta opplegg i høve til dei vanskanane dei har, samtidig som ein sosialt prøver å få til ei god inkludering i skolemiljøet. I fleire av PP-distrikta ser vi ei endring i kommunane og skolane mot meir fleksibel ressursbruk og meir inkluderande elevperspektiv. Dette har samanheng med systematikk i det faglege samarbeidet mellom leiinga på kommunenivå, skolenivå og PPT. Stabilitet og kompetanse i PP-tenesta ser ut til å vere ein viktig føresetnad for å få til god og fleksibel ressursutnytting. Grunnskolelova hadde spesifikke krav til stillingstal og fagsamansetjing i PP-tenesta, noko opplæringslova ikkje har, men den stiller krav om sikring av kvalitet i PP-tenesta sitt arbeid. Dette medfører krav til at kommunane må ha kompetanse til å kvalitetssikre og føre tilsyn med om PPT er bygd opp og fungerer slik opplæringslova føreset.

I sluttrapporten for *Samtak* (Fylkesmannen i Møre og Romsdal 2003) er det ei brei vurdering av erfaringane, og det er tabellar som viser alle utviklingsprosjekta som skolar og PPT gjennomførte i perioden. I evalueringa både frå vårt fylke og i den nasjonale rapporten frå Rogalandforskning går det fram at "Matheus-effekten" er framherskande. Det har mykje å seie for utviklinga korleis kommunane, PPT og staten sikrar kvaliteten, og korleis skolar og PP-kontor som heng etter i utvikling blir motivert til å stå på og utvikle seg vidare. Ein del undersøkingar dei seinare åra viser at det er store ulikskapar frå skole til skole. Det er ei stor oppgåve å trekke alle med slik at kvaliteten jamt over blir sikra.

Psykolog Ola Bræin har forska på arbeidet i PPT i Møre og Romsdal: *En analyse av fagpersonalets arbeidsoperasjoner*. Undersøkingar er gjennomført i 1975, 1985, 1996 og 2005. Han konkluderer med at føringar gitt i sentrale styringsdokument blir følgt opp av tenesta i Møre og Romsdal. Han meiner tenesta i det siste tiåret er blitt klart meir utadretta enn tidlegare.

Frå og med 2004 blei 80 % av dei øyremerka midlane til dei 16 stillingane lagt inn i rammetilskotet til vertskommunane, og 20 % fordelt på alle kommunar og fylkeskommunen. Som vanleg ordning er i inntektssystemet, vil det over ein femårsperiode skje ei utjamning.

Det blei og i denne fasen ei ny vurdering av tilknyttinga syns- og audiopedagogane skulle ha. St.meld. nr 23 (1997-98) la opp til at kompetansesentra for syn og hørsel skulle ha eit koordineringsansvar for desse i sine definerte område av landet. I Møre og Romsdal kom ein saman med Møller og Tambartun kompetansesenter fram til at stillingstalet skulle halde fram som det alt var, gjennom eit samanskotslag mellom fylket og staten ved dei to sentra. Plasseringa skulle vere ved PP-kontora i kvar av dei fire hovudregionane i fylket. Det skulle vere ei fagleg koordinering og leiing frå det respektive senter.

Dei to kompetansesentra har gitt uttrykk for at den modellen Møre og Romsdal har hatt på dette feltet har fungert godt, og at dei skulle ha ønskt seg tilsvarende modell i andre fylke. Fordelen ved ordninga har vore at syns- og audiopedagogane arbeider i eit tverrfagleg miljø, og at dei gjennom samarbeidet i PPT kjem i god kontakt med



faglege opplæringsmiljø i skolen. Ordninga representerer også ein føremon for PP-kontora ved at dei får god kontakt med den høge faglege kompetansen ved dei to kompetansesentra.

(Stoffet for denne perioden bygger på årlege tilstandsrapportar frå Statens utdanningskontor i Møre og Romsdal frå og med 1993 til 2002, Fylkesplan for barn, unge og vaksne med særskilte behov (Statens utdanningskontor i M&R, 1994), Fylkesårsmeldingane frå PP-tenesta i Møre og Romsdal for åra 1992/93, 1993/94 og 1994/95, Tilråding om fordeling av nye fagårsverk til PP-tenesta i Møre og Romsdal (Statens Utdanningskontor i M&R 1998), og Sluttrapport for SAMTAK, (Fylkesmannen i M&R 2003) samt undersøkingar gjort av Ola Bræin)

## 4.5 Oppsummering for 50-årsperioden

Det første skolepsykologkontoret blei etablert for Sunnmøre i Ålesund i 1956, og då Kyrkje- og undervisningsdepartementet bad skoledirektørane om å utarbeide planar for skolepsykologtenesta i 1964, var det etablert kontor også i Kristiansund og Molde. Planen frå 1964 la opp til 8 skolepsykologiske distriktskontor i fylket, og departementet godkjente den med 13 psykologstillinger. Utgangspunktet var no 3000 barn pr skolepsykolog.

Eit utval som utgreidde spesialundervisning i 1969 tok og for seg utbygging av pedagogisk psykologisk teneste. På dette tidspunkt var det berre Ørsta/Volda som hadde fått i gang kontor ut over dei tre i byane. Hovudårsaken var at det var vanskeleg å skaffe psykologar. Dette utvalet endra lite på planane frå 1964 med dei 8 distrikta, og i 1974/75 var det 9 kontor i funksjon i fylket. I planen var det forslag om 35 fagstillinger, men realiteten var no rundt 20, derav 10 psykologar.

Etter lovendring om spesialundervisning, med integrasjon i grunnskolelova frå og med 1976, kom endring i tilskottsgrunnlaget for PPT. I Møre og Romsdal var det på dette tidspunkt 1475 elevar pr. fagstilling. I ny fylkesplan blei det lagt ein utbyggingssplan i samsvar med ny norm på 1 stilling pr. 900 elevar i grunnskolen og tre årskull på førskolesteget.

Ny felles lov om vidaregåande opplæring, som i 1976 blei sett ut i livet, føresette at fylkeskommunen skulle sørge for at elevane i vidaregåande opplæring fekk tilgang til pedagogisk psykologisk rådgjeving. Både skoledirektøren og fylkeskommunen gjekk inn for sams teneste for grunnskolen og den vidaregåande skolen. I rammeplanen frå 1976 opererte ein såleis med 67 fagstillinger i PPT og 2/3 av desse var på plass det neste skoleåret.

I åra deretter følgde kommunane i stor grad opp planen slik at den kommunale stillingsramma etter føresetnaden var på 58,5 stilling ved overgangen til nytt inntektssystem i 1985. Fylkeskommunen var og i gang med oppbygginga og hadde 7,25 av 12,25 planlagde stillingar på plass.

I samband med innføring av nytt inntektssystem, og tilråding ved handsaming av St.meld. nr. 61 (1984/85), om at det burde vere 1 fagperson pr. 900 barn og unge i alderen 0 til 19 år, vart det aktuelt å revidere fylkesplanen for PPT. Denne planen låg føre i 1986 og opererte med ei stillingsramme på 80 til 85 stillingar. Det var på dette tidspunkt 18 kontor og mange var mindre enn det stortingsmeldinga føresette. Planen la opp til at det ikkje burde vere mindre enn 3 fagstillingar på dei minste kontora. Skoleåret 1992/93 var 75 stillingar oppretta og utgjorde 1 fagperson pr. 884 barn/unge. 10 % av stillingane stod vakante slik at ein framleis låg noko under norma, og det var store variasjonar frå kontor til kontor.

For vanskegrupper som var i fåtal blei det allereie på 70-talet arbeid med å få i gang ulike interkommunale tenester. Det gjaldt barne- og ungdomspsykiatri, synspedagog og audiopedagog og sjukehusundervisning. Ved overgangen til nytt inntektssystem i 1985 var desse tenestene i sving med statstilskott over dei såkalla B-timane. Det gjaldt no å få konsolidert desse ordningane ved overgang til eit inntektssystem, der midlane var overført til kommunale og fylkeskommunale rammer. Nye planar for eit omfattande samanskottslag for desse tiltaka låg føre ved inngangen til 1987. Ved ei lovendring fekk fylkeskommunen ansvaret for grunnskoleundervisninga ved sosiale og medisinske institusjonar frå og med 1991. I og med at alle desse interkommunale tenestene låg ved sjukehusa blei midlane for alle desse tiltaka overført til fylkeskommunen, og samanskottslaget var dermed over.

Handsaming av stortingsmeldingar om spesialundervisning i 1991 og i 1998 førte til styrkingstiltak både når det gjaldt PPT og syn- og audiopedagog. Det første programmet frå 1993-96 gav ei styrking av syn- og audiopedagogprogramma for fylket frå 4 ½ til 8 ½ stilling ved at staten la inn øyremerka tilskott til 4 stillingar. Etter kvart blei også desse stillingane plassert i fire regionar ved dei større pp-kontora. Vidare blei det under det første programmet lagt opp til ei styrking av PPT gjennom eit utviklings- og etterutdanningsprogram som skulle auke kompetansen på områda psyko-sosiale vanskar, store lærevanskar og lese og skrivevanskar, samtidig som fokus blei retta mot meir systemretta arbeid. Ny fylkesplan for spesialpedagogiske tiltak var ferdig i 1994. Den blei følgd opp av kommunale planar, og om lag 50 utviklingsprosjekt vart gjennomført i denne perioden.

Under den andre programperioden frå 1999 til 2002 blei PPT i fylket styrka med 16 statleg finansierte fagstillingar. Samtidig blei det lagt inn midlar til eit kompetansehevingsprogram for skoleleiarane og PP-tenesta sine fagfolk, SAMTAK. Det dreidde seg om dei same satsingsområda som i det første programmet, og dei nye stillingane skulle ha høg kompetanse på desse felt, og arbeide på tvers i fire regionar slik at kompetansen vart spreidd. Høgskolen i Volda gjennomførte etter initiativ frå Statens utdanningskontor eit hovudfagsopplegg i spesialpedagogikk for tilsette i PPT og andre.

Stillingstalet i PPT auka slik i dette tiåret: Frå 75 stillingar i 1993 til 86 i 1996, og vidare m.a. gjennom den statlege styrkinga til 106 i 2002. Det var ein vakanse på om lag 5 % på alle tre tidspunkta, slik at ein no låg på ei gjennomsnittsnorm på 1 stilling pr. 600 barn/unge i alderen 0 til 19 år. Ved vurdering av desse tala må ein ta

utgangspunkt i at barn og unge med større vanskar enn tidlegare skulle ivaretakast, fordi dei statlege spesialskolane og seinare kompetansesentra reduserte verksemnda.

#### 4.5.1 Refleksjonar over utviklinga

Ut frå oversynet over utviklinga i 50-årsperioden er det naturleg med nokre refleksjonar over kva som har skjedd, og å kome med nokre tankar omkring vidare utvikling eller satsing. Dette er refleksjonar som vil kunne ha eit meir personleg preg, medan denne framstillinga elles er prøvd skrive mest muleg sakleg ut frå faktastoff som blir dokumentert i årsmeldingar, tilstandrapportar med vidare.

Sett i landssamanheng har PP-tenesta i Møre og Romsdal vore ei kvalitativt sterk teneste. Tenesta markerte seg tidleg med leiarar med fagleg styrke og utviklingsorientering. På eit tidleg tidspunkt etablerte tenesta seg med eit arbeidsutval som arbeidde med etterutdanning, verksemdsplanlegging og ulike typar utviklingstiltak og utgreiingar. Ein kom tidleg i gang med fylkeskonferansar for PPT. Seinare finn vi t.d. etterutdanningsplanar utarbeidd av etterutdanningsutval/arbeidsutval i PPT både frå 1989 og 1995. PP-kontora i fylket kom tidleg i gang med eit registreringssystem på EDB, og alle kontor hadde dette i bruk frå skoleåret 1992/93 slik at det no kunne utarbeidast årsmeldingar for PPT med pålitelege opplysningar om tilvising, klientar, tiltak, rammevilkår, organisering m.m. Desse meldingane blei laga årleg i utviklingsperioden 1993-96 og gav: PPT internt og på tvers av kontor, PP-kontor og kommunar i fellesskap; ein innsikt som gjorde det muleg på eit sakleg grunnlag å drøfte utviklingsretning både for kontora og for det spesialpedagogiske arbeidet i kommunane.

Skoledirektøren og seinare Statens utdanningskontor i fylket har støtta godt opp om PPT fordi ein har sett kor viktig tenesta har vore for å få eit godt og riktig fagleg tilbod til elevar med behov for hjelp og støtte. I den siste tiårsperioden har ein vore oppteken av at systemretta og førebyggjande arbeid bør styrkast. Dette betyr at PPT bør funderast i dei kommunale planane for utviklinga av trygge og gode oppvekst- og opplæringsmiljø for barn og unge. Ola Bræin har gjort ein del forskning omkring systemretta arbeid, og konkluderer mellom anna med at det viser seg å vere behov for eit pådriv frå stat og statens utdanningskontor for å få til meir profylaktisk, førebyggjande arbeid. Dersom denne drivkrafta minkar endar ein lett inn i "gamle spor" - der det kurative vinn over det profylaktiske. Systemperspektivet er viktig for å sikre at skolen utviklar seg slik at elevane blir inkludert i skole/klasse/gruppe - samanheng på ein føremålstenleg måte, og at ressursane blir brukt fornuftig, jf. kapitlet om spesialundervisning.

PP-tenesta har gjennom alle år hatt eit personale der nokre har hatt, eller gjennom ulike prosjekt har skaffa seg forskingskompetanse. Det har vore forska rundt PPT sitt eige arbeid, om elevane sin situasjon både i førskole, grunnskole og vidaregåande opplæring, eller om barn, unge og vaksne sin situasjon i lokalsamfunnet. Noko av utviklings- og forskingsarbeidet har og grensa opp til barnevern, helse eller psykiatri.

Det har vore ein rimeleg god stabilitet i personalet i PPT i fylket sett i høve til landet elles. Sjølv på 90-talet med noko større endring, var 68 % av fagpersonalet det same i 1997 som i 1992. At personalet har sett utviklingsbehov og -mulegheiter, har vore ein styrke for utvikling av tenesta, men og for 2.linetenester som barne- og ungdomspsykiatri og habilitering. Desse har rekruttert ein del personale frå PPT. På same vis ser vi at høgskolesystemet har rekruttert folk med bakgrunn frå tenesta i fylket. At folk har flytta seg slik i systemet må vi sjå på som positivt, i og med at det sikrar brei kompetanse på fleire plan. På same tid må vi trekke fram at det er viktig med kontinuitet i PP-tenesta for å sikre vidareføring av kompetanse internt i tenesta og i deira arbeid i høve til skolane. Det er derfor viktig at ein del av dei som driv med forskning/utvikling blir i tenesta eller vender tilbake til tenesta etter å ha skaffa seg anna erfaring.

Det har gjennom alle år vore ei sams teneste for førskole, grunnskole og vidaregåande opplæring i Møre og Romsdal. Fylket har i denne samanheng vore lojal mot tilrådingane frå departement og storting. Det har vore viktig med ei einskapeleg teneste, og fylkeskommunen må giast ros for å ha satsa slik, i motsetnad til i enkelte andre fylke. Det er viktig med ei teneste som har kjennskap til elevane over grensene mellom skoleslaga, for å sikre elevane, men og for å hindre dobbeltarbeid i PPT. Dei geografiske tilhøva i Møre og Romsdal har og gjort at det er naturleg med felles teneste, elles ville kontora lett bli for små til å skape eit godt tverrfagleg miljø. Det har vore viktig både sett frå kommunane si side og frå fylkeskommunen at ein har utnytta synergieffektar ved ei felles teneste. Skoledirektøren og Statens utdanningskontor i Møre og Romsdal har gjennom alle år vore forsvarar av felles teneste i dei tilfella der enkelte har vore inne på andre tankar.

Møre og Romsdal har vore, og er, eit vanskeleg fylke for planlegging av PP-teneste. Det er geografi og demografi som gjer dette. Ein person i tenesta skal dekke 500 til 900 barn/unge, og for å få til ei god tverrfagleg teneste bør det helst vere fire ulike fagbakgrunnar på personalet. Dette gjer at det er nødvendig med ei interkommunal ordning for PPT i eit fylke som vårt. I dei fleste tilfelle må fleire kommunar samarbeide og i tillegg må fylkeskommunen inn. Det har fungert godt med ei slik løysing i dei aller fleste tilfelle. Det er likevel aktuelt etter å ha sett på kontorstrukturen over dei siste førti åra, å koma med nokre refleksjonar rundt storleik og plassering. Dette er og naturleg ut frå erfaringane med dei to programsatsingane på 90-talet der ein har fått til eit samvirke i fire hovudregionar. Dette har betydd mykje særleg for å gi god hjelp til elevar med komplekse vanskar, og til oppfølging av miljø i skole/barnehage/lokalsamfunn der det trengs høg og allsidig kompetanse.

Ved vurdering av distrikt for kontor vil det i første rekke vere naturleg å trekke inn tal på barn og unge. Dessutan vil reiseavstand og betring av kommunikasjonen vere viktige faktorar. I neste runde er det naturleg å sjå det i høve til plasseringa av vidaregåande skolar. Det er og interessant å sjå på korleis samarbeidsstrukturane har utvikla seg dei seinare åra særleg i dei fire samarbeidsregionane og vurdere strukturen i kvar av dei. Eg ville i dag (2003) ha framlegg om følgjande struktur:

- **Søre Sunnmøre:** Det bør vere føremålstenleg med to kontor mot i 2003 fire: Eitt kontor i Volda/Ørsta og eitt kontor for Ytre Søre Sunnmøre dvs for Ulstein, Hareid, Herøy, Sande og Vanylven.
- **Nordre Sunnmøre:** Det bør vere tilstrekkeleg med fire kontor på Nordre Sunnmøre medan det i 2003 er sju: Eitt kontor i Ålesund som i 2003, eitt kontor for Stranda, Norddal og Sykkylven. Tilknytninga for Sula og Giske, bør drøftast i relasjon til Ålesund og til kontoret for Ørskog, Skodje og Stordal og i relasjon til Haram/Sandøy-kontoret. Samarbeidsstrukturar mellom desse kommunane og kvar det er naturleg for dei unge å gå på vidaregåande skole, kan vere aktuelle moment i drøftinga. Kanskje kan tre kontor etter kvart bli naturleg for denne regionen.
- **Romsdal:** Tre kontor som i 2003: Eitt kontor i Molde med Aukra og Midsund, eitt kontor i Eide med Gjemnes og Fræna, eitt kontor for Rauma og Vestnes.
- **Nordmøre:** Tre kontor som i 2003: Eitt kontor i Kristiansund med Frei, Averøy, Tustna, Aure og Smøla, eitt kontor i Surnadal med Halså og Rindal og eitt kontor i Sunndal med Tingvoll og Nesset.

Med ein slik ordning ville ikkje noko kontor få mindre enn 4-5 stillingar, men dei fleste ville vere større. I kvar av dei fire hovudregionane ville det vere tyngdepunkt-funksjonar, m.a. som syns- og audiopedagogar, knytt til dei største kontora. Ein slik struktur vil etter mitt skjønn vere meir framtidretta og gi breie og sterke fagmiljø som vil vere meir attraktive rekrutteringsmessig. Det er og interessant å sjå at dette liknar på tidlige strukturar som blei lagt for PP-tenesta i fylket. Når ein ser attende burde nok ein del av oppsplittinga av kontor, som skjedde på 70-talet, ikkje vore gjennomført. Ein av grunnane til oppsplittinga kan nok vere for stor optimisme når det gjaldt elevtalsutvikling, men sjølstendetrongen i ein del kommunar har nok og vore for stor. Det er interessant å sjå dette i høve til den debatt som no går om kommunestruktur.

# Kap. 5 Forsøks- og utviklingsarbeid og etterutdanning

---

## 5.1 Innføring av 9-årig skole

### 5.1.1 Dei første forsøksskolane

Møre og Romsdal fekk i 1955 to av dei tre første forsøkskommunane for 9-årig skole i landet, Sykkylven og Ørsta. Fram til 1959 følgde desse ungdomsskolane ei interimordning med heimel i Lov om forsøk i skolen. Juridisk sett var linedelt ungdomsskole framhaldsskole og realskole under same tak med grunnlag i Lov om folkeskolen av 1936, Lov om framhaldsskolen av 1946 og Lov om den høgre skolen av 1935. Dei første åra var det 2-årig linedelt ungdomsskole bygd på 7-årig folkeskole, og frå 1963/64 3-årig ungdomsskole med 6+3 ordning. Erfaringane frå Sykkylven og Ørsta var viktige i arbeidet med å kome fram til nytt lovverk og nytt innhald i skolen, noko som førte fram til Lov om folkeskolen av 1959 med forsøk med 9-årig obligatorisk skole, og ny læreplan i 1960. Det rådde ei verkeleg pionerånd og ein uvanleg innsatsvilje mellom lærarane i interimsskolane.

Vidare førte dette fram til Lov om grunnskolen i 1969 og Mønsterplan for grunnskolen av 1971/74. Seinare har skolane hatt opplæring etter Mønsterplanen av 1987 og Læreplanen av 1997. No er desse skolane i ferd med å innføre den sjette læreplanen i si historie. Dette fortel noko om kva utvikling som har vore på 50 år, men og at det er store utfordringar også i tida som kjem.

For å eksemplifisere utviklinga kan vi nemne at Sykkylven bygde ungdomsskole med 600 m<sup>2</sup> i nettoareal til 600.000 kr i 1957, og vidare var det ei utbygging i 1966 med om lag same areal. Dei seinare åra er det bygd heilt ny ungdomsskole. I 1960/61 var det 9 klassar og 11 heile lærarstillingar ved skolen, alle med godkjend utdanning. Det fortel noko om utviklinga at det i 1959/60 var 9 heile lærarpostar ved den linedelte ungdomsskolen, og i 1972/73 var dette auka til det tredobbelte ved ungdomsskolen, som da hadde 12 klassar.

### 5.1.2 Utbygging til 9-årig skole i fylket

Overgangen til 9-årig skole gjekk føre seg etter ulike juridiske heimlar:

- Interimsordning frå 1955-59
- Etter lov om folkeskolen frå 1959
- Etter lov om grunnskolen frå 1971

Den første utforminga av 9-årig skole høvde lite med dei geografiske tilhøva i Møre og Romsdal, men etter kvart kom det oppmjuking av reglane for kvar ein kunne etablere skolar:

- Frå 1964 blei skolar med to klassar på steget ei ordinær løysing
- Frå 1967 blei det opna høve til ungdomsskolar med ein klasse på kvart steg

- Frå 1969 kom unntaksløysingar med få-delt ungdomssteg
- Frå 1972 kom ekstreme løysingar med "samla" ungdomsskole, dvs ein klasse for heile ungdomssteget

Storparten av kommunane venta med overgangen til det blei klart at det ville bli ein frist for gjennomføring med avgangsklasse seinast våren 1975. Årsakene til dette var nok fleire, t.d.:

- Kommuneendringa i 1965 frå 62 til 35 kommunar
- Avventing av regeloppmjuking
- Relativt god dekning med realskolar, 20 fordelt over fylket
- Vanskar med å finansiere skolebygg

Kommunane Sunndal, Surnadal og Rindal kom med frå 1959-60, og Giske og Aukra kommunar frå 1962-63 og 1964-65. Men hovudinnføringa skjer i 1969, 1970 og 1971.

\* For ei meir grundig utgreiing syner vi til kap 2 i dette heftet og til Stølen si 20-årsmelding og boka hans Grunnskolereform og lokal reaksjon.

### 5.1.3 Grisgrendtprosjekt

Dei skolane som kom tidleg med hadde ein god del kontakt med Forsøksrådet som dreiv ulike typar tiltak for å utvikle skolen. Det var årlege samlingar med drøfting av organisering og innhald. Sæbø skole i Ørsta og Rindal skole var frå 1968 med i grisgrendtprosjektet som var leia av Forsøksrådet \*. Grisgrendtutvalet konkluderte m.a. med at resultatata frå skolar med 2 klassar på årssteget låg fullt på høgde med prøve-resultatet frå samtlege elevar i avgangsklassane i 1969. Valfagstilbodet var heller ikkje svakare enn ved større skolar. "Det var ingen grunn til å regne disse skolene som avviksskoler" \*.

\* Forsøksrådet for skoleverket: 9-årig skole i grisgrendte strøk. (1972)

### 5.1.4 Karakterstatistikk

Dette blei seinare følgt opp av Skoledirektøren i Møre og Romsdal for avgangskarakterane på alle skolane i 1973/74. Anders Stølen konkluderte med at det var ingen påviseleg skilnad mellom små, mellomstore og store skolar når det gjaldt gjennomsnittresultata. Alle gruppene var like når det gjaldt gjennomsnittleg eksamenskarakter og skilnaden i gjennomsnittleg standpunktkarakter var lite nemnande. Statistikk for avgangskarakterane blei utarbeidd årleg fram til ut på 90-talet, og hovudkonklusjonen var den same, sjølv om det no var kome til fleire små skolar.

Føremålet med å utarbeide karakterstatistikk, var informasjon til kvar skole og til kvar eigarkommunane kvar dei låg i høve til gjennomsnittet i fylket og om spreia innan eigen skole. Dermed kunne ein få til drøftingar som hindra ein inflasjon i karaktersettinga for standpunktkarakterane sitt vedkomande. Dette var særleg viktig fordi det var mange små skolar. Det var og sterk konkurranse om inntak til vidaregåande opplæring i denne perioden, derfor var det viktig med eit rettferdig system. Ordninga

var slik at det ikkje var lagt opp til rangering av skolar ved namn. Skolen fekk berre vite kvar den sjølv låg. Då det sentrale statistikkssystemet kom etter år 2000 med offentleggjering på internett om kvar den enkelte skole plasserte seg, blei det diskusjon om dette var føremålstenleg. Skoledirektøren opplevde at skolane og kommunane var svært tilfredse med den metoden som blei brukt i fylket frå 70- til 90-talet. I ein periode på 90-talet då systema blei lagt om, og det ikkje var råd å få fram slik statistikk, blei den etterlyst frå mange skolar.

Karakterstatistikkhefte frå 1975 til 1998 er å finne i arkivet til Skoledirektøren/Statens utdanningskontor i Møre og Romsdal. Dessutan er det ein rapport om Avgangskaraktarar i grunnskolen – eit 6-årsprosjekt, okt. 1979

## **5.2 Utbygging av pedagogisk rettleiingsteneste. Etterutdanning**

Frå 1955 til Lov om Grunnskolen av 1969 blei innført i 1971 saman med Mønsterplanen av 1971, hadde det gått føre seg ei djuptgripande endring frå folkeskole, framhaldsskole og realskole til ein 9-årig grunnskole for alle. Omforminga hadde gått mykje på ytre oppbygging som skolestruktur og skolebygg. Det indre livet som organisering av læringssituasjonen, arbeidsmetodar og undervisningsopplegg hadde vore mindre i fokus på mange skolar. Forsøksrådet for skoleverket hadde dreve kursverksemd og informasjon for å sette lærarane ved forsøksskolane betre i stand til å undervise i samsvar med Læreplan for forsøk i skolen, men etter kvart som forsøksverksemda utvikla seg til ein landsomfattande reform, var det uråd å nå alle lærarane på denne måten.

Den nye skoleordninga blei stort sett gjennomført utan at det tradisjonelle undervisningsopplegget endra seg noko serleg. Sjølv om Forsøksrådet hadde gjennomført prosjekt som Emneundervisning og studieteknikk, og det hadde kome nye lærebøker og anna undervisningsmateriell, heldt lærarane både på barnesteget og i ungdomsskolen for det meste fram med å undervise som dei hadde gjort.

### **5.2.1 Mønsterplanen av 1974**

Da grunnskolen hadde funne si ytre form ved lovendringa som blei gjennomført i 1971, og Mønsterplanen skulle takast i bruk stegvis frå 1971 til 1975, blei det klart at det måtte til ei omfattande rettleiingsteneste og etterutdanning for lærarane. Dei grunnleggjande ideane om at elevane er ulike, men likeverdige, stilte nye krav til lærarane i ein skole for alle frå 7 til 16 årsalderen.

I innstillingane frå Folkeskolekomiteen av 1963 og frå Skolekomiteen av 1965 kom det forslag om ei rettleiingsteneste. Folkeskolekomiteen foreslo at tenesta og skulle omfatte pedagogisk-psykologisk teneste, og Skolekomiteen at rettleiingstenesta skulle vere felles for grunnskole og vidaregåande skole. I framlegget til Lov om grunnskolen, Ot.prp. nr. 59 (1966-67) og i St.meld. nr 46 (1971-72) blei dette følgt opp. Rettleiingstenesta skulle utbyggast på fire plan: Skoleplanet, det kommunale/interkommunale planet, det regionale planet/fylket og landsplanet. Det blei lagt økonomiske rammer



for tenesta ved å trekke inn ein del av dei midlane som blei spart inn ved overgangen frå 36 timars veke til 30-timars veke i ungdomsskolen (19 av 80 mill. kr.).

## 5.2.2 Den 38. skoleveka

Nærare reglar for den økonomiske ramma for den pedagogiske rettleiingstenesta blei gitt i rundskriv F-105/73 etter ein formel knytt til undervisningstimetalet i grunnskolen. Vidare blei det lagt opp til at ei av dei 38 vekene i skoleåret skulle nyttast til planleggings- og kursverksemd for lærarane, slik at undervisningsåret for elevane blei på 37 veker. Stortinget vedtok at den regionale rettleiingstenesta i kvart fylke skulle leggast til skoledirektøren. Det var vidare ein føresetnad at det skulle vere ei samordning med etterutdanninga ved lærarskolen. Vidare instituerte stortingsmeldinga ei ordning med lokale/interkommunale og regionale kontaktutval for rettleiings- og etterutdanningstenesta. Nærare retningsliner for tenesta på det lokale planet blei gitt i føresegnar for grunnskolen av 1974.

Etter utgreiing i eit utval (skolesjef Trygve Hagen leiar og konsulent Arne Melle sekretær) med høyringsrunde og drøftingsmøte, blei organisasjonsmønster, innhald og kursdistrikt for rettleiingstenesta i fylket lagt. Ørsta/Volda hadde delteke i forsøk med pedagogisk senter i regi av Forsøksrådet frå 1970.

Det blei lagt opp til interkommunalt samarbeid i fem kursdistrikt: to på Nordmøre, eitt i Romsdal og to på Sunnmøre. Denne strukturen for samarbeid mellom kommunane har stort sett vore den same i over 30 år. Elles gir figuren nedanfor eit bilde på korleis administrasjonsmønster og samarbeidsordning var.

**Tabell 5.1:**  
**Pedagogisk rettleiingsteneste i Møre og Romsdal**

Administrativt nivå	Administrativt organ	Kontaktorgan	Samarbeidsinstansar
REGIONALT PLAN/ FYLKET	SKOLEDIREKTØR Avdeling for pedagogisk rettleiingsteneste. Leiar: pedagogisk konsulent	REGIONALT KONTAKTUTVAL	Skoledirektøren Fylkesskolestyret Lærarskole Distriktshøgskole Lærerorganisasjonar Vaksenopplæringsutval Pedagogisk-psykologisk teneste
KOMMUNALT/ INTER-KOMMUNALT PLAN	SKOLESJEF Inspektør/ Pedagogisk konsulent	INTERKOMMUNALT KONTAKTUTVAL	Skolesjefen i kommunane
		KOMMUNALT KONTAKTUTVAL	Repr. for skolestyret Skolesjef Skoleråd Lærerorganisasjon Foreldre
SKOLEPLAN	Skolestyrar (Rektor) Førstelærer (Inspektør)	KONTAKTUTVAL	Styrar/førstelærer Fagrettleiar Samlingsstyrar Ressurspersonell

Følgjande økonomiske midlar blei frå 1974, da ordninga var i full sving, brukt til rettleiingsteneste og etterutdanning:

- Ei stilling + midlar over skoledirektøren sitt budsjett til kurs
- Midlar frå Statens lærarkurs til etterutdanningskurs
- P-timeramma til pedagogisk rettleiing og fagrettleiing m.m. i kommunen
- Den 38. skoleveka til planlegging, rettleiing og etterutdanning
- 4 ½ -timesramma på ungdomssteg til pedagogiske og spesialpedagogiske tiltak
- Ein klassestyrartime pr klasse på ungdomssteg og barnesteg

Totalt utgjorde denne ressursen i 1974-kroner 10-11 mill. kr for Møre og Romsdal. I tillegg til dette utvida ein del av dei kommunale skolekontora personalet med pedagogiske konsulentar. På Søre Sunnmøre var det eit interkommunalt tenestesenter og i byane og nokre større landkommunar blei det etter kvart pedagogiske sentra. På det spesialpedagogiske området kom det etter kvart inn konverteringsressurs som og hadde verdi i etterutdanning/rettleiingssamanheng. Vi viser til kapitlet om spesialundervisning.

Frå hausten 1974 blei det og skipa ei rettleiingsteneste for ANT- undervisning i fylket med ei halv stilling lagt til skoledirektørkontoret. Konsulenten skulle drive kursverksemd og rettleiing om undervisning i emna alkohol, narkotika og tobakk først og fremst i grunnskolen, men også i vidaregåande skole. Frå skoleåret 1976-77 kom det edruskapskonsulentar i alle fylke.

Frå hausten 1974 starta Rikskonsertane skolekonsertar i Møre og Romsdal. Det blei frå same tidspunkt etablert to regionsmusikargrupper med fire musikarar i kvar gruppe i Molde og Kristiansund. Eitt år seinare blei ei tilsvarande gruppe etablert også i Volda/ Ørsta. Fylkeskonsulent for Rikskonsertane i halv stilling blei frå august 1974 plassert på skoledirektørkontoret.

### 5.2.3 Mønsterplanen av 1987

Fram til det nye inntektssystemet blei innført midt på 80-talet fungerte denne organiseringa og modellen for pedagogisk rettleiingsteneste nokså uendra. Frå då av begynte enkelte kommunar å spare på P-timeramma, men i samband med innføring av Mønsterplanen av 1987 gjekk etterutdanninga stort sett føre seg etter dette mønstret. Det kom også då ekstra statlege midlar til gjennomføring. Dette var midlar som blei lagt inn i tillegg til det som er referert frå 1974. Skoledirektøren, gjennom Det regionale kontaktutvalet, fordelte i 1987 og 1988 om lag 2,8 og 2,7 mill. kr. til etterutdanningstiltak i fylket, noko mindre i 1989. Det må og nemnast at det frå 1985 var sett inn egne statlege midlar til lokalt utviklingsarbeid. Desse midlane blei fordelt av skoledirektøren etter råd frå Det regionale kontaktutvalet. Vi viser til eige avsnitt om Lokalt utviklingsarbeid.

For å få til best muleg utnytting av midlane til etterutdanning og utviklingsarbeid, blei det utarbeid *Program for etterutdanning og utviklingsarbeid* for to 3-årsperiodar i samband med M87 med rullering av årlege planar. I samarbeid mellom Skoledirektøren, Fylkesmannen, Fylkesskolesjefen, høgskolane og andre blei det gitt ut

felleskatalog med kurstilbud for kvart halvår. Ordninga med kurskatalog har seinare vore vanleg, og dei kom etter kvart på internett.

## **5.2.4 Læreplanen av 1997**

I samband med innføring av Læreplanen av 1997 blei det igjen sett inn ekstra midlar frå staten si side. Dette utgjorde årleg om lag 4 mill. kroner over ein treårsperiode. Føresetnaden var at kommunane skulle yte like mykje over eigne budsjett. Det var og i denne runden ein god del interkommunalt samarbeid innan kvar av kursdistrikta. I utarbeiding av modellar for gjennomføring i fylket var også no Det regionale kontaktutvalet rådgjevande. Samansetninga var litt endra m.a. ved at barnehagekonsulenten hos fylkesmannen var drege inn frå slutten av 80-talet, då planlegging av tiltak for 6-åringar starta. Det blei årleg gitt ut Program for etterutdanning og utviklingsarbeid i denne perioden frå 1987 til 1992. Vidare vart kurstilbodet presentert kvart halvår i ein felles kurskatalog som Skoledirektøren og seinare Statens utdanningskontor gav ut i samarbeid med Fylkesmannen, Fylkesskolesjefen, høgskolane, lærarorganisasjonar og andre som hadde tilbud. Ut på 90-talet blei slik informasjon presentert på internett til brukargruppene.

På grunn av lovendringar, jf. kap 1, og økonomiske innsparingar har arbeidet med pedagogiske spørsmål vorte redusert i ein del kommunar den siste 10-årsperioden. Det blei no berre krav i lova om skolefagleg kompetanse og ikkje skolesjef. Dette førte og til at ein del kommunar i første runde sparte inn den pedagogiske konsulenten og noko seinare også skolesjefen. I fleire kommunar blei det berre ein konsulent/rådgjevar som, under rådmannen, skulle følgje opp skole og barnehage. Ofte fekk denne personen også andre oppgåver som t.d. kultur i tillegg. Mange av oppgåvene vart delegert ut til rektor ved skolane og styrar i barnehagane.

Kursverksemda som blei organisert i den 38. veka, seinare 39. veke, blei gjerne tilrettelagt av rettleiingstenesta i den enkelte kommune og innan kvar kursregion, og var nokså vidfemnande. Den kunne vere av fagleg art med metodisk tilsnitt eller om pedagogiske og organiseringsmessige spørsmål. I tillegg kom ein god del kurs som var arrangert av skoledirektøren. Lærarskolen stod også for nokre og lærarorganisasjonane hadde enkelte kurs. Årsmeldingane frå 1970-, 1980- og 1990-talet gir oversyn over kurstilbud og -omfang. Innhaldet var i hovudsak retta mot gjennomføring av læreplanane som til ei kvar tid var under innføring eller til gjeldande plan.

## **5.3 Leiaropplæring**

### **5.3.1 Leiaropplæring på 1970-talet**

Frå det blei ordning med skolesjefar i kommunane, hadde skoledirektøren arrangert møte med skolesjefane for å informere om lov og regelverk, innføring av reformer, m.m. Ut over dette var det ikkje noko systematisk opplæring som kunne nå alle leiarane i fylket.

Etter kvart såg ein at skoleleiaren hadde ei nøkkelrolle når det gjaldt utviklinga av skolen. Både for skoleverket i kommunen og ved den enkelte skole er klimaet for utvikling svært avhengig av korleis leiinga ved skolen fungerer.

Denne erkjenninga gjorde at leiaropplæring vart eit viktig instrument ved innføring av reformer i skolen. For staten har det vore viktig i styringssamanheng. Det første omfattande leiaropplæringsprogrammet i Møre og Romsdal blei gjennomført i siste halvdel av 70-talet. Etter opplegg frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet skulle alle leiarar i grunnskolen i fylket få eit 15 dagers skoleleiarkurs. Dette gjaldt den kommunale skoleadministrasjonen og administrasjonen ved skolane. Det blei avvikla 2 slike kurs i 1976-77 og vidare eit kurs i året fram til 1980.

### 5.3.2 Miljø og leiing i skolen (MOLIS) 1980-87

Frå hausten 1980 føresette departementet at leiarkursa skulle følgje kursopplegget *Miljø og leiing i skolen*. Dette var eit landsomfattande prosjekt leia av Grunnskolerådet gjennom skoledirektøren i det einskilde fylket. Terje Seljelid var prosjektleiar i rådet. Det var trekt inn midlar frå p-timeressursen som både skoledirektøren og kommunane kunne dra nytte av - i første omgang i ein treårsperiode frå 1981-84, men prosjektet varte til 1987. Innhaldet skilde seg frå det tidlegare leiaropplæringsprogrammet ved at grunnkurset på 15 dagar bestod av to hovuddelar:

- leiartreningsprogram
- miljøutvikling ved eigen skole

Innhaldet var prega av miljø- og mellommenneskelege spørsmål med tema som: leiing, arbeidsmiljø, organisasjonsutvikling, samarbeid, kommunikasjon og konfliktløysing.

Det tidlegare kurset hadde vore meir administrativt informerende og innebar ikkje noko forplikting om utvikling ved eigen skole. For nye skoleleiingar var det dessutan lagt opp til eit 5-dagers innføringskurs i skoleadministrasjon. Dette gjaldt dei som ikkje tidlegare hadde fått med seg det administrative kurset. Grunnkurset blei gjennomført i følgjande tempo:

- 1980-81: Ytre Nordmøre
- 1981-82: Nordre Sunnmøre
- 1982-83: Indre Nordmøre
- 1982-84: Romsdal
- 1983-84: Søre Sunnmøre
- 1984-86: Sunnmøre og Romsdal
- 1986-87: Møre og Romsdal med fulldelte barneskolar og store ungdomsskolar

Etter som det var føresetnaden at kurset skulle følgjast opp med miljøutvikling på eigen skole, blei skolesjefane og skolane i regionen trekvart år før påmelding til grunnkurset informert om innhaldet. Etter dette vurderte lærarrådet om administrasjonen skulle søke om å følgje kurset og dermed om skolen skulle arbeide med eige miljø. Det viste seg å bli god påmelding på kursa i kvar region. Alle kom ikkje med i første runde, slik at det blei nødvendig med ytterlegare kurs med deltaking frå større delar av fylket frå 1984-87. Ved gjennomføringa region for region i fylket deltok

skolesjefane i heile kursopplegget i sin region. Dette var viktig strategisk sett for at kommunen skulle gjerast ansvarleg i oppfølging av skolane. Dette blei ikkje gjennomført på same måte i alle fylke, men var ein viktig årsak til at prosjektet blei vellukka i vårt fylke. Om lag 300 skoleleiarar gjennomførte grunnkurset, og dei aller fleste fekk i gang arbeid på eigen skole. Dessutan gjennomførte 15-30 personar i kvar av kurs-regionane rettleiarkurs på 10 dagar. Vi viser og til at det gav seg utslag i søknader om lokalt utviklingsarbeid ein del stader. Sjå eige avsnitt om dette.

Eit anna viktig strategisk grep var at skoledirektørane i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag samarbeide om eit rettleiarkurs i tilknytning til Miljø og leiing i skoleåret 1981-82. Seinare år blei desse kursa vidareført i fylket i samarbeid med Volda lærarhøgskole. Dei som deltok skulle ha gjennomført grunnkurset først. Føremålet med skolering av rettleiarar var at desse kunne yte fagleg støtte både i kurs-samanheng og som rettleiarar på skolar som arbeidde med eige miljø.

Administrasjonskurset på 5 dagar blei gjennomført årleg med 30-40 deltakarar. Etter kvart la ein opp til at dette kurset skulle fungere som rekrutteringskurs for leiarar. Dette særleg med tanke på å få kvinner til å melde seg som søkjarar. Kartlegging viste nemleg at det var få søkarar til kvar utlyst leiarstilling, og enda færre kvinner som søkte.

### 5.3.3 Leiing i skolen (LIS) 1987-1992

Styringsgruppa for MOLIS sendte i august 1985 ut eit forslag til 5-årsplan for etterutdanning av skoleleiarar i grunnskolen til Kyrkje- og undervisningsdepartementet. I september 1986 sendte departementet forslaget til Grunnskolerådet og skoledirektørane til orientering og ba om synspunkt på det. Skoledirektør Per Kvist i Hordaland inviterte skoledirektørane i Sogn og Fjordane (Svein Egil Vestre), Møre og Romsdal (Elen Lein), Sør-Trøndelag (Bodil Skjånes Dugstad) og Nordland (Karl Jan Solstad) til, saman med sine kontor, å gå inn i eit samarbeid om utvikling av det nye programmet. Etter fleire arbeidsmøte rundt i fylka, blei planen endeleg utforma på eit møte hausten 1987. Planen gjekk seinare under navnet *Kystplanen*.

Departementet fastla i 1988 *Rammeplan for ledelsesutvikling i skolen* (LIS). Kystplanen samsvarte godt med departementets LIS-plan, men kystplanen var meir konkret og det var utarbeid ein del kursmaterieell undervegs som blei brukt også i andre fylke enn i kystfylka. På sentralt hald var Eiliv Grue prosjektleiar for leiarutvikling, og kystfylka hadde eit godt samarbeid med han. Frå skoledirektørkontoret i Møre og Romsdal deltok Kåre Egil Nerbø, Ingar Aas, Frank Sæther og Greta Haga i dette arbeidet som var svært omfattande. Samarbeidet med dei andre fylka var svært nyttig, og det var arbeidsdelinga som gjorde at ein kunne få fram både handbok, temahefte og eksempel på praksistilfelle til dei ulike hovudemna:


- Den samfunnsaktive skolen
- Planlegging og styring
- Personalleiing og kompetanseoppbygging
- Læreplanarbeid og skoleutvikling
- Skolen som forvaltningssektor
- Leiing for utvikling og vekst

I arbeidet med planen var Per Kvist pådrivar med å skaffe internasjonal kontakt og idear gjennom sine kontaktar i Canada, USA, Storbritannia og Sverige. Det var gjennom dette at ein tok til med å arbeide med å utvikle case som vi på norsk døypte *praksistilfelle*. Etter ein studietur i Minnesota laga eg saman med medarbeidarane på kontoret for eksempel ei stor oppgåve til forvaltningsfeltet, ei såkalla brevkorg-oppgåve.

Då vi skulle starte på LIS-opplegget i Møre og Romsdal, blei modell for gjennomføringa drøfta i skolesjefmøtet. Skolesjefane hevda då at dei ikkje ville ha ei regionvis gjennomføring over fleire år. Dei ville i gang på same tid i alle dei 5 kursregionane. Argumentet var at dei ville kome inn i den nye utviklinga samtidig. *Vi vil snakke same språk*, sa dei. Dette var ei stor utfordring for skoledirektørkontoret. Skulle vi greie å gjennomføre dette for alle skoleleiarane i fylket, måtte kommunane gå inn å ta ansvar for noko av gjennomføringa i høve til skolenivået, medan skoledirektøren kunne ta ansvaret for å skolere kommunenivået. No kom det godt med at vi hadde gjennomført rettleiaropplæring i MOLIS-perioden. Skolesjefane var interessert i og villige til å gå inn i ein slik modell. Den blei utforma som illustrert nedanfor:

Statens utdanningskontor i Møre og Romsdal - TM

## Gjennomføringsmodell



Medarbeidarane på kontoret var bekymra då dei såg dette forslaget. Arbeidspresset var allereie stort. Eg sa at mange av dei 11-12 kommuneområda stort sett ville greie skolenivået på eiga hand. Vi måtte ikkje ut i alle desse områda for å leie opplegget, men ville kan hende bli spurt om å yte fagleg støtte nokre stader. Under tvil blei dette godtatt. Modellen bygde på at når du gir ansvar ut, får du tillit, og folk føler at dei blir verdsett. Dette slo gjennomgåande til, og det førte til at skolekontora og den pedagogiske rettleiingstenesta fekk høgre fagkompetanse og dermed større respekt på skolane.

Dette kursopplegget hadde eit stort omfang. Kursa for kommunenivået utgjorde 3 dagar to gonger i året med ein dags møte i nettverk før og etter kvar samling. I alt deltok om lag 100 skoleleiarar frå kommunenivået i desse samlingane. Det var skolesjefar, konsulentar og leiarar av rettleiingsteneste og pp-teneste. Desse hadde så neste halvår ansvar for vidareføring til kommunenivået med om lag same innhald og struktur på opplegget. Om lag 350 rektorar og inspektørar deltok i dette, og dei var inndelt i 12 grupper med 3-4 kommunar i kvar. Alle dei 6 nemnde tema blei gjennomførde på denne måten, og i 1991 kom i tillegg temaet kvalitet i skolen som blei organisert på same måten.

Volda lærarhøgskule og Skoledirektøren arrangerte ei halvårseining i *Leiing i det offentlege*. 50 personar frå skole- og kommunenivå gjennomførte dette med særst godt resultat i 1990.

Det blei utvikla ein del materiell til LIS-opplegget i Møre og Romsdal. Eksempel på dette er:

- Styring gjennom planlegging. Grunnskolen som offentlig sektor. Hefte 6 Ledelse i skolen. Kåre E Nerbø 1989
- Skolevurdering og skoleutvikling, mars 1990, Elen Lein m.fl.
- Motivere og støtte, april 1988. Frank O Sæther, Greta Herje Haga, Ingar Aas
- Brevkorgoppgåve, sept. 1990. Perm med brukarrettleiing, forvaltningsoppgåvesett og praksistilfelle som blei utvikla på skoledirektørkontoret i M&R, men brukt i LIS på landsbasis.

### 5.3.4 Leiingsutvikling i skolen (LUI) 1992-97

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet la i 1992 fram ein ny plan for leiingsutvikling i skolen. For første gong var det laga ein felles plan for grunnskole og vidaregåande opplæring. St. meld. nr. 37 (1990-91) understreka behovet for å skape heilskap og samanheng i utdanningssektoren. Programmet var ei vidareføring av LIS, MOLIS og LEVIS (Leiing i vidaregåande skole), og bygde på erfaringane frå desse programma. Rogaland, Hordaland og Møre og Romsdal samarbeidde om planlegginga, og det blei sett ned ei samarbeidsgruppe i Møre og Romsdal der Statens utdanningskontor, fylkesskolesjefen, KS og høgskolane var representerte. Denne gruppa skulle samordne leiaropplæringa med det som fanst av tiltak i kommunane og fylkeskommunen.

Kvart fylke utvikla ein eigen plan innan retningslinene i rammeplanen frå departementet. Det nye programmet kom i gang hausten 1993 i vårt fylke. Jf. *SUMR Langsiktig plan for leiingsutvikling i Møre og Romsdal 1993-1997*. Dette opplegget bestod av to hovuddelar:

- **Juniorprogram** som var kurs for nyttilsette leiarar og rekrutteringskurs med deltakarar frå begge skoleslag. Dessutan var det ei skoloring av erfarne leiarar som kunne vere rettleiarar for nyttilsette (seniorettleiarar). Formålet med grunnleggjande opplæring av nyttilsette leiarar var å gi brei kunnskapsbasis og trening i leiarferdigheiter under rettleiing. Formålet med rekrutteringsopplegget var å skaffe best mulege søkjarar og fleire kvinner til leiarstillingar.

Eksempelvis blei det i skoleåra 1994-96 gjennomført tre juniorkurs på 12 dagar med i alt 95 deltakarar, der halvparten var kvinner og 1/3 av deltakarane var frå vidaregåande opplæring. Seniorrettleiarkurset på 8 dagar hadde 28 deltakarar der 10 var frå vidaregåande skole og 13 var kvinner. Dessutan blei det dei same åra gjennomført to rekrutteringskurs over 5 dagar med 83 deltakarar, der 57 var kvinner og 20 var frå vidaregåande skole. Det var gode erfaringar med kurs på tvers av skoleslag, jf. evalueringsrapport nr 5/96 frå Møreforsking, Volda.

- **Seniorprogrammet** var for dei kommunale leiarane som i tråd med strategien i LIS skulle vidareføre innhaldet til skolenivået. Formålet med denne kontinuerlege opplæringa var å sørge for vedvarande fagleg oppdatering og ferdigheitstrening.

Nettverksstrukturen i fylket heldt fram med litt justering, men nettverk for vidaregåande skolar var kome i tillegg, slik at det no blei 15 nettverk i alt, 11 i grunnskolen og 4 i vidaregåande opplæring. Talet på deltakarar på kommunenivået var årleg på om lag 100, medan det var over 400 på skolenivået. Om lag ¼ av deltakarane på begge nivåa var kvinner. Det årlege omfanget av denne opplæringa var på 3 kursdagar + 1 dag med nettverksarbeid før og etter samlinga, i alt 5 dagar.

Det blei gjennomført eit hovudtema i kvart skoleår:

- 1993-94. Kvalitetsutvikling og skolevurdering
- 1994-95. Arbeidsgjevarrolla. Etikk i leiarrolla.
- 1995-96. Skolepolitikk og læreplanane. Rettleiing.
- Andre tema var teamarbeid, planlegging, rekruttering, den tenkande skolen

Det viste seg at det var svært få av kommunane i fylket som hadde eigne planar for leiarutvikling som omfatta alle sektorane i kommunen, men i den grad kommunane hadde slike tverrsektorielle tiltak blei skoleetaten likevel med i LUIS-tiltaka. I gjennomføring av juniorprogrammet for nyttilsette leiarar var Høgskulen i Volda ein nær fagleg samarbeidspart.

Rekrutteringsprogrammet og seniorprogrammet blei gjennomført av Statens utdanningskontor i godt samarbeid med kommunane og fylkeskommunen. Det blei mellom anna utvikla ein god del kursmateriell.

### 5.3.5 Skoleleiing mot år 2000

I rundskriv F-24/96 kom departementet med nye signal om innhaldet i vidare arbeid med leiingsutvikling i ei eiga brosjyre: *Skuleleiing mot år 2000. Kompetansemål for pedagogisk leiing i skulen innafor LUIS-programmet*. Arbeidet med leiingsutvikling skulle halde fram på grunn av store utfordringar i samband med skolereformene og ny kommunelov. Departementet la opp til at det skulle etablerast ei klar ansvarsdeling mellom stat og kommune når det gjaldt leiaropplæring.

I 1997 etablerte Statens utdanningskontor ei samarbeidsgruppe for å sjå på dei ulike instansane sitt arbeid med leiarutvikling. Gruppen hadde representantar frå: Fylkesmannen, utdanningsavdelinga i fylkeskommunen, Kommunenes Sentralforbund,



kommunane, lærarorganisasjonane, høgskolane. Gruppa kartla kva for tiltak som var planlagt, og behov for tiltak framover i høve til leiargruppa i kommunane. I samarbeid med Høgskulen i Volda vart det utforma ein søknad til departementet på grunnlag av utlysing av midlar til utvikling av knutepunktfunksjon for leiarutvikling.

Tiltak retta mot leiarane i grunnskolen blei no lagt inn i kompetanseplanane for grunnskolereforma (L97). I 1997 blei det arbeid med utfordringane knytt til organisering av skolen etter intensjonane i den nye læreplanen, og søkelyset vart spesielt retta mot skolebasert vurdering og elevvurdering. I tilknytning til reforma måtte kommunane utvikle kompetanseutviklingsplanar, noko utdanningskontoret følgde opp i si vurdering/ godkjenning av planane. Hausten 1997 arrangerte Statens utdanningskontor studietur til England og Skottland for ca 40 leiarar i grunnskole og vidaregåande skole. Temaet var arbeid med skolevurdering.

I perioden frå 1996 til 2000 prøvde ein å oppretthalde same nettverkssamarbeidet mellom kommunane som i LIS og LUIS-programma. Dette fordi mange av kommunane var for små til å organisere egne tiltak. I tildelingsbrev del I, fastsatt 12.10.99, fastla departementet *Oppgaver for statens utdanningskontor*. Der går det fram at utdanningskontora skal spele ein aktiv rolle i arbeidet med kompetanseheving ved m.a. å legge til rette for gjennomføring i samarbeid med kommunane, fylkeskommunen og andre skoleeigarar. jf s. 11. Vidare er oppfølging av skoleeigarane viktig gjennom informasjon, middeltildeling, koordinering og støtte av samarbeid, innhenting av rapportar m.v.

### **5.3.6 Kombinasjonsprogrammet LUIS / SAMTAK**

I St. meld. nr. 23 (1997-98) blei det lagt opp til eit kompetanseutviklingsprogram både for skoleleiarane og PP-tenesta, slik at ein fekk eit meir målretta og systematisk arbeid når det gjaldt tilrettelegging for elevar med særlege behov (Samtak 2000-2002). I Møre og Romsdal starta planlegginga av organiseringsmåte og innhald av det nye programmet i 1999. Vi fann at det var viktig å bygge på/revitalisere LUIS-nettverka. Dette var ein struktur som hadde fungert godt i gjennomføring både av leiarutvikling og i gjennomføring av reformer. Fokus kunne no samtidig rettast mot innføring av Opplæringslova og på Differensieringsprogrammet i vidaregåande opplæring.

Det har gjennom ei rekke år vore ein strategi i vårt fylke å sjå kompetanseutvikling og utviklingsarbeid i samanheng. Saman med dette har det også vore viktig å sjå satsingsområde som sentralplanet kjem med i samanheng, slik at det ikkje blei for mange ulike område å arbeide med for små administrasjonar i kommunar og på skolar. Dette har vore viktig også for å utnytte både økonomi og personalressursar på ein god måte. Vidare har det vore viktig å få til kontinuitet i organiseringsformene for gjennomføring. Påbygging av ny kompetanse hos dei som alt sit med eit godt grunnlag har vore strategien.

På fylkesnivå blei det gjennomført to parallelle løp:

- Samtak – systemløp for skoleleiarar på kommune/fylkeskommunenivå, saman med leiarane i PPT, tok utgangspunkt i temaplan om systemarbeid ut frå leiarperspektiv.

- Samtak – særløp for PPT tok utgangspunkt i temaplanar for 3 vanskeområde og temaplan for systemretta arbeid.

Organiseringa av det faglege arbeidet var i 14 regionale nettverk (10 i grunnskolen og 4 i vidaregåande opplæring). Vidareføring til skolenivå har skjedd i 70 underliggende nettverk for skoleleiarar og PPT.

Statens utdanningskontor har stått sentralt i gjennomføringa i forhold til kommune-nivået, men Plan og gjennomføringsgruppa med ein representant frå kvart av dei 14 nettverka har vore krumtappen i vidareføringa på både kommunenivå og skolenivå. Det har vore viktig med til dels dei same fagpersonane både i LIS-, LUIS-, og LUIS/SAMTAK-perioden. Desse vidareførarane har bygd seg opp ein vesentleg kompetanse gjennom år, og vore til uvurderleg støtte i gjennomføring av programma. I Samtak-programmet har fagteamet, som blei etablert for å legge til rette det faglege innhaldet, på tilsvarande måte utført eit flott arbeid, og på same tid bygd opp eigen kompetanse. Ole Arne Opstad hadde hovudansvar for dette programmet i samarbeid med fleire på kontoret som Anna Huse Sanness og Liv Marie Opstad. I LUIS-delen var Alv Walgermo og Frank Sæther sentrale aktørar.

I sluttrapporten for SAMTAK var det drøfting om vegen vidare i samband med skole-utvikling. Det blei peika på at ein vesentleg føresetnad er vidareføring av nettverksarbeid der staten si utdanningsavdeling er ein viktig pådrivar og tilretteleggar. Ein annan viktig føresetnad er at kommunenivået involverer seg og legg planar for å utvikle skolesystemet gjennom leiingsutvikling og satsing på utviklingsarbeid. Det er viktig med ei klar styring og oppfølging frå skoleeigar dersom ein skal oppnå ei positiv langsiktig utvikling. I Møre og Romsdal forlenga vi perioden med skoleleiaropplæringa gjennom den strategien som blei lagt opp. Departementet føresette ved tusenårsskiftet at kommunane skulle overta det meste av dette ansvaret, men i eit grisgrendt fylke som vårt med mange små kommunar er det nødvendig med koordinering for å få alle med. At alle får informasjon og oppfølging er viktig, fordi skolar og kommunar då stimulerer kvarandre til å ta aktiv del i utviklingsarbeid til beste for elevane.

### 5.3.7 Internasjonal kontakt

Det blei i samband med leiarutviklingsprosjekt, rettleiingsteneste og utviklingsarbeid lagt opp til studieturar til utlandet. Vi kan nemne:

- |                                  |   |
|----------------------------------|---|
| • London, Enfield, 1992          | rettleiingstenesta                            |
| • Danmark, Hirtshals, 1993, 1998 | skolesjefar og rettleiingsteneste             |
| • Sverige, Falun/Mora, 1994      | leiarar i grunnskole og vidaregåande skole    |
| • England og Skottland, 1997     | 40 leiarar i grunnskole og vidaregåande skole |
| • Danmark 2001, England 2002     | vaksenopplæringsprosjekt                      |
| • Stockholm 2001                 | skolefaglege ansvarlege                       |
| • Finland 2003                   | skolefaglege ansvarlege                       |

I tillegg var enkeltpersonar frå kontoret på studieturar i USA, England, Nederland, Frankrike, EU i Brussel m.m.

Vi viser elles til det som er sagt under leiaropplæring om kystsamarbeidet. Det førte også til at vi hadde kursleiarar både frå USA og England. Eitt døme på ein slik kontakt var professor Leonard Watson frå Sheffield Hallam University. Elen Lein deltok i eit europeisk forum, European Forum on Educational Administration, EFEA, som m.a. bad Watson gjere ei undersøking om leiing i europeiske skolar. Dette skjedde ved årtusenskiftet, og resultatet låg føre i 2003. Elen Lein har summert opp resultatet, sjå vedlegg til kapittel 5.

## 5.4 Pedagogisk utviklingsarbeid

### 5.4.1 Milepelar

Vi viser til det som er sagt i starten av dette kapitlet om innføring av 9-årig skole. Dette var eit omfattande forsøks- og utviklingsarbeid fram til grunnskoleloven av 1969. Ein annan milepel var at spesialskoleloven blei oppheva i 1975. Vi viser til omtale av utviklingsarbeid på dette området i kapitla om Spesialpedagogiske tiltak og Pedagogisk psykologisk teneste, der det blir vist til fylkesplanar /utviklingsplanar. I samband med innføring av læreplanen M 74 blei det lagt opp til pedagogisk aktivitet i kommunane, noko som mellom anna førte til etablering og styrking av pedagogisk rettleiingsteneste. Vi viser til avsnitt om dette lenger fram i dette kapitlet. Neste milepel var perioden med lokalstyrt utviklingsarbeid på 80-talet som naturleg gjekk over i innføringa av Mønsterplanen av 1987, M87. Så følgde ein forsøksperiode med 6-åringane i skolen som leidde fram til 10-årig grunnskole og Læreplanen av 1997, L97.

### 5.4.2 Forsøk og utvikling på 1970-talet

Av utviklingsprosjekt som var i gang på siste halvdel av 1970-talet kan nemnast:

- *Skolar i samarbeid*. Ein del skolar i Herøy, Ulstein, Hareid og Ørsta var med på dette, leia av Pedagogisk tenestесenter i Volda etter ide frå/Grunnskolerådet/IMTEC.
- *Rettleiingstenesta og planleggingsdagane*. I vårt fylke var Sula, Giske og Ålesund med på dette prosjektet leia av Grunnskolerådet. 1976-80.
- *Forskningsprosjekt om tverretatleg samarbeid for funksjonshemma førskolebarn*. 1977-79. Rapport sjå litteraturliste.
- *Oppbygging og bruk av skolebiblioteket* var eit prosjekt i samarbeid med fylkesbiblioteket. Det blei gitt ut to idehefte nr I og II . 1976-1982.
- *Utvikling og utprøving av miljølæremateriale*, som starta i 1978, var eit prosjekt i regi av Grunnskolerådet og heldt fram som utviklingsprosjekt i meir enn ein tiårsperiode. Lærarar i Volda, Ørsta og Kristiansund deltok i læremiddelutviklingsarbeidet.

### 5.4.3 Lokalt utviklingsarbeid på 1980-talet

#### Midlar til lokalstyrt utviklingsarbeid

Tidleg på 1980-talet kom det nye politiske signal med regjeringsskiftet i 1981. To stortingsmeldingar (nr 76 (1981-82) og nr 79 (1983-84)) handla *Om det pedagogiske utviklingsarbeidet i skolen og forsøksvirksomheten i skoleverket*. Resultatet av desse meldingane var at Stortinget vedtok å leggje ned Forsøksrådet 31.12.1984. Ressursar skulle tilførast skolen til lokalt utviklingsarbeid. Skoledirektøren fekk ved lovendringa i 1975, stortingshandsaming av dei nemnde meldingane, saman med lovendringar i 1986 og 1988, styrka si rolle som rettleiar og kompetanseutviklar. Modellen for forsøksverksemd skulle endrast slik at ein skulle ta utgangspunkt i lokale initiativ frå skolar og kommunar. Skoledirektøren fekk ansvar for å tildele midlar, koordinere og initiere nye tiltak som det var behov for. I 1985 fekk Skoledirektøren i Møre og Romsdal tildelt 237.000 kr som skulle fordelast til lokalstyrt utviklingsarbeid ved skolar. 27 skolar av 45 søkarar fekk innvilga søknad det første året, jf. årsmelding for 1984-85, side 63. Mange av prosjekta dreidde seg om nærmiljø eller lokalkunnskap. I 1986 og 1987 blei det fordelt høvesvis 300.000 og 200.000 kr. Talet på søkjarar auka til 118 skolar i 1987, og det blei små midlar til dei som fekk tildeling. Ein må sjå på dette som stimuleringsmidlar til utvikling. Skolar og kommunar måtte finne ein del ressursar sjølv. Vi viser til oversyn som blei gitt ut t.d. *Forsøks- og utviklingsarbeid i grunnskolen i Møre og Romsdal, 1986-87*.

I tillegg til det lokalstyrte utviklingsarbeidet på 80-talet, deltok kommunar og skolar i desse prosjekta som Forsøksrådet eller Grunnskolerådet stod bak:

- *Skolen i nærmiljøet*. Sjøholt barne- og ungdomsskole deltok med Prestegardsprosjektet. (Forsøksnytt nr 7-8, 1981) Seinare kom Prestemarka skole/Skodje treningssenter med i eit butreningsprosjekt.
- *Alternative samarbeidsformer* der skolane kunne gjere avvik frå lov og regelverk for samarbeidsorgan. Haddal i Ulstein, Sekken i Molde, Sunndal ungdomsskole i Sunndal, Velledalen i Sykkylven og Rausand i Nesset deltok.
- *Alternative styringsformer*. Aureosen skole i Fræna dreiv forsøk med kollektiv leiarform
- *Utdanning og arbeid*. Kolvikbakken, Nørvøy, Skarbøvik og Spjelkavik ungdomsskolar i Ålesund var med i prosjektet med eit nytt yrkesorienteringsopplegg.
- *4-9 årsprosjektet*. Langmyra barnehage og skole deltok i prosjektet som handla om mjuk overgang mellom barnehage og skole.
- *Læremiddel for tilpassa undervisning 1982-85*. Dette var eit prosjekt Grunnskolerådet gav støtte til for å spreie informasjon om dei læremidla som fanst om spesialundervisning. Rapport om spesialpedagogisk utviklingsarbeid, informasjon om læremiddel i Møre og Romsdal. 1985.
- *Planlegging av undervisning for psykotiske og djupt psykisk utviklingshemma personar* ved Ulstein dagheim/skole og PP-kontoret
- *Samarbeid skole - heim*

Ved sidan av dette heldt skoledirektøren sine prosjekt med bibliotek og edruskap fram. Hausten 1982 kom eit prosjekt om *Samarbeid skole - museum* i gang. Det blei gitt ut eit undervisningshjelpemiddel i form av ein perm med opplysningar frå

samtlege museum i fylket. Skoledirektøren tok i 1982 initiativ til å få i gang eit prosjekt på ungdomssteget om *Undervisningsorganisering/elevtilpassa læringsmiljø*. I 1985 deltok 9 ungdomsskolar og 23 barneskolar i dette prosjektet. For fleire av skolane var dette ein lekk i rektorane sitt arbeid med utvikling av arbeidsmiljøet på eigen skole, jf. *Miljø og leiing* tidlegare omtalt i dette kapitlet.

Midt på 80-talet blei fokus sett på *datateknologi i skolen*. I 1983-84 vart det gjort ei kartlegging av databruk i ungdomsskolen i fylket. Halvparten av kommunane opplyste at dei hadde valfagundervisning, og 44 lærarar deltok i halvårseining i EDB. Etter St.meld. nr. 39 (1983-84) inviterte departementet i rundskriv F-35/84 skolar til å delta i forsøks- og utviklingsarbeid på området. 14 skolar søkte i vårt fylke, og Valderøy barneskole blei forsøksskole. Det vart ei ny kartlegging i 1985, jf årsmelding for 1984-85. Arbeidet med data- eller informasjonsteknologi heldt fram gjennom heile 80-talet gjennom litt midlar til lokalstyrt utviklingsarbeid og noko kursverksemd. Frå 1991-93 var 22 skolar i 19 kommunar med på prosjektet *Datakommunikasjon i fagleg og tverrfagleg arbeid*.

I 1986-87 kom eit nytt tilbod om *mediekunnskap i form av Avisene si skoleteneste*. 15 aviser tilknyta Avisforeninga i Møre og Romsdal stod bak stillinga i eit treårig engasjement. Skoledirektøren heldt kontor og skolane fekk gratis kurs materiell og oppfølging av fagleg art.

### **M87 - Etterutdanningstiltak**

I samband med innføring av M 87 kom det nye midlar til etterutdanning. Kommunane i fylket fekk i 1987 overført 1.4 millionar kr til etterutdanning og kursverksemd. Til etterutdanningskurs arrangert av skoledirektøren eller i samarbeid med Volda lærarhøgskule kom 0,5 mill kr i tillegg. Saman med andre prosjekt der leiingsutvikling var på bortimot ein halv million, utgjorde etterutdannings- og utviklingsbudsjettet for fylket nær 2.8 mill. kr, jf. årsmelding for 1987-88. Om lag 80 skolar fekk innvilga søknader om lokale utviklingsprosjekt i 1988 med til saman 375.000 kr. I årsmeldinga står det at *det er breidda meir enn dei nybrottsprega prosjekta som er mest karakteristisk*. Og konklusjonen er at skolane er opptatt av å innføre M87 og knyter prosjekta til dette arbeidet. Etter fleire år med utviklingsarbeid går det no fram at søknadane er betre og at skolane har ein plan for utviklingsarbeidet. Dei fleste søknadene omfattar også størsteparten av lærarane i det enkelte kollegium. Skolekontora har og kome meir aktivt inn i vurdering av prosjekta slik at dei går inn i ein kommunal plan. Som ein lekk i utviklingsarbeidet blei det og gitt ut ein del materiell f. eks: Musikk i grunnskolen, 1988, kurspakke i heimkunnskap m.m.

### **Kommunale handlingsplanar - Skolevurdering**

Forskriftene for grunnskolen av 01.01.90 påla skolestyret og dermed skolane å drive systematisk planlegging. I § 4-1 pkt. 4 heitte det m.a.

- I samband med kommuneplanlegginga og den årlege budsjettbehandlinga skal skolestyret leggje fram plan for skoleverket i kommunen.


Våren 1989 tilbaud skoledirektøren at kommunane kunne få ein samtale om kommunal handlingsplan. Dette var tenkt som oppfølging, tilbakemelding og rettleiing

i samband med planlegging. Det var og ein lekk i leiarutviklingsprosjektet LIS, og ein måte å få innsyn i det utviklingsarbeidet som var i gang. Skolevurdering var no i ferd med å kome på dagsorden. Som ei vidareføring av LIS kom ein våren 1991 i gang med eit stort fireårig *prosjekt om kvalitetsutvikling og skolevurdering*, der kommunane fekk tilbod om å delta med ein skole kvar. 31 skolar/kommunar var med frå starten. Lærarhøgskulen i Volda tok på seg å arrangere kompetansegejevande halvårseining i skolevurdering med 30 deltakarar. Føresetnaden var at desse kunne fungere som rettleiarar på feltet i kommunane.

### Tverrfagleg verdiprosjekt

M87 fremja tverrfagleg arbeid og gjorde at det var naturleg å sette emne som miljøvern/nærmiljø, rusmiddel/ANT, trafikk og tryggleik, familiekunnskap/likestilling/samlivslære, menneskerettar og massemedium inn i ein samanheng. I Møre og Romsdal samla vi desse tema i *eit prosjekt om haldningsskapande arbeid, verdiar og livsstil*. Dette var eit etterutdanningstiltak frå 1990 til 1993 for kommunale rettleiarar innan feltet. Frå sentralt hald var det krav om at det skulle satsast på alle dei nemnde emna. For å skape samling om arbeidet i små kommunar og skolar fann vi det viktig å sette desse inn i ein samanheng som sette verdiarbeidet i fokus.

Figur som viser den tematiske samanhengen:



#### 5.4.4 Nye signal på 1990-talet – Felles læreplan og lovverk for grunnskole og vidaregåande opplæring

I St.meld. nr. 43 (1988-89) *Mer kunnskap til flere* blei forslag om reform av grunnskolen lagt fram. Det ville bli arbeidd med å la 6-åringane begynne i skolen, og med å gjere grunnskolen 10-årig. Då Gudmund Hernes blei statsråd hausten 1990, starta eit omfattande reformarbeid i alle delar av utdanningssektoren. Generell læreplan for grunnskolen, vidaregåande opplæring og vaksenopplæring vart tatt i bruk hausten 1993. Ei rekke stortingsmeldingar og lovproposisjonar følgde ut over 90-talet fram mot Ot.prp. nr 46 (1997-98) *Om forslag til ny opplæringslov for grunnskolen og den vidaregåande opplæring*. Lovforslaget blei vedtatt av Stortinget 9. juni 1998 og med det fekk vi ei samordning av lovverket for ein 13-årig skole.

Reform av vidaregåande opplæring vart gjennomført frå og med hausten 1994. Læreplan for grunnskolen L97 kom hausten 1996 og blei gjort gjeldande frå hausten 1997. Alt dette gav bakgrunnen for arbeidet med utvikling og etterutdanning på 90-talet.

Frå hausten 1992 blei Statens utdanningskontor etablert som statleg ansvarleg for tilsyn og oppfølging av skoleverket i kvart fylke, og skoledirektørembeta blei nedlagt. Kontora fekk eit vidare ansvar i høve til vidaregåande opplæring med oppfølging av fylkeskommunen på line med kommunane sitt skoleverk. Råda for grunnskole og for vidaregåande opplæring på sentralt hald blei lagde ned. Det vises til meir utførleg omtale av dette i kapittel 1.

#### Resultatoppfølging

Statens utdanningskontor fekk eit samordningsansvar på tvers av skoleslag. Kontora skulle ha resultatoppfølgingsmøte med kommunane og kvart år rapportere til departementet gjennom ein tilstandsrapport. Departementet la føringar på kva som særleg skulle vektleggjast i den årlege oppfølginga. Dette innebar m.a. at kontoret spelte ei rolle i forhold til gjennomføring av Reform 94 i vidaregåande opplæring med oppfølging av læreplangjennomføringa og bestilling av etterutdanningsmodular for lærarane i eit vidt spekter av fag. Det var også ei årleg rapportering på om fylkeskommunen hadde eit tilstrekkeleg omfang på tilbodet om vidaregåande opplæring. Elevane hadde no ein lovfesta rett på 3 års vidaregåande opplæring og ev. 2 år ekstra etter enkeltvedtak. Omfangsforskrifta tilsa at fylkeskommunen skulle ha eit omfang på tilbodet til elevar tilsvarande 3,75 årskull. Talet på grunnskurs blei sterkt redusert samtidig som det blei lagt opp til vidaregåande kurs, slik at elevane kunne få ein treårig fagleg progresjon i tilbodet - anten ved tre år i skole eller gjennom to år i skole og to år som lærling i bedrift.

Ved sidan av at læreplanverket blei oppdatert fagleg sett både i allmenn- og yrkesfag, kom det inn i planane eit krav om prosjektarbeid med føresetnad om aktive, ansvarsbevisste elevar og med noko meir vektlegging på læraren si rettleiingsrolle. For elevar som hadde problem med å følgje vanleg progresjon og/eller som stod i fare for å droppe ut av skolen, kom PP-tenesta saman med den nye oppfølgings-tenesta, som fylkeskommunen skulle etablere, til hjelp. Målet var at flest mogleg skulle gjennomføre fullstendig vidaregåande opplæring i løpet av 3, 4 eller ev. 5 år.

For å sikre at elevane fekk den opplæringa dei hadde krav på, foreslo KUF at det skulle innførast ei opplæringsbok for elevane. Dette førte i 1997 til protest frå Lærarforbundet som meinte dette var mistillit til lærarane. Etter vurdering i Stortinget skulle den gjennomførast berre på yrkesfaglege studieretningar som obligatorisk reiskap, og utprøvast på allmennfagleg. Statens utdanningskontor i Møre og Romsdal fekk i oppdrag å vere sekretariat og leie utprøvinga i eit prosjekt på landsbasis. Alv Walgermo hadde ansvaret for dette.

### **Differensieringsprosjekt i vidaregåande skole**

Ved sidan av rapporteringa gjennom tilstandsrapportane, blei det sett i gang forskning på Reform-94. Universitet og høgskolar kunne søke om midlar til dette. Resultat frå denne forskinga i 7 forskingsmiljø låg føre våren 1999, og blei oppsummert i St. meld. 32 (1998-99) *Om vidaregåande skule*. Det blei peikt på ein del svake punkt og fokus framover vart vektlegging på kvalitetsutvikling m.a. gjennom forsøk og utviklingsarbeid med vekt på døme på god praksis. Det blei overført midlar til formålet i vidaregåande skolar over ein treårsperiode frå haust 1999 til vår 2003. Fornyng av innhald, differensieringsformer og arbeidsmåtar var utfordringa.

### **6-åringane inn i skolen. Skolefritidsordning**

St. meld. nr. 40 (1992-93) *..vi smaa, en Alen lange*, la til rette for tilbod til 6-åringar i skolen sin regi og av skolefritidsordningar som innsatsområde. Det var informasjons- og etterutdanningstiltak i gang i fylket for igangsetting av SFO frå våren 1991, og det kom i gang tilbod ved fleire skolar den hausten. Staten gjekk inn med øyremerka tilskot, jf rundskriv F-16/93. Siktemålet var å ha plassar nok til å dekkje det aktuelle behovet ved inntak av alle 6-åringane i skolen i 1997. Tilskotet til SFO gjaldt barn i småskolen og funksjonshemma barn opp til 12 år.

Hausten 1993 hadde om lag 29 % av 6-åringane i fylket pedagogisk tilbod i skolen etter barnehagelova, medan 49 % hadde pedagogisk tilbod i barnehagen. Det betyr at 22 % var utan noko tilbod. Dette utvikla seg slik at 49 % i 1994-95, 59 % i 1995-96 og 63 % i 1996-97 av 6-åringane hadde pedagogisk tilbod i skolen desse åra. Våren 1996 var det berre 4 % av 6-åringane som ikkje hadde noko tilbod korkje i skole eller barnehage. Tilskotet til 6-åringstilbodet følgde barnehagelova fram til innføring av L97 hausten 1997.

I tillegg til tilbodet som 6-åringane fekk i SFO, var dekningsgraden i SFO for 1-3 kl hausten 1993 på ca. 20 % og det steig til 29 % hausten 1996. Denne hausten var det 85 % av 6-åringane som hadde SFO-tilbod. Ved innføring av 10-årig skole var SFO-dekninga i fylket i skoleåret 1997-98 som følgjer:

- 68 % av 1. klassingane (6-åringane)
- 45 % av 2. klassingane
- 38 % av 3. klassingane
- 15 % av 4. klassingane

Dette året starta utdanningskontoret prosjektet *Barn med særlege behov i SFO*. Siktemålet var å gi svar på kva kvalitetar eit tilbod skal ha for at barn med særskilte



behov skal få gode utviklingsvilkår i ei skolefritidsordning. 6 skolar kom med i prosjektet det første året. Vi viser til rapport frå 1998: *Skolefritidsordningar og barn med særlege behov, 6 delprosjekt i kommunane Frei, Kristiansund, Nesset, Molde, Tingvoll og Ålesund.*

Heile 90-talet var det eit omfattande utviklingsarbeid når det gjaldt tilpassa opplæring, inkludering, spesialundervisning og pedagogisk-psykologisk teneste. Her viser vi til omtale i eigne kapittel.

Det var eit stort arbeid med informasjon og etterutdanning for å sikre gode tilbod for 6-åringane og for SFO i småskolen ut over heile 90-talet. Det var ein god del etterutdanningstiltak i 5-10-års pedagogikk, m.a. i form av sommarkonferansar om L97 og den nye småskolen. Statens utdanningskontor samarbeidde med Fylkesmannen v/sosial- og familieavdelinga, Fylkeskommunen v/kulturavdelinga og Høgskulen i Volda om etterutdanninga. Høgskulen i Volda hadde frå 1994 årleg tilbod om vidareutdanning i 5-10-års pedagogikk for lærarar og førskolelærarar. Vidare blei det tildelt utviklingsmidlar både frå Statens utdanningskontor og Fylkesmannen. Eit eksempel på slike utviklingstiltak er at 7 kommunar/fådeltskolar fekk midlar for å prioritere inntak av 6-åringar og skaffe fram erfaring med småskole med 6-åringar i den fådelte skolen.

### **Mobbing i skolen 1994-96**

Dei statlege utdanningskontora fekk midlar til å drive tiltak mot mobbing i skolen. Eit fylkesteam på 18 personar frå grunnskolar, vidaregåande skolar, PPT og Høgskulen i Volda fekk skoloring av Senter for adferdsforskning. Deltakarane i fylkesteamet skulle vidareføre kunnskapen til nøkkelpersonell i kommunane/skolane, og til elevråda i begge skoleslag gjennom elevrådskonferansar. Dei fleste skolane utarbeidde tiltak mot mobbing og/eller trivselsplanar.

I same perioden var Statens utdanningskontor involvert i to tverrfaglege prosjekt i fylket: Barn og helse, leia av Fylkeslegen, og Foreldreveiledning, leia av Fylkesmannen ved sosialavdelinga. Dette var også førebyggingsprosjekt, og det blei halde felles konferansar, med dei tre etatane som arrangør, fleire gonger på 1990-talet.

### **Reform 97. Kompetanseutvikling**

Frå 1995 blei det tildelt kompetanseutviklingsmidlar til kommunane for å førebu reforma i grunnskolen. Kommunane måtte legge plan for etterutdannings- og utviklingstiltak i tråd med den nasjonale planen for kompetanseutvikling innan sommaren 1996. Statens utdanningskontor følgde opp med ein plan for fylket: *Kompetanseutviklingsplan Reform 97, handlingsplan 1996-99.* Denne blei følgd opp med årlege planar, og i tilstandsrapportane frå 1997-98 og fram til 2001 er det grundige oversyn over kva tiltak dei enkelte kommunane har satsa på. Sett for fylket under eitt finn vi at følgjande målgrupper er følgde opp med kompetanseutvikling: leiarar på kommunalt nivå, skoleleiarar, pedagogisk personale og anna personale i skolen, samt at det blei gitt informasjon til foreldre og frivillige organisasjonar i lokalsamfunnet.

Frå 1996 og dei næraste åra var følgjande tema prioritert:

- Temaorganisert opplæring og prosjektarbeid
- Leik og læring
- Hovudstega sin eigenart og fellestrekk
- Læreplananalyse
- Informasjonsteknologi IKT
- Leiing
- Vurdering
- Fagområda: Kristendomskunnskap med religion og livssynsorientering, Kunst og handverk, Norsk, Natur- og miljøfag, Engelsk, Skolens og elevens val, Tilvalsspråk, Matematikk, Heimkunnskap

Dei første statlege midlane til kompetanseutvikling blei lagt inn frå hausten 1996. Det er gode oversyn over bruk av kommunale og statlege midlar i kommunane rekneskapsført til kompetanseutvikling frå og med 1997 i dei nemnde tilstandsrapportane.

**Tabell 5.2:**  
**Kompetanseutviklingsmidlar og -årsverk**

År	Rekneskapsført i million kroner	Fordeling stat kommune i prosent	Årsverk til kompetanseutvikling
1997	11.36	57 % - 43 %	203
1998	10.77	40 % - 60 %	229
1999	15.95	30 % - 70 %	205
2000	20.84	51 % - 49 %	153
2001	19.98	57 % - 43 %	170
2002*	21.21	40 % - 60 %	175

\* Tala for 2002 er plan- og budsjettal medan dei andre åra er rapporterte tal

Årsverk til kompetanseutvikling inneheld tid brukt til kompetanseutvikling på leiarar i skolen, PP-teneste og lærarar. Gjennomgåande deltok rundt 400 skoleleiarar og 3000-3500 lærarar/førskolelærarar i denne kompetansehevinga med i overkant av 2 kurs kvar, noko som utgjorde 10–12 dagsverk i gjennomsnitt. Særleg i starten av perioden var det noko forskjell på satsinga i kommunane, men det jamna seg ut ein del etter kvart.

### **Pilotprosjekt i datateknologi**

Korleis kommunane og fylkeskommunen la til rette for bruk av IKT i skolen blei særskilt følgt opp i denne perioden når det gjaldt planar for investering, bruk av internett osv. Fylket blei og plukka ut til å delta i eit *Pilotprosjekt* der grunnskolar og vidaregåande skolar skulle utvikle gode undervisningsopplegg for bruk av IKT. Her var Høgskulen i Volda involvert i oppfølginga. Det var lagt opp til eit samvirke mellom grunnskole og vidaregåande skole i dei kommunane som deltok: Molde, Haram, Giske. Dessutan var dei respektive kommunane og fylkeskommunen med i prosjektet. Frank Sæther og Ivar Rød var sentrale medarbeidarar.

## **Kulturdimensjonen i skolen - styrking**

I samband med L97 blei det sterkare fokus på kulturdimensjonen i skolen. Kulturdepartementet og Kyrkje- utdannings- og forskingsdepartementet gav i 1995 ut *Broen og den blå hesten*. Elen Lein var med i dette arbeidet, noko som mellom anna førte til at Møre og Romsdal var tidleg ute. Fylket fekk til eit samarbeid mellom Kulturavdelinga i fylkeskommunen og Statens utdanningskontor. Dette førte til etablering av prosjektet *Kulturnista*, som innebar eit tilbod om profesjonell kunst til elevane ut over det som i om lag tretti år hadde vore avgrensa til musikktilbod frå Rikskonsertane. 8 kommunar deltok frå starten, men frå hausten 2000 deltok alle kommunane. Det blei stimulert til eit samarbeid i kommunane mellom skole- og kulturetat, grunnskole, musikk- og kulturskole, barnehage og anna kommunal kulturverksemd, og kunst og kulturinstitusjonar i fylket stilte opp med profesjonelle tilbod. Som ei vidareføring av prosjektet *Positivt skolemiljø* i regi av Norsk Musikk-skoleråd etablerte Møre og Romsdal også eit *Kulturlaug* som bestod av kunstnarar og fagfolk innan musikk, dans, drama, bilete, dokketeater og animasjon. Kulturlauget bidro i etterutdanningssamanheng både til å utvikle kulturskolen og grunnskolen m.a. gjennom sommarskole der også Høgskolen i Volda var med. I dag er alt dette ein del av *Kultursekken i Møre og Romsdal*, jf *Den kulturelle skolesekken på landsplan*. Liv Marie Opstad var aktiv medarbeidar på desse områda.

## **Skolemekling 1999-2001**

Som ein lekk i ei nasjonal satsing blei det sett i gang skolering av 12 regionale kontaktpersonar for skolemekling i Møre og Romsdal. Desse kontakt/ressurspersonane kom frå PP-kontora og frå konfliktråda i tre område: Ålesund, Molde og Sunndal. Utvalde elevar ved 14 grunnskolar i 7 kommunar fekk saman med meklingskoordinator ved kvar skole opplæring i metoden av ressurspersonane. Etter kvart deltok 33 grunnskolar i 7 kommunar, og 7 vidaregåande skolar i prosjektet.

## **5.4.5 Kvalitetsfokus frå år 2000**

### **Kvalitetsutviklingsprosjektet**

Frå år 2000 blei det i tillegg til kompetanseutviklingsmidlar lagt inn midlar til forsøks og utviklingsarbeid. Jf rundskriv F-4088 *Kvalitetsutvikling i grunnskolen*. Utvikling på ungdomssteget var særleg høgt prioritert. Det var sett av 1.8 mill kr til fylket i tildelinga frå KUF. 132 søknader med søknadssum på 3 mill kr kom inn frå 100 skolar i 37 av kommunane. I år 2001 auka søknadstalet til 190 frå alle dei 38 kommunane. I år 2000 fekk 107 søknader tildelt midlar og 63 søknader nådde opp i 2001. Frå Statens utdanningskontor vart det i desse åra lagt opp til nettverkssamlingar for ungdomssteget regionvis 4 stader i fylket for å få til erfaringsutveksling. Vidaregåande skolar var og involvert i dette. Leiarutviklingsprosjektet LUIS/SAMTAK var viktig i denne samanheng. Vi viser til tilstandsrapportane for år 2000 og 2001. Under *Differensieringsprosjektet i vidaregåande skolar* blei det i perioden 2000-2003 satsa på oppfølging av erfaringane frå evalueringa av R94. Dette var i hovudsak eit arbeid med fornying av innhaldet i skolen med mange skolar med i tiltaket.

Utviklingsarbeid i samband med målsettinga om ein inkluderande skole i læreplanane på 90-talet var viktig. M 87 fokuserte på tilpassa opplæring, og det var på heile 90-talet eit omfattande arbeid for å betre tilbodet for elevar med særskilte behov. I denne samanheng viser vi til kapitla om PP-teneste og spesialundervisning når det gjeld etterutdanning og utviklingsarbeid.

### **Verdiar i skolekvardagen 2002- 2004**

På bakgrunn av regjeringa sitt ønske om å styrke verdiformidling og verdimedvit i skolen, tok Statens utdanningskontor initiativet til eit verdiprojekt i fylket. I ei fylkesgruppe for prosjektet deltok representantar for grunnskole (elev, lærar, foreldre), vidaregåande skole (elev, lærar), frå kommune og fylkeskommune, KS, Utdanningsforbundet, Høgskulen i Volda, Midt-Norsk kompetansesenter for rusfaget i Ålesund og stiftinga "Betre føre var" i Kristiansund. Prosjektet si hovedmålgruppe var barn og unge, og 13 grunnskolar melde seg til prosjektet. Men prosjektet skulle også rette seg mot vaksengruppa som: foreldre, lærarar, skoleleiarar, kommunepolitikarar, skolehelsetenesta, PP-tenesta og andre. Fylkesplan for prosjektet og rapport ligg føre, sjå litteraturliste.

### **Forsøk med avvik frå opplæringslova § 1.4**

I år 2001 var det eksempelvis 20 prosjekt med satsing på ungdomssteget, 20 prosjekt med IKT og 23 prosjekt med SAMTAK. Frå år 2000 blei det også lagt opp til at skolane kunne søke om forsøk med avvik frå opplæringslova § 1.4, eller frå sentral tariffavtale, eller frå arbeidstidsordninga i avtaleverket. Kommunar kunne og søke om friare ressursdisponering innan kommunen. Departementet godkjende i alt 40 forsøk i vårt fylke etter desse avvika. Det var såleis eit stort tal på skolar som deltok i forsøks- og utviklingsarbeid i desse åra frå 1996-2002. Erfaringane frå desse forsøka danna grunnlag for ny arbeidstidsavtale frå 1. mai 2004. Ansvar for forhandlingar blei på same tidspunkt av Bondevik II-regjeringa med Klemet som statsråd overført frå staten til kommunane. Eit ansvar som sidan 50-talet hadde vore statleg. I 1948 foreslo Statens lønnskomite at det burde innførast ein landstariff for lærarar. Dette blei gjennomført gradvis utover 1950-talet og fullt ut for lærarar i grunnskolen i 1958 og for den høgre ålmennskolen frå 1960.

### **Kvalitetsutval**

Evalueringa av R-94 og internasjonale rapportar som t.d. PISA 2000 førte til at fokus på kvalitet i skolen stadig blei sterkare, noko som m.a. førte til at statsråd Trond Giske hausten 2001 nedsette *Kvalitetsutvalget* som kom med innstilling under Kristin Klemet sin periode som statsråd. Giske hadde også teke initiativet til eit nettbasert elevvurderingssystem - *Elevinspektørane*. Elevane skulle sjølve på nettet gjennom utfylling av skjema gi uttrykk for si vurdering av skolen. Dette blei så summert opp sentralt. Kvalitetsutvalet skulle kome med eit kvalitetsvurderingssystem som skulle omfatte alle nivå i skolen frå lokal- til sentralnivå.

## Bonus- og demonstrasjonsskolar

Før og etter årtusenskiftet var det ein desentraliseringsprosess på gang gjennom at lovverket gav større fridom og ansvar til lokalplanet, dvs kommune og skole. Samtidig skulle skolane i større grad få leggje opp til innhaldet i utviklingsprosjekta sine. Gjennom eit prosjekt med *bonussskolar og demonstrasjonsskolar*, som fekk midlar for å utvikle godt arbeid i skolen, blei fokus retta mot praksis i skolekvardagen. Det blei også meir fokus på forskning på klasseromspraksis. Samtidig (2002) kom Kvalitetsutvalget med den første innstillinga *Førsteklasse frå første klasse* der hovudstikkorda var: resultatkvalitet, prosesskvalitet og strukturkvalitet.

## Tilsyn for å vurdere kvalitet

På same tid som ansvar for struktur og innhald blei meir desentralisert, gjekk diskusjonen om korleis denne fridomen skulle følgjast opp for å sjekke kvaliteten i skolen. I denne samanheng var eitt viktig tema resultatmåling og offentleggjering av resultat skole- og kommunevis og på fylke og landsplan. Nasjonale prøver var under utvikling. Det blei gjennomført eit prosjekt med ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid for å styrke skolane og kommunane si vurdering av eige arbeid. Tilsynet frå staten med at kommunane gjennomførte krava i lovverket blei meir formalisert i retning av utsjekking av at kommunane hadde internkontroll med skolane, med formelle krav rundt spesialundervisning m.v. Drøfting på kommune- og skoleplan om arbeidsformer og innhald vart skjøve meir i bakgrunnen. Merknader og pålegg i forhold til lov og regelverk blei meir sentralt. Mange av kommunane hadde frå slutten av 90-talet redusert skoleadministrasjonen fagleg sett gjennom innføring av eit tonivåsystem som delegerte meir ansvar til skolenivå. På denne måten blei oppfølginga av skolen frå kommunen si side mange stader nedprioritert i høve til tidlegare. Vi viser til kap 1 for nærare drøfting av dette.

## 5.5 Oppsummering og eigne refleksjonar

Når ein skal sjå på eit tverrsnitt av utviklinga av skolen i Møre og Romsdal over ein 50 års periode, ser ein at den første tjuetårsperioden er prega av innføringa av 9-årig skole: Frå oppstarten i Sykkylven og Ørsta i 1955 til siste frist for gjennomføring av 9 klasse, dvs avgangsklasse, våren 1975. Førebuinga til innføring av ungdomssteg tok lang tid i mange kommunar av fleire grunnar. Det blei ei omstrukturering av barne-skolen med meir sentralisering mange stader. Mange kommunar utsette innføringa fordi dei ønskte ein meir desentralisert struktur på ungdomsstegget enn kravet om 3 parallellars ungdomssteg ville føre til. Etter kvart som forsøksfasen skreid fram, blei det høve til å prøve ut ordningar med mindre skolar. Kommuneendringa i 1965 som førte til nesten halvering av kommunetalet, hadde og innverknad på planlegginga. Vanskar med finansiering av ungdomsskolebygg spela og ein viss rolle, saman med at det var rimeleg god dekning av realskolar i fylket.

Utbygginga av 9-årig skole førte etter kvart på 60- og 70-talet til auka søking og rekruttering til gymnas og yrkesskolar, noko som førte til press på utbygging og

dermed ein aktiv planleggingsperiode av vidaregåande skolar rundt 1970. Ut over på 70- og 80-talet gjennomførde fylkeskommunen ei utbygging av tilbodet om vidaregåande opplæring med m.a. fleire kombinerte vidaregåande skolar i område som ikkje hadde hatt slikt tilbod.

Neste fase er prega av fokus på innhaldet i skolen. Mønsterplanen av 1971 og 1974 gav nye retningslinjer både for innhald og arbeidsformer. For å følgje opp dette blei det ei utvikling av pedagogisk rettleiingsteneste på 70-talet. Ei av dei 38 vekene i skoleåret skulle nyttast til etterutdanning og planlegging. At alle elevar skulle ha rett til 9-årig tilbod, førte også til vidare utbygging av PP-teneste for å gi råd om undervisning til elevar med behov for spesialundervisning. Perioden er prega av etterutdanning og vidareutdanning for lærarane både fagleg, pedagogisk og spesialpedagogisk. Med mange små kommunar var det viktig med interkommunalt samarbeid for å få fram slike tiltak. Det vaks etter kvart fram gode interkommunale samarbeidsstrukturar om pedagogisk rettleiingsteneste og pedagogisk-psykologisk teneste.

I vidaregåande opplæring ser vi same tendensen. Lov om vidaregåande opplæring som vart sett i kraft frå 1. januar 1976, saman med at nye læreplanar kom til, gjorde at både struktur og innhald kom i fokus. Oppbygging av ein ny skolestruktur med mange nye tilbod, m.a. av nye kurs på 2. og 3. års nivå i dei yrkesfaglege studieretningane saman med nye læreplanar, gjorde at både 70- og 80- talet blei ein viktig utviklingsperiode i vidaregåande opplæring. PP-tenesta måtte utvidast for å yte rådgiving når ein større del av årskullet med 16-19-åringar skulle få eit godt og tilpassa tilbod. Spesialundervisning på ulike måtar var under utprøving.

På 80-talet blir lokalt utviklingsarbeid eit viktig politisk slagord etter vedtak om nedlegging av Forsøksrådet for skoleverket. Fasen blir prega av det synet at skoleleiarane er viktige viss det skal bli noko driv over endringsarbeidet. Leiaropplæring blir ein framtrødande strategi både på 80- og 90-talet. Utviklingsarbeidet har som siktemål både god organisering av skolen sin kvardag og fornying av innhaldet i skolen. Begge desse utviklingsmåla har utgangspunkt i revisjon av læreplanar i 1987, 1994 og 1997: M87, R94, L97. Dei strukturelle rammene med lov og regelverk som m.a. gav nokså faste klasseordningsreglar med rimeleg stabile økonomiske rammer, var eit viktig utgangspunkt for langsiktig arbeid. I denne fasen var og sektororganiseringa i kommunen med skolesjefen som ein pådrivar til utvikling ein sentral faktor.

Mot år 2000 blei det lagt opp til større fridom for kommunane i lov- og regelverket. På same tid blei dei økonomiske rammene opplevd som strammare i mange kommunar og skolar. Stimulans til utviklingsarbeid heldt fram frå nasjonalt plan. Det blei no ei dreining på oppfølgingsarbeidet som Statens Utdanningskontor skulle gjennomføre, frå stimulering av utviklingsarbeid til systemoppfølging av om lov- og regelverk var følgt av kommunar og skolar. Etter år 2000 blei leiaropplæring dessverre noko lågare prioritert frå sentralt hald.

Det har gjennom desse 50 åra vore ein vekselverknad mellom samfunnsutvikling og skoleutvikling. Samfunnsoppbygginga etter krigen kravde høgare kompetanse på mange felt. Skolen måtte utbetrast, og høgare kompetanse gav etter kvart skapartrøng som førte til næringsutvikling på mange felt. Noko som igjen fordra meir utdanning og

ny kompetanse. Utdanningsnivået i folket har auka vesentleg i desse 50 åra. På 1950-talet var det eit fåtal som fekk opplæring ut over 7-årig folkeskole. I 1955 var det 8 % som tok eksamen artium. I dag gjennomfører eit fleirtal av årskullet vidaregåande opplæring. I 2004 hadde 94 % av aldersgruppa frå 25-34 år fullført utdanning på vidaregåande skole sitt nivå. Dette betyr igjen at vi i dag har ei foreldregruppe som stiller andre krav til skolen enn for 20-30 år sidan.

Kva er så best når det gjeld å stimulere skolane til ei god utvikling? Ut frå eigen bakgrunn med ansvar for å stimulere til utviklingsarbeid sidan 1969, då eg byrja som konsulent i Forsøksrådet for skoleverket og seinare som skoledirektør og utdanningsdirektør, er det naturleg å reflektere over dette. Vi ser at tiltaka må variere noko med kva utviklingsfase skolen er i, og vi ser variasjon: frå pålegg gjennom lov- og regelverk t.d. når det gjeld strukturelle endringar, til større fridom innanfor læreplanane i andre periodar. Personleg har eg opplevd at strategien med stimulering til utvikling gjennom tiltak som leiaropplæring og etterutdanning har større effekt enn tilsyn gjennom kontrollerande oppfølgingstiltak. Dialog og tillit mellom statleg administrasjon og kommunenivå har etter mi meining større effekt enn kontroll og pålegg. Med føresetnad om god kompetanse i dialogen, både på statleg side og i kommunane, er dette eit godt utgangspunkt for gjensidig idedugnad med nyskapande utvikling som eit resultat. Og det er viktig at det fungerer på same måte mellom kommune- og skolenivå.

# Litteraturlistingar

---

Dette oversynet inneheld stoff som er produsert i Møre og Romsdal.

Skoledirektøren i  
Møre og Romsdal:

